



Samnanger kommune



Årsmelding 2011

Samnanger

der du vil leva og bu

Hovudmål i kommuneplanen

- 💧 Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane
- 💧 I Samnanger skal det finnast attraktive og varierte bustadtilbod
- 💧 Samnanger kommune skal vera ein aktiv samarbeidspart med næringslivet for å styrkja eksisterande verksemder og for å få etablert nye arbeidsplassar
- 💧 Samnanger kommune sin innsats innan infrastruktur skal gje eit godt, trygt og framtidsretta tilbod
- 💧 Samnanger kommune skal vera ein funksjonell og handlekraftig organisasjon
- 💧 Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjent

Innholdsoversikt

	Side
Politisk styring og aktivitet	3
Utvikling i folketallet	6
Administrativ organisering	8
Generelle merknader til kommunerekneskapen drift	9
Investeringsrekneskapen	18
Samnanger samanlikna med andre – KOSTRA- statistikk	21
Personalstatistikk	25
Kommentarar til dei einskilde tenesteområda	28
Sentrale styringsorgan og fellesutgifter	29
Næring	31
Kyrkja	34
Pleie og omsorg	35
Sosial og helse	40
Teknisk eining	44
Barn og unge	50
Skule	51
Barnehage	60
Kultur	62

Politisk styring og aktivitet



I 2011 var det val til kommunestyret, og med det vart det skifte på medlemmane i kommunestyret og i dei ulike utvala. Det nye kommunestyret konstituerte seg 20.10.11. Personal- og økonomiutvalet skifta namn til formannskapet, og det vart utvida frå 5 til 7 medlemmer. Tal medlemmer i utval for oppvekst og omsorg vart redusert frå 7 til 5. Både ordførar Marit Aase Aksnes (Krf) og varaordførar Brigte Olav Gåsdal (Ap) vart attvalde.



Det nyvalde kommunestyret

Parti/gruppe	Tal medlemmer	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet	6	Brigte Olav Gåsdal
Kristeleg folkeparti	4	Sigmund Dyrhovden
Bygdalista	3	Øyvind Strømmen
Senterpartiet	2	Øyvind Røen
Framstegspartiet	4	Gunnar Bruvik
Høgre	2	Eva Hellevang

Fordeling av leiarverv og nestleiarverv i utval, råd og nemnder

Utval / råd	Leiar	Nestleiar
Formannskapet	Marit A. Aase, Krf	Bright Olav Gåsdal Ap
Naturutvalet	Øyvind Strømmen B	
Utvalet for oppvekst og omsorg	Eva Hellevang H	Liv Berit Kvernes Befring Ap
Kontrollutvalet	Jens Harald Abotnes Krf	Hans Solberg Sp
Eldrerådet	Bright Olav Gåsdal	
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	Gunnar Utskot	
Viltnemnda	Jon Magne Bogevik	

Politisk arbeid

I kommuneplanen er to av delmåla knytta opp mot politisk aktivitet.

ei funksjonell politisk organisering

I samband med val til kommunestyre var det ei vurdering om dagens måte å organisera den politiske verksemda på var funksjonell og føremålstenleg. Det vart ikkje trekt anna slutning enn at ein skulle halda fram med same tal representantar i kommunestyret som tidlegare og at formannskapet skulle utvidast til 7 representantar. Føremålet med det var primært at alle parti/grupperingar ville då vera representert i formannskapet. Ut frå prinsippet om at det var dei faste kommunestyrerepresentantane som skulle sitja i utvala, førte det til at utval for oppvekst og omsorg var redusert med to til 5. Ut over dette er det gitt opning for at gjeldande politisk organisering skal sjåast på i løpet av perioden.

eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar

Som ledd i arbeidet med å evaluera felles legevakt med Os vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant brukarane. Dette var ein vesentleg del av beslutningsgrunnlaget til politikarane. Gjennom valkampen kom sjølvsagt politikarane i dialog med innbyggjarane i. I tillegg var det fleire folkemøte knytt til BKK sin konsesjonssøknad for Samnangervassdraget.



Tilhøyrarar då kommunestyret handsama konsesjonssak

Aktiviteten i utvala

Som vedlegg til meldinga ligg ein oversikt over kva saker dei ulike utvala har handsama i 2011. I tillegg til dei som er lista opp, har det i utvala og vore uformelle diskusjonar om aktuelle tema .

Oversikt over aktiviteten til dei faste utvala og kommunestyret i 2007 - 2010

Utval	2011		2010		2009		2008		2007	
	Møte	Saker								
Kommunestyret	8	76	7	66	6	63	6	44	8	79
Natur	9	81	6	64	6	54	7	65	8	71
Oppvekst og omsorg	6	26	6	26	6	27	6	25	6	22
Personal/økonomi/ formannskap	9	61	7	60	12	76	14	64	11	22
Administrasjonsutval	3	10	4	12	4	11	10	18	4	2

Kommunestyret

I år med kommunestyreval er det vanleg med fleire møte og sjølvstøtt fleire saker sidan det skal veljast personar til ei rekke verv. Også i 2011 var det fleire saker knytt til kraftutbygging. Det vart gitt uttale til BKK sin konsesjonssøknad for Samnangervassdraget og til North Connect si oppstartmelding om planar for ilandføring av kabel mellom England og Noreg. Planprogram for småkraftplan i Samnanger vart vedteken. Skuleskyss for barn som bur mindre enn 2/4 km frå skulen vart ei vanskeleg sak for politikarane. Kostnaden vart vesentleg høgare enn forventa første gangen dei fatta vedtak i denne saka. Ei anna sak som m.a. kom opp som fylgje av auka kostnad var drift av førstehjelpsbilen.

Naturutvalet

I tillegg til arbeidet med ordinære saker som byggje-, delings- og dispensasjonssaker, har utvalet arbeid med områdeplan for Bjørkheim, kystsonen og planprogram for småkraftplan. Særleg krevjande var arbeidet med kystsonen med mange innspel og motsegner. I det heile har utvalet ofte problematiske saker knytt til arealdisponering i strandsona.

Utvalet for oppvekst og omsorg

OO-utvalet er oppnemnde til å vera styringsgruppe både for utbygginga ved barneskulen og ved sjukeheimen og for plan for folkehelse. Utvalet har vesentleg færre formelle saker enn dei andre utvala, men dei har ofte drøftingar knytt til prinsipielle spørsmål innan fagområda skule, pleie- og omsorg, sosial / helse og kultur. Av denne type saker kan nemnast plan mot mobbing, tenestetilbodet i pleie og omsorg og strategiplan for skulane.

Personal- og økonomiutvalet/formannskapet

Arbeidet med økonomiplan var krevjande ikkje minst sidan kommunen har sett i gang store utbyggingstiltak som er lånefinansiert. Det har og vore utfordrande å handtera drifta i 2011 då me fekk uventa store utgifter innan pleie og omsorg. Det vart og bestemt (og gjennomført) at politikarane i Samnanger skal vera ”digitale”.

Administrasjonsutvalet - det partssamansette utvalet (medlemmene i formannskapet saman med representantar for dei tilsette) drøfta i 2011 fleire sentrale problemstillingar som personalpolitiske retningslinjer og etikk.

Ungdomsrådet

I Ungdomsrådet sit det no ungdomar som er valde mellom ungdomsskuleelevane i tillegg til ungdomar som har gått ut frå ungdomsskulen. Ungdomsrådet har i 2011 hatt få møte. Skal rådet få den plassen det fortener må det lagast betre rutinar og dei må sikrast betre oppfølging i kommuneorganisasjonen både politisk og administrativt.


Det siste merknaden gjeld også for rådet for personar med nedsett funksjonsevne. Ved nyval ga det sitjande rådet tilbakemelding om at det vart for lite brukt og at dei måtte knytast meir opp mot kommunestyret og sentraladministrasjonen.

Ressursbruk

KOSTRA-statistikken gir oss slik informasjon:

Samnanger ligg lågare enn gruppe 2, men vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. M.a. gjennomføring av kommune- og fylkesvalet bidrar til ein vesentleg auke i utgiftene frå 2010 til 2011. Dette gjeld sjølvstags for alle kommunane.

Brutto driftsutgifter til politisk styring, kontroll og revisjon - kroner pr. innbyggjar



2417

Folketalsutvikling

I løpet av 2011 kunne med notera at me hadde passert 2400 innbyggjar. Det er eit mål for Samnanger kommune å verta fleire innbyggjarar. Frå 2001 har Samnanger hatt ein samla folketalvekst på 3,15 %. Dvs. knapt 0,3 % pr. år. Ser me heile perioden under eitt er dette langt lågare enn både landsgjennomsnittet og snittet for kommunane i Hordaland. Men veksten vår i 2011 ligg over gjennomsnittet.

Som for tidlegare "gode" år er det innvandring som utgjer skilnaden. I 2011 var fødselstalet på det "normale", medan det var relativt sett få døde. Innanlands flyttingar var i balanse, men det kom 15 fleire tilflyttarar frå utlandet enn det flytta ut. Berre eit par av dei kom som flyktingar.

Utvikling i folketalet i Samnanger



Oversikt over utviklinga i folketalet i 2005 – 2011

år	fødde	døde	Innflytting	utflytting	endring	folketal	%-vis endring
11	27	19	109	93	23	2417	0,96
10	24	16	102	91	19	2394	0,80
09	32	34	101	106	-4	2375	-0,16
08	42	23	62	98	-17	2379	-0,71
07	29	22	121	85	43	2396	1,83
06	29	28	99	90	12	2353	0,51
05	22	23	104	85	19	2341	0,82

Det kan koma korrigeringar i etterkant slik at ikkje alle summeringane er korrekte for det einkilde år.


SSB utarbeider prognosar for utviklinga i folketalet. Grunnlaget for framskrivinga er veksten nasjonalt. Dei vurderer desse fire komponentane; fruktbarheit, levealder, innanlands flytting og netto innvandring. I tabellen under har me sett inn to alternative prognoser, den eine middels vekst og den andre er høg vekst med unnatak av kriteria for netto innvandring der den er sett til middels. Avviket mellom desse utgjer i 2040 259 fleire innbyggjarar med høg prognose.

Prognose	2011	2012	2015	2020	2025	2030	2040
MMMM	2394	2400	2443	2507	2568	2603	2598
HHHM	2394	2402	2460	2544	2638	2727	2857


Det er klart at for Samnanger vil lokale tilhøve slå ut. Me veit t.d. at dei åra me har teke mot flyktningar har veksten vår vore vesentleg større enn i andre år. Tilgang på byggjeklare tomter kan vera ein annan forklaringsvariabel gitt høg vekst i eit år. Det som er viktig med denne type prognose er å sjå utviklinga over tid. Samfunnsplanlegging handlar om å vera i stand til å tilretteleggja for utvikling over tid, og slik kan denne type statistikken hjelpa oss med tanke på dimensjonering av tenestene. I underlagsmateriale ligg det mykje detaljert informasjon om tal personar. Me kan få tal heilt ned i eittårsklassar.

I Hordaland er det i hovudsak nabokommunane til Bergen som har vekst over gjennomsnittet. Fleire er forventa å få til dels stor vekst framover. Sjølv om ein i denne prognosen forventar ein mindre vekst enn gjennomsnittet for Samnanger, kan me ha grunn til å tru at denne veksten kan verta høgare enn det som denne prognosen viser. Dersom dette skal skje, må tiltak som generer vekst prioriterast av kommunen.

Folketalsframskriving kommunane i Hordaland



Administrativ organisering.



Det var ikkje endringar i leiinga i Samnanger kommune i 2011, men kultursjefen sa opp stillinga si og slutta i februar 2012. Store delar av staben har lang fartstid i Samnanger, det gir eit godt grunnlag for dei mange vanskelege oppgåvene som skal løysast.

GENERELLE MERKNADER

til kommunerekneskapen og til den økonomiske utviklinga

Også for 2011 kan me leggja fram ein rekneskap med eit positivt resultat. Det er likevel all grunn til å stilla kritiske spørsmål til ressursbruken. Delar av forbruket i 2011 vart betalt med oppsparde midlar – disposisjonsfondet til ressurskrevjande brukar og øyremerkja fond til auka tilskot til privat barnehage.

Samnanger har både større driftsinntekter og driftsutgifter enn dei fleste andre kommunar. Med dei utfordringane me står føre bør det tilseia at det er mogleg og forsvarleg å redusera drifta for å få plass til desse.

Omlegging av økonomisystemet krov mykje av tida til interne tenester. Fokus vart sett på å betala rekningar i tide og få utbetalt løn. Nytt system gjorde det også krevjande for dei budsjettansvarlege å fylgja med på forbruket, og me hadde i store delar av 2011 ikkje godt nok verktøy til å laga gode økonomirapportar

Rekneskapen vert lagt fram med eit mindreforbruk på
kr 2,4 mill

Oppsummert kan me seia at mindreforbruket (overskotet) skuldast:

Mindreforbruk einingane	kr 0,5 mill
Ekstra ordinære inntekter einingane	kr 0,9 mill
Netto rente	kr 0,4 mill
Bruk av premiefond (pensjon)	kr 0,7 mill
Premieavvik	kr 0,2 mill
Konsesjonskraft	kr -0,7 mill
Urealisert gevinst aksjar	kr 0,2 mill

Inntekt frå skatt og rammeoverføring vart i 2011 som i revidert budsjett. Det vart føreteke budsjettendring då det vart klart at fordelinga mellom rammetilskot og skatteinntekt ikkje vart som føreset i opphavleg budsjettet. I tillegg viste prognosane at kommunen kom til å få inn ca kr 1,2 mill. meir enn opphavleg budsjett.

Skatteinngangen er i 2011 kr 1,46 mill. lågare enn i 2010 og rammetilskotet er kr 23,3 mill. høgare. Den store auken i rammetilskotet skuldast først og fremst at det tidlegare øyremerka tilskotet til barnehagar frå 2011 er ein del av rammetilskotet. Auken skuldast og at det frå staten si side er ei tilsikta vridning frå skatt mot ramme. Dette vert oppnådd ved at skatteøret til kommunane vert sett ned og at redusert skatteinntekt vert kompensert med auka rammetilskot.

	Rev.budsjett	Rekneskap	
Skatteinntekter	51 752 000	51 690 516	
Rammetilskot inkl. innt.utjamning	67 979 000	68 046 102	
Samla	119 731 000	119 736 618	5 618

Kommunar med skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert gjennom inntekts-utjamning med 60 %, og kommunar over landsgjennomsnittet får ikkje behalda all skatte-inntekta sjølv. I 2011 låg skatteinngangen vår på 94,9 % av landet og fekk kompensert for dette med kr 0,8 mill. Kommunen enda då på 96,5 % av landsgjennomsnittet. I 2010 var denne prosenten på 96,4 %. Ei anna årsak til den store auken er at fordelingsnøklerane for rammetilskot vart endra for 2011, noko som slo positivt ut for Samnanger.

Einingane sine økonomiske resultat rekna ut frå driftsinntekter og -utgifter

	Revidert budsjett		Rekneskap		Avvik drift	Avvik finans	Sum avvik
	Inntekter	utgifter	Inntekter	utgifter			
Pleie/ omsorg	7 059	53 165	10 353	57 149	-690	-17	-707
Sosial og helse	3 385	18 311	5 228	19 112	1 042	-73	969
Barnehage	2 773	17 160	3 190	17 498	79	0	79
Kultur	1 809	5 840	2 628	5 971	688	-603	85
Barneskule	2 504	19 066	3 072	19 080	554	0	554
Ungdomsskule	650	11 452	785	11 602	-15	-19	-34
Teknisk	12 678	21 932	14 345	23 877	-278	408	130
Stab	839	13 562	1 185	12 864	1 044	-744	300

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr)

Pleie og omsorg. Resultat : meirforbruk kr 707 000. Det vart gjort fleire endringar på budsjettet i løpet av 2011. I april fekk PLO tilført kr 2,6 mill pga at refusjonsordningar for ressurskrevjande brukarar har ei øvre aldersgrense på 67 år. Dette var ikkje kommunen klar over ved budsjettvedtaket i desember 2010. I juni ombudsjetterte PLO frå heimetenesta til funksjonshemma med kr 295 000 pga auka utgifter til avlasting, og eininga fekk i tillegg budsjettet styrka med ytterlegare med kr 75 000.

Ved budsjettkontrollen i september var det klart at det var store avvik på lønn. Avviket skuldast delvis at det var budsjettert med for låge utgifter til vikar og delvis at sjukefråværet for 2011 var høgt. Eininga fekk tilført ytterlegare kr 2 mill, men fekk likevel eit meirforbruk totalt på kr 707 000. Leige av personell og løn med fråtrekk av sjukelønsrefusjon utgjør kr 1,3 mill. Andre driftsutgifter har eit meirforbruk på kr 0,5 mill. PLO har fått kr 1,1 mill meir i refusjonar, tilskot og inntekter enn budsjettert. Sjukeheimen har eit meirforbruk på kr 0,98 mill.

Sosial og helse. Resultat: mindreforbruk kr 969 000. Det positive resultatet er i stor grad knytt til ekstraordinær tilskot til busetting av flyktningar. Det vart i november 2011 sendt ein søknad til IMDI (Integrerings- og mangfoldighetsdirektoratet) for å få dekkja ekstraordinære utgifter kommunen har hatt i samband med busetting av flyktningar i perioden februar 2010 – februar 2012. Med bakgrunn i tilbakemeldingar og tilsegn som er komne, er det bokført eit krav på IMDI på kr 1,3 mill. Sosialkontoret har hatt eit mindreforbruk på kr 490 000 pga lågare sosialhjelpsutbetalingar enn budsjettert. Barnevern har hatt meirutgifter på kr 1 mill og ved flyktningkontoret er resultatet eit mindreforbruk på 1,5 mill som i hovudsak skuldast kravet på IMDI. Helsetunet, inkludert førstehjelpsbil, går i balanse.

Barnehage. Resultat: mindreforbruk kr 79 000. Utgifter kommunen har til kommunale barnehagar vil, med unnatak av styrka tilbod, direkte påverka tilskotet kommunen betalar til private barnehagar. Tilskotet til private barnehagar vart vesentlege større enn budsjettert. Delar av dette er finansiert med bruk av barnehagefond.

Kultureininga. Resultat: mindreforbruk kr 85 000. Kultureininga har i 2011 hatt ansvaret for svært mange prosjekt. Nokre av desse er avslutta i 2011 og nokre er overført til 2012. Totalt sett er kr 750 000 avsett til fond for bruk i 2012. Biblioteket har i 2011 hatt eit meirforbruk på kr 25 000, kulturskulen har gått i balanse og kulturbasert næring og prosjekt har hatt eit mindreforbruk på kr 102 000.

Samnanger barneskule. Resultat: mindreforbruk kr 554 000. Dette skuldast innsparing på løn. Det er ikkje alle timar som er fordelt ut pga problem med å få tak i nok lærarar. Det er og budsjettert med for mykje seniortid då fleire seniorar slutta i løpet av året. Sjukelønsrefusjon i 2011 er brukt til å kjøpa inn materiell og utstyr ut over det som låg i budsjettet.

Samnanger ungdomsskule. Resultat: meirforbruk kr 34 000. Ungdomsskulen har dei siste åra gått med mindreforbruk.

Finansinntekter og -utgifter vil for dei fleste einingane bety bruk og avsetting til fond. For teknisk eining vil dette og inkludera avskrivning, fordelte renteutgifter vedr. lån og overføring av momskompensasjon som gjeld investeringsrekneskapen.

Teknisk eining. Resultat: mindreforbruk kr 130 000. Tidleg i 2011 fekk eininga, avdeling bygg, styrka budsjettet med kr 400 000 då det vart klart at utgifter til straum var budsjettert for lågt. No vart straumprisane særskild låge i 2011, i tillegg vart vinteren frå hausten 2011 mild og utgifter til straum enda opp lågare enn opphavleg budsjett. Det er sendt eit forsikringskrav til Gjensidige på kr 1 mill som gjeld utgifter vedr. renovering av brannskadd hus i 2011. Totalt sett enda byggavdelinga opp med eit mindreforbruk på kr 152 000.

Når det gjeld veg, hadde kommunen i starten av året høge utgifter til vintervedlikehald. Hausten gav ikkje på langt nær så store utfordringar som 1. halvår hadde gitt. Det vart og i løpet av 2011 vedtatt nye retningslinjer for standard på vintervedlikehald. Totalt sett enda veg opp med eit mindreforbruk på kr 88 000.

Sjølvkostområdet vatn har eit meirforbruk på kr 165 000. Det er ikkje att midlar på fond, og resultatet påverkar kommunen sitt driftsresultat.

Kommunen har i 2011 hatt eit samarbeid med Fusa om feiing og brannleining. Det er sendt krav på Fusa sin del, men summen her er ikkje endeleg avklara og kan kome til å avvika litt frå kravet som er sendt.

Samarbeidet er vedtatt avvikla i 2012. I forhold til budsjett enda samarbeidet opp med ei innsparing på kr 121 000. Brannvesenet i Samnanger fekk eit meirforbruk på kr 288 000 som skuldast meirforbruk på løn. For låg budsjettering må ta skulda for delar av dette.



Administrasjon, plan, oppmåling, deling og byggesak fekk totalt eit meirforbruk på kr 64 000. Sakshandsamar på byggesak vart tilsett våren 2011. Gebyrregulativet for sjølvkostområda på teknisk innafor bygge- og delingssaker skal gåast igjennom i 2012 for å vurdere om satsane ligg på rett nivå.

Det positive avviket på finans skuldast at det ikkje var budsjettert med bruk av disposisjonsfond til områdeplan Bjørkheim. Vedtaket vart gjort i 2010.

Interne tenester. Resultat: mindreforbruk kr 300 000. Det har vore innsparing på kr 110 000 på ansvar 1200 (politisk nivå og revisjon) Dette skuldast at det har vore lite aktivitet i ungdomsrådet og eit mindreforbruk på kontrollutvalet. På ansvar 1201 (stabsdel) har det vore ei innsparing på kr 73 000 og på kr 118 000 på ansvar 1202 (diverse fellesutgifter). Mindreforbruk her er knytt til gruppeliv- og ansvarsforsikring.


Det er område i driftsbudsjettet som ikkje er fordelt ut på einingane. Her finn me ein del innsparingar og/eller meirinntekter. Dette gjeld vaksenopplæring, administrasjon skule/ barnehageområdet (fellesbudsjett) der me har eit mindreforbruk på kr 355 000 .

Kommunen har hatt ein **netto rentegevinst** i 2011 på kr 400 000. Det var for 2011 budsjettert med ei lånerente på 3,3 %. Lånerenta har i 2011 vore mellom 2,6% og 3,1 %. Kommunen har og for store delar av året fått ei innskotsrente som har vore høgare enn renta kommunen har betalt for lån. Pr 31.12.11 var innskotsrenta mellom 2,9% og 3,9% .

Utvikling av kommunen sine inntekter og utgifter.

Drift og finans.

Inntektene er korrigerert for overskot, og utgiftene er korrigerert for premieavviket for å få fram korleis resultatet ville vore utan rekneskapsføring av dette. Premieavviket medfører ikkje utgifter eller inntekter for kommunen i kroner, men rekneskapsføring av premieavviket påverkar kommunen sine bokførte



utgifter. Investeringsmoms og tilbakeføring av denne er heller ikkje med.


Utgiftene har auka meir enn inntektene i 2011 og er no om lag like store. Utgiftene er kr 116 000 høgare enn inntektene når me korrigerar for premieavviket. Dersom me tek med netto premieavvik, vil det gje ei bokført "inntekt" på kr 2,4 mill. Kr 8,2 mill av auken på kr 25 mill skuldast utbetaling og avsetning av fond Sima-Samnanger. Det resterande kr 17 mill er auke på grunn av auka aktivitet / auka utgifter og auka inntekter. Kommunen bør ha som mål at driftsbudsjett/ rekneskap bygger opp buffer.

Premieavvik

Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed og rammevilkåra til kommunen. Eit positivt premieavvik fører til lågare bokførte utgifter. I 2011 premieavviket i Samnanger på kr 3,48 mill., noko som 146 000 meir ein revidert budsjett. (For meir informasjon om premieavviket, sjå note 3 og 5.)

Avviket mellom akkumulert og årets premieavvik har redusert dei siste åra, men har for 2011 auka igjen. Det viktig å hindra at det akkumulerte premieavviket vert for stort. Dette kan me påverka ved å bruka av fond til å betala pensjonsrekningar frå selskapa. Når me bruker av fond, årets premieavvik lågare og dermed og det akkumulerte premieavviket.

I 2011 brukte kommunen kr 1,8 mill av premiefondet i DNB (tidlegare Vital) og kr 0,2 mill i KLP. Dette resulterer og i at kommunen får ein reduksjon i arbeidsgjevaravgift på kr 285.116,-. Pr 31.12.2011 har Samnanger kommune kr 6.555.111,- på premiefond og kr 1.258.368,- på AFP-fond hos DNB. Fond hos KLP blir fortløpande brukt til å betala pensjonsrekningar med.



var er kr blitt er stort. vert

Finansplassering


Kommunen plasserte i 2009 kr 5 mill. i eit fastrenteinnskot i Nes Prestegjeldssparebank. Innskotsperioden er 3 år, og kommunen får minimum 3,9% rente p.a.

Aksjane i Nordisk Areal as hadde ein auke på kr 4 pr aksje frå 31.12.2010. Verdi pr 31.12.2011 var kr 81,50 pr aksje. Kommunen har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Det vart bestemt hausten 2011 at aksjeposten skal seljast til kr 86,- pr aksje eller meir. Så langt har det ikkje vore interessantar. Det er bokført ein urealisert gevinst på kr 156 588,-

Når det gjeld dei andre aksjane/ pengemarknadsfonda, har kommunen kr 1,06 mill plassert i First Norway Alpha. Denne plasseringa har ikkje gitt gevinst/ tap i 2011. Kommunen har i 2012 fått melding om at fondet vert avvikla. I Pluss pengemarkedsfond er det plassert kr 0,2 mill som har gitt avkastning på 2,95 %. Renta på bankinnskot har til samanlikning vore på 3,5 % på høgrentekonto utan binding.

Utgifter

Driftsutgiftene i Samnanger kommune auka med kr 22 millionar (eks. pensjon) frå 2010 noko som er ein auke på 14 %. Løn, som er den største delen av driftsutgiftene, auka med 10 %. Den største %-vise auken har vore på kjøp av tenestar som erstattar kommunal eigenproduksjon (grøn søyle). Denne posten har auka med 82 (+ kr 7,8 mill). Dette skuldast i hovudsak at pleie- og omsorg har leigd inn helsepersonell for kr 3,8 mill meir enn i 2010 då summen var på kr 1,2 mill. Tilskot til private barnehagar er



%

frå 2011 ført på kjøp av tenester. Summen her er kr 2,8 mill. Kjøp av varer og tenester i eigen produksjon har auka med kr 5,6 mill. Auken er i hovudsak på vedlikehald og konsulent. I 2011 fekk teknisk eining styrka vedlikehaldsbudsjettet på vegar med kr 1 mill. I tillegg har teknisk eining hatt utgifter til reparasjon av brannskadd hus på ca kr 1 mill. Denne utgifta vil, med unnatak av eigendel på kr 50 000, bli refundert frå forsikringsselskapet. Det har vore auka utgifter til konsulent i samband med vassdragsplan og områdeplan m.a. Barnevernet har brukt kr 600 000 meir til konsulent enn det som låg i budsjettet. Dette er utgifter som kommunen vil få refundert. Utgifter til inventar og utstyr har auka i 2011. Barneskulen har brukt sjukerefusjon til å kjøpe inn inventar, utstyr og datamaskiner ut over budsjett. Utgifter til straum var i 2011 lågare enn i 2010.

Oversikt over lønsutgifter inkl. sosiale utgifter korrigert for sjukepengerefusjon og premieavvik

	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Lønnsutgifter	81 711	89 914	99 134	104 038	109 207	120 594
Sjukepenger	3 074	3 369	4 046	3 450	3 110	4 683
Netto lønn	78 637	86 545	95 088	100 588	106 097	115 911
% auke	8,9 %	10,1 %	9,9 %	5,8 %	5,5 %	9,3 %

(tal i 1.000 kr)

I 2010 var det hovudtariffoppgjer med fleire verknadsdatoar for lønstillegg. Heilårsverknaden av hovudtariffoppgjeret 2010 kom i 2011. Saman med mellomoppgjeret 01.05.2011 gav det ein gj.snitt. lønsvekst i KS-området i 2011 på 4,26%. Tal tilsette i Samnanger har auka med fem personar og tal årsverk har auka med eitt frå 2010 til 2011. Det har i 2011 og vore auka opp midlertidig ca ½ stilling i samband med prosjektet med innføring av nytt økonomi- og lønssystem og det har vore tilsett folkehelsekoordinator (40 % stilling) i eit engasjement.

Brutto driftsutgifter; Samnanger og samanlikning med andre.

Det vart i 2011 gjort endringar i finansiering av barnehage. Tidlegare var dette eit øyremerka tilskot, men frå 2011 er det ein del av rammeoverføringa. Me har derfor valt å bruke brutto driftsutgifter for samanlikning mellom år og mot kostra-gruppe 02 og landsgjennomsnittet. Tidlegare er det brukt netto driftsutgifter, dvs med fråtrekk for inntekter.

%- vis fordeling av brutto driftsutgifte til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter

	Samnanger				Kommune gr. 2 2011	Landet utan Oslo 2011
	2008	2009	2010	2011		
Adm. og styring	7,3	7,3	7,5	7,9	8,6	6,7
Barnehage	8,6	10,7	11,0	12,0	9,6	12,1
Skule	25,3	23,8	22,6	19,4	20,8	21,3
Helse	5,1	49,9	4,6	4,5	4,8	3,9
Pleie og omsorg	32,1	30,8	30,2	30,5	28,1	27,1
Sosial	2,4	2,4	3,4	3,9	2,7	4,2
Barnevern	1,9	1,7	1,7	2,4	2,5	2,8
Kultur	2,5	2,5	2,1	2,7	3,2	3,6
Kyrkja	1,5	1,6	1,6	1,5	1,1	0,9
Næring	0,9	1,5	1,8	1,2	2,4	1,2
Andre	12,4	-32,2	13,5	14,0	16,2	16,2

Me ligg over gruppe 2 for barnehage, sosial, kyrkja og pleie og omsorg. For kyrkja og pleie og omsorg ligg me og over landsgjennomsnittet. Endringa som vart gjort på skulestruktur i 2010 viser ein reduksjon på fordeling frå 2009 til 2010 og for 2011 ligg no kommunen for første gong under både kostragruppe 2 og landsgjennomsnittet.

Det var stor aktivitet innafør kultureininga i 2011 og det vart i 2011 tilført meir midlar enn tidlegare. Stillinga som kultursjef vart og auka opp til 100 % frå oktober 2010. Til tross for meir satsing på kultur ligg

me under kostra gruppe 2 og landsgjennomsnittet. Kommunen brukar framleis mindre til administrasjon og styring enn samanliknbare kommunar i gruppe 2.

Finansutgifter

Finansutgiftene består av renter, avdrag, avskrivningar, avsetning til fond, overført til investeringsrekneskapen og årets udisponerte overskot mm. Dersom me ikkje tek med årets overskot og tilbakeføring av investeringsmoms i finansutgiftene, har kommunen hatt ei auke i 2011 på kr 3,6 mill. Auken frå 2009 til 2010 var på kr 2,3 mill.

Renter og avdrag utgjør ein stor del av kommunen sine utgifter. I 2011 betalte kommunen kr 8,77 mill i renter og avdrag på lån; ein reduksjon på 1.2 mill. kr frå 2010. I 2010 vart lån til Lønnebakken nedbetalt med kr 2,3 mill.


Det vart tatt opp eit lån i 2011 på kr 29,7 mill. Dette er avdragsfritt dei to første åra. Det vart betalt kr 5,5 mill i avdrag på lån. Lånegjelda har totalt auka med kr 24,2 mill. Det har vore lite endring i renta i løpet av året. Styringsrenta i Norges Bank auka frå 2% til 2,25 % i mai 2011 og vart redusert til 1,75 % i desember. I rentemøte 15.03.12 vart styringsrenta sett ytterlegare ned til 1,5%. F.t. er det lite som tyder på at renta vil auke det næraste året. Den flytande renta var pr 31.12.11 på 2,5% i Husbanken og 3,17 % i Kommunalbanken.



Samnanger kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal vidareutlånast til innbyggjarar. Låntakar betaler renter og avdrag til kommunen. Det vil vera ein viss tidsforskyving i forhold til at kommunen betaler renter og avdrag på heile lånet, men mottek inntekter på den delen som er lånt ut. Delar av rente- og avdrag på startlån vil derfor vera ein driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger ikkje har nytta seg av. Kommunen tek og risiko ved tap.


Kommunen tek og opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukar skal betala kostnaden med å produsera f.eks. vatn, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Her vil nedbetalings-tid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunna gje driftsutgifter utover sjølvkost. Dvs seia at brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansiert.

Lån til nybygg og andre investeringar vert betalt med driftspengar, men kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på nokre område (skule og omsorgsbustad). I 2011 utgjorde det til saman kr 462 000. Av utgifter til renter og avdrag gjeld kr 1,2 mill startlån og kr 1,7 mill lån til vatn. Dersom me tek driftsdel av renter og avdrag i % av driftsinntektene, ser me at kommunen i 2011 brukte 3,4 % av driftsinntektene til å betala renter og avdrag på lån knytt til nybygg og andre investeringar som ikkje er knytt til VA-området eller startlån. Tek me med alle lån som kommunen betaler, bruker Samnanger 5% av driftsinntektene til å betala renter og avdrag på lån.



Lånegjeld

Søylediagrammet viser lånegjeld (tal i heile tusen) og linjediagrammet viser netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. Her ligg Samnanger i 2011 på 45,5 % noko som er lågare enn både gruppe 2 (68,3%) og landsgjennomsnittet (52,8%). Til tross for eit større låneopptak i 2011 på kr 29,7 mill, har %-del av bruttodriftsinntekter gått ned. Noko skuldast tilskot til avbøtande tiltak Sima-Samnanger på kr 8,2 mill. Ei anna årsak er og at fordelingsnøklane frå 2011 vart endra og Samnanger fekk, som eit resultat av dette, auka rammeinntekter. Rammeinntektene auka %-vis meir enn lånegjelda. Dersom me heldt tilskot Sima-Samnanger utanfor berekning, vil kommunen ligge på ca 47,54 %. I 2011 er det tatt opp lån på til saman kr 29,7 mill medan lånegjelda totalt sett har auka med kr 24,2 mill kr. I 2012 er det vedtatt å ta opp kr 25,5 mill kr i lån. I økonomiplanen ligg det til grunn at kommunen skal ta opp lån både i 2013 og 2014 for å finansiera vedtekne investeringar.




Med rente på 5% p.a og løpetid på 20 år kostar det kommunen kr 100.000,- i renter og avdrag pr år for eit lån på 1 mill kr. Med avdragstid på 40 år er kostnaden kr 75.000 i året.

Inntekter

Kommunen får stadig større del av overføringane frå staten som rammetilskot. Dette er tilsikta frå staten si side som ynskjer ein inntektsvridning i kommunane frå skatt til ramme. I tillegg er tilskot til barnehagar innlemma i rammetilskotet frå 2011. Dette tilskotet var tidlegare øyremerka (refusjon). Staten evaluerte og fordelingsnøklane for fordeling av rammetilskot med det resultat at Samnanger fekk meir i rammeoverføring.

Kommunen sine inntekter har auka med kr 23,2 mill (14,1 %) frå 2010 til 2011. Summen er inkludert investeringsmoms. Skatt er redusert med 2,7% og rammetilskot har auka med 70,6 %. I denne auken ligg både det tidlegare øyremerka tilskotet, tilskot Sima- Samnanger og auka rammetilskot. Kommunen har i 2011 fått eit øyremerka tilskot til 75 % stilling på barnevern og tilskot til brann/ feing. Kultur har totalt mottatt kr 1,1 mill i tilskot. Kr 0,75 mill av dette er avsett på bunde fond for bruk i 2012.



Konsesjonskraft

Konsesjonskraftmengda som Samnanger kommune sel er 22.321,1 MWh/år. I 2011 selde kommunen krafta til fast pris i 1.kvartal og på spot-marknaden resten av året. Det er mange faktorar som bestemmer kva pris me får på krafta me sel. Mykje nedbør og god hydrobalanse er med på å påverka prisen. 2011 var eit særdeles vått år, og inntekta til kommunen vart derfor berre kr 5 mill som er kr 700 000 lågare enn revidert budsjett. Det opphavlege budsjettet var på kr 6,6 mill.

(Tal i heile tusen) I 2006 fekk me etter-betalt 2 mill kr som skuldast at delar av mengd konsesjonskraft tidlegare var stipulert, og me fekk etterbetalt for fleire år.*




Kommunen har avtale med BKK om å selja krafta vår. Kraftmeklarane der gir oss informasjon om utviklinga på kraftbørsen og kjem med råd. Det er kommunen sjølv som avgjerer tidspunkt for sal. For 2012 har kommunen valt å ligga i spot-marknaden. Prisutviklinga så langt i år vil gje kommunen inntekter på kr 3,3 mill dersom prisen heldt seg på dette låge nivået ut året. Dette er kr 2,3 mill lågare enn budsjettet. Den gode hydrobalansen kan og gje endå lågare pris, men på sikt forventar marknaden at prisen vil auke. Prisane dei to siste åra viser at me bør vurderer om dagens måte å selja krafta på er den rette. Eit spørsmål kan vera om me skal gå inn på meir langsiktige avtalar. Inntektene siste åra tilseier at det er vanskeleg å målet vårt om å ha årleg inntekter på 7 mill.

Eigedomsskatt

I Samnanger kommune er det utskreve eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille. Av inntekta på vel kr 9 mill betalte BKK kr 8,63 mill. Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst, medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av likningsmyndigheitene kvart år. Det vart i eigedomsskattelova innført ei min. og maksimumsgrense som påverkar skattegrunnlaget. Utrekningar viser at kommunen tapte 4,2 mill kr for skatteåret 2010 pga denne regelen. Makstaket har stått uendra frå lova vart vedtatt fram til 2012 då taksten vart indeksjustert med 5 %. Det er og vedtatt at taket skal indeksjusterast med 11 % i 2013. LVK fortset arbeidet med å forsøka å fjerna regelen om maks/ minimumsberekening. Sima – Samnanger er under bygging og kommunane som er berørt kan skriva ut eigedomsskatt i byggeperioden. For 2012 vil dette gje Samnanger kommune kr 562 800 i 2012. Klagefrist er 23.04.12.

Finansielle nøkkeltal


Det er tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Dette er eit nøkkeltal Fylkesmannen er oppteken av. Samnanger har i 2011 eit netto driftsresultat på 3,1 % av netto driftsinntekter. Dette er eit godt resultat, men me veit og at disposisjonsfondet er brukt opp. Det vil seia at kommunen reelt sett står utan buffer for å kunne ta svingingar i inntekter og utgifter, så det er absolutt behov for å ha midlar i reserve.



Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er kommunen sin buffer for å kunna møte uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Pr 01.01.11 var fondet på kr 5,3 mil. Udisponert overskot i 2010 på kr 1,4 mill kr er tilført disposisjonsfondet. Kr 340 000 er i same vedtak overført til dekking av utgifter til veglys på riksveg 2010. Gjennom ulike løyvingar i 2011 er disposisjonsfondet vorte redusert med kr 4,47 mill, slik at saldo på disposisjonsfondet er pr 31.12.11 kr 875 647,-. Kr 1,57 mill. er nytta i 2012 budsjettet, og det er derfor naudsynt at delar av mindreforbruk i 2011 vert tilbakeført til disposisjonsfondet. For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.

Grafen under viser summen av disposisjonsfondet i % av driftsinntektene.



Fond Sima-Samnanger

I samband med vedtak om å byggja kraftleidning mellom Sima og Samnanger vart det av Olje- og energidepartementet løyvt kr 100 mill til avbøtande tiltak. Samnanger kommune sin del er kr 8.213.509. Det er gjennom Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øymerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane blir brukt til framtidige investeringar.

Kr 8,2 mill er i samsvar med kommunestyrevedtak 58/11 sett av til fond, og det skal utarbeidast retningslinjer for bruken av midlane.

Næringsfond

Pr 31.12.11 er kommunen sitt næringsfond på kr 1.368.032,51. Det er i 2011 blitt tilført kr 1.399.851,-. Av dette gjeld kr 898.443 konsesjonsavgift og kr 324.850 netto sal av tomter på Lønnebakken. Unytta løyvingar på kr 176.558 er tilbakeført til næringsfondet. Det vart i 2011 gjort vedtak på bruk av kr 987.500 av næringsfondet. I 2012 er det budsjettert med netto avsetnad til næringsfondet på kr 16 443,-.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrkja fondet ut over konsesjonsavgift som skal avsetjast og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtesalet. Uteståande her er kr 1,2 mill. 13 tomter er ikkje selt pr 31.12.11

Det vert elles vist til seinare delar av årsmeldinga der det er gjort meir detaljert greie for bruken av næringsfondet.

INVESTERINGSREKNESKAPEN

I investeringsrekneskapen i 2011 viser utgifter på kr 15,8 mill, mot budsjettert kr 37,96 mill. Dette avviket skuldast utsetting av byggjestart for ny fløy ved Samnanger Barneskule. .

Det vart betalt inn ekstraordinært avdrag på startlån på kr 397.319, Dei er etter gjeldande reglar innbetalt til Husbanken. Kommunen hadde utlån av startlån til 31 kundar i 2011, av desse er 2 lån nedbetalt med ekstra avdrag. Det er utbetalt 2 nye startlån i 2011 på til saman kr 586 124. Saldo på unytta startlån var pr 31.12.11 på kr 1.374.360,-. Det er ikkje budsjettert med opptak av startlån i 2012.

Investeringar i 2011

For 2011 vart det budsjettert med 8 investeringsprosjekt. I tillegg kjem arbeidet på Ytre Tysse med park, kai, miljøgate og høgdebasseng.

Ytre Tysse byggetrinn 1 vart avslutta våren 2011. Dette gjeld kai, miljøgate og park. 1000-årsstaden vart opna med folkefest 18.juni. Budsjettet var på kr 13,7 mill og utgifta vart totalt kr 17,8 mill, kr 4,1 mill meir enn budsjettert. Noko av årsaka til overskriding er at arbeidet med prosjektering og planlegging byggetrinn 2 VA vart gjort no og dette låg ikkje inne i budsjettet. Leige av byggeleiar pga sjukdom var heller ikkje budsjettert. I tillegg vart tilknytning mellom høgdebasseng og VA-anlegget på Tysse gjort. Kostnad på kr 350 000 var ikkje tatt inn i budsjettet. Det vil bli levert byggerekneskap til kontrollutval og kommunestyre.



Høgdebassenget er, med unntak av eit gjerde som skal erstattast, ferdig og rekneskapen enda på kr 5,8 mill. Dette er kr 0,9 mill meir enn budsjettert. Ein av årsakene til at arbeidet vart dyrare var at det, som for

miljøgata, måtte leigast inn byggeleiar. I samband med høgdebassenget vart ungdomsskulen kopla på det kommunale vatnet. Ekstrautgifter med dette var det ikkje budsjettert med. Det vil og her bli levert byggerekneskap.



Fylgjande investeringsprosjekt er ikkje påbegynt. Arbeidet med å planlegg og tilrettelegge øvre Rolvsvåg industriområde er ikkje kome skikkeleg i gang. I budsjettet for 2012 er det lagt inn kr 3,7 mill til dette arbeidet og teknisk eining håpar å kunne selje

tomtar hausten 2012.

Kjøp av ny telefonsentral har ”bytta år” med politikarportal som var budsjettert i 2012. Etter at lynnedslag gjorde at noko av programavaren i telefonsentralen måtte skiftas og oppgraderast, vil ein i 2012 vurdere behovet for ein fullstendig utskifting av sentral og telefonapparat.

Avløpsanlegg på Ådland: Dette er ført opp att i økonomiplanen i 2013

Planlegging av senter for funksjonshemma vart ikkje starta opp. Sidan sjukeheimen no er inne i ein fase som tek mykje arbeids, valde ein å utsetja oppstart av dette eit år. Planlegging er tenkt starta opp i 2012.

Tomter

Det er selt 3 tomter på Lønnebakken i 2011. 2 av desse var tilbakeført til kommunen i 2011 og selt same året igjen. Inntekta er, med frådrag for utgifter, tilbakeført til næringsfondet. Det er 13 tomter att på Lønnebakken. Av desse er det 4 tomter som foreløpig ikkje ligg ute for sal pga tilkomst.

I Rolvsvåg industriområde er det selt eit tilleggsareal til kr 65 000. Netto inntekt er avsett til ubunde investeringsfond.

Oversikt over finansiering av investeringar i 2011: (tal i heile tusen)

Finansiering								
	Utgift	Avsett	Lån	Tilskot	Fond	Sal	drift overført investering	drift moms komp.
Bygg								
Bygg, kai Rolvsvåg	129				100		3	26
Ombygging til barnehage	107				86			21
Samnangerheimen, planlegging	583		503		0			81
Samnangerheimen, kjøp av tomt	930		930		0			0
Samnanger barneskule	552		445					107
Eigedom								
Lønnebakken	804	325				1 109		20
Industriområde Rolvsvåg	67	12				65		13
Røykdykkarbil	425				260	20	60	85
Tankbil	61				33		23	5
Styringssystem vatn	159				159			
Nytt økonomisystem, inv.del	1 096						947	149
Ytre Tysse								
Høgdebasseng	606		606					
Kai	891			792				99
Miljøgate	8 582		4 734	3 000				848
Park	817		222	326	121			149
Sum	15 810	337	7 439	4 118	759	1 194	1 033	1 603

Når me ser på investeringane i 2011 samla, er det eit større avvik mellom rekneskap og budsjett. Dette skuldast i all hovudsak utsett byggestart ved Samnanger barneskule. Det vart her budsjettert med kr 27,1 mill medan utgiftene i 2011 ligg på kr 0,5 mill.


Oversikt over finansiering: (tal i heile 1.000 kr)

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Sum investeringar	15 809	38 753	22 944
Finansiert ved.:			
Lån	7 439	31 000	23 561
Statstilskot/ refusjon	1 700	1 700	0
Andre tilskot	1 300	1 300	0
Gåver / tilskot	1 100	1 179	79
Frå drift: mindreforbruk	1 033	1 053	20
Frå drift: momskomp.	1 603	1 610	7
Disposisjonsfond	370	370	0
Bunde fond	389	421	32
Næringsfond	0	0	0
Salsinntekter	1 223	720	-503
Avsett til fond	-347	-600	-253
Sum finansiering	15 809	38 753	22 944

I 2011 skal minimum 40 % av investeringsmomsen tilbakeførast til investeringsrekneskapen. Denne pliktige tilbakeføringa aukar med 20 % kvart år. Samnanger har ikkje hatt problem med å omstilla seg til dei nye reglane då me i liten grad har brukt denne til å finansiera drifta. I 2011 er all investeringsmoms (kr 1,6 mill) overført til investering.

I 2011 er ein større del av utgiftene med det nye økonomi, lønn og personalsystemet ført i investering. Denne investeringa på totalt kr 2,4 mill fordelt på 2011 og 2012, er i 2011 finansiert med driftspengar. Kr 1 mill er ført i investering og same beløp er overført frå drift for å dekke investeringa. Kommunen skil seg og ut når det gjeld tilskot, refusjonar og sal. Me har bokført kr 4 mill i tilskot til Ytre Tysse. Det er selt tomter for kr 1,2 mill. Til saman er 33,6 % av investeringa i 2011 finansiert med tilskot og sal.

Finansiering samanlikna med andre



Det er ein del tomter att for sal på Lønnebakken. Ikkje alle er like enkle å tilretteleggja. Utfordringa med arealet under er at det er bratt og smalt, og med krav til uteområde, tilkomst og avstand til nabogrense er det ikkje alltid like lett å finna dei gode løysingane.




Samnanger kommune samanlikna med andre

Dei minste kommunane har noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennom-snittet. Dei same kommunane har ”smådriftsulemper” og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. Samnanger kommune er berekna til å ha eit utgiftsbehov som er 14 % høgare enn landsgjennomsnittet. I inntektssystemet – rammeoverføringa – er dette dels kompensert gjennom regionaltilskotet (småkommunetilskot) som går til kommunar under 3000 innbyggjarar. Omlegginga i rammetilskotesordninga f.o.m. 2011 fanga betre om smådriftsulempene. Av den grunn er småkommunetilskotet redusert frå 5.7 mill kroner i 2010 til 4.8 mill kroner i 2011.

Finansielle nøkkeltal 2011	Samnanger	Gruppe 2	Hordaland	Landet
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	3,1	2	1	2
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	52938	47764	42214	43431
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	168,1	200,4	188,7	200,4
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	34774	50181	34098	33973

Som nemnd tidlegare tilseier god økonomistyring eit **netto driftsresultat på 3 %**. Dei fleste kommunane oppnår ikkje dette. I Samnanger har me med ujamne mellomrom klart å nå dette målet i rekneskapen, så også for 2011.


Tabellen viser at Samnanger har 9.500 kroner meir i frie inntekter pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet, men me har vel 13.000 kroner meir i korrigerede brutto driftsutgifter. Me ligg også over nivået for gruppe 2 både på inntekter og utgifter. Samnanger står føre store låneopptak, og sjølv om me ligg klart under dei andre mindre kommunane ville det vore enklare om me låg enda lågare.



Skatt og rammetilskot

Kommunane sine ”frie” inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot. For Samnanger er og ein del inntekter knytt til kraftproduksjon å rekna som frie inntekter. Dei minste kommunane har ein mindre del av inntektene sine frå skatt på inntekt og formue og tilsvarande meir frå rammetilskotet. I justert rammetilskotsmodellen er det lagt opp til at skatt skal utgjera ein mindre del av dei frie inntektene. Det gjer at skatt sin del har gått ned for alle gruppene som er vist i figuren under. I skattedelen til Samnanger ligg også naturressursskatten som er knytt til kraftproduksjon. Den utgjer for Samnanger sin del i 2011 2,8 %, for dei andre utgjer det mest ingen ting. I 2011 utgjorde rammetilskotet meir enn 40% av Samnanger sine frie inntekter. Det viser at me er sårbare ved endring i kriterier.

Inntekter i frå skatt, rammetilskot og eigedomsskatt i % av brutto driftsinntekter 2010 og 2011



Andre inntektstyper

For Samnanger gjer inntekter frå sal av konsesjonskraft sitt til at kommunen har meir å rutte med enn mange andre kommunar. Utviklinga her har vore dårleg dei to siste åra, jmf. informasjon tidlegare i årsmeldinga. Me ser og at Samnanger saman med gruppe 2 får ein mykje mindre del av inntektene sine frå andre statlege overføringar. Dette vil i stor grad vera inntekter knytt til bestemte prosjekt. Samnanger har dei siste åra vore meir aktiv med å søkja om øyremerkja midlar, men desse inntektene utgjer likevel ein mykje mindre del av våre inntekter. Me ligg lågt på sals- og leigeinntekter relativt sett og det kan vera grunn til å sjå nærare på om her er noko å henta.

%-vis fordeling av dei øvrige inntektskjeldene

	Samnanger	Gruppe 2	Hordaland	Landet
Andre statlige tilskudd til driftsformål	2,5	2,6	2,5	3,1
Konsesjonskraftinntekter	2,7	0,5	0,3	0,3
Sals- og leigeinntekter	9,1	13,8	12,3	12,9
Andre driftsinntekter	11,5	15,7	13,4	13,9

Bruk av midlane – prioritering



Ulikskapar i bruken av midlane mellom kommunar kan skuldast medvetne prioriteringar, men det kan og skuldast lokale tilhøve. Ulik samansetting av innbyggjarane t.d. i høve til alder, vil gje ulik etterspurnad etter kommunale tenester.

%-del av folketalet fordelt på aldersklasser.

	Samnanger	Gruppe 2	Hordaland	Landet
0 åringer	1,1	1,1	1,3	1,2
1-5 år	6,5	5,7	6,5	6,3
6-15 år	11,8	12,7	12,7	12,4
16-18 år	3,8	4	4	3,9
19-24 år	7,7	7,5	8,4	7,9
25-66 år	54,3	52,8	54,4	55,2
67-79 år	9	10,2	8,2	8,7
80 år og over	5,9	5,8	4,4	4,4

Samnanger skil seg i heller liten grad frå landsgjennomsnittet når me ser på %-del barn. Me har relativt sett fleire over 80 år, og me veit at dei eldste etterspør meir tenester både frå pleie og omsorg og frå helsevesenet og kan vera ei forklaring til at me bruker meir innan desse områda. I figuren under er det gjort eit forsøk på å samanlikna bruken av midlar mellom ulike kommunegrupper samstundes som det vert teke omsyn til storleiken på brukargruppa. Det kan vera mange grunnar til ulikskapar, særleg for dei minste kommunane der einskildtilfelle det vera seg elevar med store tilpassings- eller læreproblem eller klientar med omfattande hjelpebehov i plo får stor innverknad.

Netto driftsutgifter i kroner målt pr. innbyggjarar/aldersklasser



Grafane over viser at Samnanger bruker fleire kroner på alle dei ovannemnde tenesteområda enn både landsgjennomsnittet og gruppe 2. Dette burde gjera det mogleg å foreta naudsynte innsparingar i drifta. Til tross for at skule har fått redusert sin del av budsjettet vesentleg, bruker me meir enn dei andre målt pr. elev. Det kan både bety at kvar elev får meir ressursar eller at me fortsett har ein ineffektiv skulestruktur. Dette siste gjeld særleg for ungdomsskulen.


Sidan barnehage fram til 2011 vart finansiert med øyremerkja tilskot som vart ført på funksjonen barnehage, er det vanskeleg å lesa ut av tabellen utviklinga over tid av fordeling mellom dei ulike tenestoområda. Me ser likevel klart at skule har fått redusert sin del, og i 2011 ligg me for første gang under både gruppe 2 og landet. F.o.m 2008 har pleie og omsorg vorte prioritert høgare i Samnanger enn i gruppe 2 og landet. Det er grunn til å merkja seg at Samnanger bruker meir pengar på barnehage enn dei andre mindre kommunane. Det skal vera interessant å sjå om dette held fram . For dei andre områda prioriterer Samnanger kyrkja, og helse høgare enn gruppe 2. Til tross for høg aktivitet ligg fortsett kulturen langt attende med tanke på prioritet.

%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

	Samnanger kommune						Gruppe 2	Landet
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2011	2011
Adm. og styring	10,0	10,2	10,6	10,4	10,8	10,1	11,1	8,5
Barnehage	1,3	1,7	2,1	2,6	2,4	13,6	11,6	14,6
Skule	36,4	33,8	35,3	33,5	31,2	23,4	26,3	25,0
Helse	6,5	5,9	6,5	6,7	6,5	5,4	5,2	4,2
Pleie og omsorg	37,6	35,5	40,1	40,7	39,8	35,3	33,2	30,3
Sosialteneste	3,6	3,2	3,6	3,5	4,6	5,0	3,1	5,4
Barnevern	4,5	3,2	2,8	2,5	2,6	3,1	2,8	3,1
Kultur	2,5	2,7	1,7	2,7	1,5	2,8	3,5	3,9
Kyrkja	2,2	2,1	2,2	2,4	2,5	2,7	1,6	1,2
Næring	-11,6	-3,5	-7,2	-8,1	-6,2	-4,1	-1,4	-0,5
Andre	7,0	5,2	2,3	3,1	4,3	2,7	3,0	4,3

Litt om produktivitet

Medan netto driftsutgifter seier noko om prioritering av midlane gir brutto driftsutgifter ein peikepinn på produktivitet. Det er ikkje alle områda som er like enkle å samanlikna ut frå KOSTRA- statistikken, men det kan vera interessant å sjå på dei som ligg føre. Det er faktisk små skilnader, men Samnanger ligg på eller over landsgjennomsnittet og gruppe 2 for alle tenestene. Dvs. at me har høge kostnader pr. produsert teneste.






Personalstatistikk

Tilsette i kommunen

Kommunen hadde 190 årsverk pr. 31.12.2011, fordelt på om lag 270 personar. Dette er ein auke på om lag 1 årsverk frå 31.12.2010. I perioden 2006 – 2011 har det vore ein auke på om lag 27 årsverk i kommunen (om lag 17%).

Aldersfordeling

Aldersfordelinga for dei tilsette i kommunen viser mellom anna at det er mange som vil nå pensjonsalder dei komande åra. Kommunen må arbeida aktivt både med å behalda og rekruttera medarbeidarar i åra som kjem.





Fordeling kvinner/menn

Til liks med andre kommunar er det eit stort fleirtal av kvinner blant dei tilsette i Samnanger. Av dei 190 årsverka i kommunen har me tilsett menn i 17% av dei. Det bør vera ei målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling innanfor ein del tenesteområde, til dømes barnehage, pleie/omsorg, kommuneadministrasjon og teknisk drift/vedlikehald. Arbeidet med likestilling i kommunen er vanskeleg å vurdere sidan me veit at hovudtyngda av arbeidsoppgåvene i kommunen tradisjonelt er rekna som kvinnearbeidsoppgåver og rekrutteringa til dei aktuelle utdanningane er tilsvararande skeiv. Me gler oss over dei som har vald ”utradisjonelt”, mannleg tilsett i barnehagen og i pleie og omsorg og kvinne på driftsavdelinga i teknisk. Eit viktig arbeid for likestilling er å arbeida for like moglegheiter for kvinner og menn til å ha leiande stillingar. F.t. har me 4 mannlege og 4 kvinnlege einingsleiarar, medan både rådmann og assisterande rådmann er kvinner.

Sjukefråvær

 *sjukefråvær ikkje høgare enn 6 %*

Målsettinga er fastsett av arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråværet i 2011 var 8,2 prosent. Dette er det høgaste sjukefråværet kommunen har hatt på mange år, og ein auke frå 6,4% i 2010. Det var i hovudsak i eining for pleie og omsorg sjukefråværet var vesentleg høgare i 2011 enn i 2010 (auke frå 9,8% i 2010 til 14,2% i 2011). På bakgrunn av det høge sjukefråværet i pleie- og omsorgseininga har rådmannen sett i gang eit arbeid for å sjå kva grep som kan gjerast for å få redusert dette. Arbeidet er venta ferdig i løpet av våren 2012.



Det var primært i aldersgruppene 20-29 år og 60-69 år at sjukefråværet auka frå 2010 til 2011. Aldersgruppa 60-69 år hadde det klart høgaste sjukefråværet i 2011. Denne aldersgruppa har tidlegare ikkje hatt høgare sjukefråvær i Samnanger enn andre aldersgrupper.

Tilgang på arbeidskraft

Kommunen hadde i 2011 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innan dei fleste fagområda.

Unnateke frå dette var logoped, helsefagarbeidarar og lærlingekandidatar.

Det er også ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor nokre område er små. Dette gjer at me er spesielt sårbare når fagpersonar sluttar, samt at det til dels har vore vanskeleg å halda på yngre medarbeidarar med høgskule-/universitetsutdanning i enkelte einingar.

Lokale lønsforhandlingar 2011

Det vart i 2011 berre gjennomført lokale lønsforhandlingar for dei gruppene av tilsette som får heile løna si fastsett lokalt i kommunen. Det vart eit brot i forhandlingane, men partane kom seinare saman på nytt og kom då fram til semje.

Opplæring for tilsette

Det vart gjennomført ein halv dag med fellesopplæring for reinhaldarane i kommunen i 2011.

Utanom dette vart det ikkje gjennomført fellesopplæring på tvers av alle einingane i 2011. Det vert vist til einingane sine årsmeldingar for informasjon om kva opplæring som vart gjennomført

der i 2011. Utgifter til opplæring har mange element i seg, m.a. permisjon med løn og utgifter til reise og opphald. Dette er utgifter som vert ført saman med andre utgifter, og det er dermed ikkje mogleg å lesa ut av rekneskapen kva kommunen bruker på dette området. På konto nr. 1.1500 fører me utgifter som kursavgifter m.m. På denne er det i 2011 ført kr 524.000, mot kr 563.000 i 2010.

Fellesarrangement for tilsette

Det var ingen fellesarrangement for alle tilsette i kommunen i 2011. Dei løyvde velferdsmidlane vart brukt til arrangement/samankomstar i einingane i forkant av jula 2011. Det er sett av midlar til eit fellesarrangement i 2012.

Bedriftshelseteneste

Med bakgrunn i lovendringar om kven som skal vera innmeldte i bedriftshelsetenesta inngjekk Samnanger, Kvam, Fusa og Jondal avtale med Ytre Hardanger Bedriftshelseteneste om kjøp av bedriftshelsetenester på timebasis. Tidlegare betalte kommunane ein fast årleg sum for kvar tilsett me hadde innmeldt i bedriftshelsetenesta.

Ytre Hardanger Bedriftshelseteneste slo seg i 2011 saman med Voss Bedriftshelseteneste, og heiter no Grend Bedriftshelseteneste. Samnanger kommune brukte i 2011 om lag 122.000 kroner til kjøp av bedriftshelsetenester. Utgiftene gjeld både faste helsekontrollar for grupper av tilsette som etter lov/forskrift skal ha dette, samt andre tiltak som vert avtalt i årsplan. I 2011 var det største tiltaket helsekontrollar/samtalar med alle tilsette på natt i eining for pleie og omsorg, og etterarbeid i samband med dette.

HMS

Samnanger har arbeidd ut eit system som skal hjelpa oss til å arbeida godt med helse, miljø og tryggleik. M.a. inneheld det rutinar og skjema for rapportering av avvik. Rapporteringa skjer til AMU. I 2011 vart det sendt inn 11 avviksmeldingar. 8 av dei var knytt til ein arbeidsplass og arbeidet med ein elev. I 2010 var det også meldt om avvik knytt til denne eleven. Arbeidsplassen har arbeidd godt for å retta opp i avviket, og sidan februar 2011 har det ikkje meldingar om avvik her.



25-og 26-årsjubilantar



Thore Strømmen vert takka for 40 års teneste

Kommentarar til dei einskilde tenesteområda

Einingsleiarane sine årsmeldingar fylgjer i andre del av årsmeldinga. I denne delen vil rådmannen nytta informasjon frå KOSTRA-statistikken til å vurdere kostnadsnivået vårt samanlikna med andre kommunar. Sjølv om kvaliteten på statistikken etter kvart har vorte bra, må me alltid vera merksame på at det kan vera feilkilder t.d. pga. av ulik organisering av tenestene. Som hovudregel vert Samnanger samanlikna med gruppe 2 (små kommunar med middels god økonomi) og landsgjennomsnittet.

I tillegg vert det og gitt ein del generelle kommentarar til drifta. I den grad det ligg føre mål for tenesteområda vurderer me resultatata opp mot dei. Me peiker også på ein del utfordringar som Samnanger står føre.

I kommuneplanen er det gitt ei rekke mål; ikkje alle er like operative. Det gjer at det ikkje alltid er like lett å seia om målet er nådd. I tillegg til målformuleringane er det og lista opp kva me gjer/skal gjera for å nå måla. Mykje er gjort sidan planen vart vedteken, men på nokre område har eit stykke igjen før me kan seia oss tilfredse.

I kommuneplan er eit av delmåla

høg kvalitet på kommunale tenester

Det er sett opp ei rekke handlingar som skal hjelpa oss å nå dette målet. Mange av desse er relatert til folk si oppfatning av kvalitet. I 2012 vert det gjennomført brukar- og medarbeidarundersøkingar som venteleg kan gi svar på ein del spørsmål. Arbeidet med gjennomføring og ikkje minst oppfølginga av brukarundersøkingane har gjort at me meiner at dette bør skje kvar 4.de år og ikkje som tidlegare bestemt kvar 2.de år. Me meiner sjølv at me kan verta betre på fleire område, men gjennomgåande har me rask sakshandsaming. Me informerer godt m.a. gjennom aktiv bruk av heimesida til kommunen, og me ser av førespurnad om å få innsyn i dokument at publikum fylgjer med. På slutten av året kjøpte me inn eit system til bruk for målretta styring. Dette er me i ferd med å ta i bruk, og me har god tru på at dette vil hjelpa oss i arbeidet med å kunne fokusera på dei måla som vert sett, gje

Kva gjer me:

Etablerer eit fleksibelt og effektivt tenesteapparat med klare utviklingsmål.

Sikrar godt tilgjengelege tenester.

Har god økonomistyring.

Sikrar god sørvis og rask sakshandsaming.

Har regelmessige brukarundersøkingar og aktive brukarutval.

Utviklar reiskapar for å vurdere kommunale tenester.

Brukar målretta styring.

Sikrar god kompetanse, særleg innan planlegging og beredskap.

Styrkar teknisk eining på det som har med vedlikehald av bygg og grøntareal å gjera ("grøn" mann / kvinne).

Vert gode på informasjon og meir- offentlegheit.

Har gode rutinar og gir god informasjon i samband med handsaming av saker.

Er gode på interkommunalt samarbeid.


tilbakemelding til politkarane om måloppnåing og omprioritera ressursar slik at dei måla som er sett vert nådd.

Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Dette området omfattar rådmannen inkl. pedagogisk konsulent og folkehelsekoordinator, eining for interne tenester med økonomi, løn, fellestenesta, IKT og div. fellesutgifter. På mange av desse tenestene har dei minste kommunane smådriftsulemper. Det er og eit område der det er vanskelegast å samanlikna kommunane i mellom då det kan vera skilnader i korleis ein har organisert seg – flat struktur, sektororganisert osv.

Gjennomgangen av sentraladministrasjonen i 2008 avdekkja område der me var for dårleg. IKT var eit slikt område, eit anna var oppfølging av politkarane. Desse områda vart tilført midlar, noko som kjem klart fram i figuren under der me ser at f.o.m. 2009 har me ein større auke i ressursbruken enn dei andre kommunane.

Den store auken i 2011 har fleire årsaker, nokre av dei gir permanente utgifter andre er relatert til pågåande eller avsluttande prosjekt. Både økonomi-/rekneskaps og løn- og personalsystema er under utskifting. Mesteparten av arbeidet med dei to første vart gjort i 2011, og vel kr 700.000 av utgiftene er ført i driftsrekneskapsen. I tillegg vart det kjøpt inn lesebrett til politkarane og nye datamaskiner som er å sjå på som prosjekt/ekstraordinære tiltak. Korrigerer me for dette vil me liggja godt under gruppe 2, men det har likevel vore ein stor vekst i utgiftene. I all hovudsak er det knytt til utviding av stilling på skatt og engasjementstilling folkehelsekoordinator. Meir enn halvparten av utgiftene til den siste er finansiert med tilskot.



Personalet i sentraladministrasjonen opplever ofte kvardagen som stressande. Innbyggjarane forventar stadig meir ikkje minst på informasjonssida. Det vert lagt ned mange arbeidstimar til å oppdatera heimesida. Den skal utviklast vidare særleg med tanke på å gje moglegheit til meir innsyn og meir interaktivitet. Prosjektet ”digitale politkarar” vart førebudd i 2011 med m.a. etablering av folkevaldportalen og innkjøp av lesebrett.

Med samhandlingsreforma kom presset på kommunane for å styrkja arbeidet med **folkehelse**. Kommunen har inngått partnerskapsavtale med fylkeskommunen og får eit vesentleg bidrag til dekking av lønskostnaden. Ut frå erfaringar andre stader vart denne stillinga lagt til rådmannen, og i rekordfart har me fått utarbeidd ein overordna plan for folkehelse som er til høyring i desse dagar. Dette arbeidet er for øvrig i tråd med kommuneplanen, m.a. eit av delmåla under levekår..

 *styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølve og kvarandre*

Aktiviteten i Samnanger på samfunnsutvikling – planlegging og prosjektering – har vore stor dei siste åra. Det er ikkje tilført nye ressursar til å møte desse utfordringane, og det er eit spørsmål om det er mogleg å ha ein så stor aktivitet utan at det går ut over kvaliteten. Prosjekta er store, det er snakk om mykje midlar og ved å ikkje ha full konsentrasjon på dei kan ein glippa både på kvalitet og god ressursutnytting. Mykje av dette arbeidet fell på rådmann og ass. rådmann. I 2011 har dei hatt ansvar for å halda oppe framdrifta for utbygging av barneskulene, sjukeheimen og dels ombygginga av Nordbygda skule. Ansvarer har også lagt her for større planarbeid som kystsoneplan, planprogram småkraft, områdeplan Bjørkheim og folkehelseplan. I tillegg er det det gjennomført evaluering av legevakt og ordninga med førstehjelpsbil.

Utvikling i klima gir kommunane store utfordringar på sikt. Det er viktig å vera godt førebudd. Me har fått god plankompetanse (knytt til teknisk), og det vart i 2011 utarbeidd ein overordna ROS- analyse (risiko og sårbarheitsanalyse). Oppfølging av dette arbeidet vil dels skje gjennom anna planarbeid, noko som vert handtert, men ein del anna beredskapsarbeid har ikkje kunne prioriterast.

Med rett til barnehageplass for ”alle”, har denne tenesta ”eksplodert”, også den forvaltningsmessige biten. Det kommunale ansvaret er ikkje avgrensa til dei kommunale barnehagane. Det ligg og eit forvaltningsmessig ansvar arbeid knytt til dei private barnehagane. Dette inkluderer og barn som går i private barnehagar utanføre kommunen. Arbeidet er lagt til ass. rådmann i samarbeid med økonomikontoret utan auke i ressursane.

Pedagogisk teneste

Arbeidet med utbygginga av barneskulen har hatt hovudfokus for skulefagleg ansvarlege i 2011. Sentraladministrasjonen og byggjekomiteen for Samnanger barneskule har vore aktive i samarbeid med konsulentar og arkitekt for å komma fram til gode pedagogiske løysingar for nybygget. Dette er positivt og gjevande samarbeid med fagpersonar og brukarar. Framdriftsplanen vart følgd.

Det er eit faktum at krava og forventningane til **dokumentasjon og rapportering** er sterkt aukande innan skuleverket. Det å kunna dokumentera og arkivera er ekstra krevjande så lenge einingane ikkje har eit felles sakshandsamingssystem med sentraladministrasjonen. Både effektivitet og kvalitetssikring vil bli betre ved å nytta eit felles sakshandsamingssystem.

Det vart i 2011 gjort risikovurderingr med omsyn til **trafikkbiletet** på Haulanesvegen og på strekninga Tysse - Gjerde. Trafikkopplæringa følgjer ny trafikkopplæringsplan som er utarbeidd for barneskulen og vedteken i 2011. Av trafikksikrings- tiltak på skulevegane vart det sett opp fleire gatelys langs Haukanesvegen og rekkverk over Haukanestunnelen. (Totalt 168 av grunnskuleelevane i Samnanger har skuleskyss.)

Vaksenopplæringa i Samnanger er leia av pedagogisk konsulent. Det var to pedagogar og ein vernepleiar tilsette i delstillingar innan vaksenopplæringa i 2011. Logopedkompetanse vert leigd inn ved behov. I tillegg kjem kjøp av tenester frå Nygård skole i Bergen til kurs i norsk og samfunnskunnskap.

Opplæring for vaksne omfattar rett til norskopplæring og samfunnskunnskap på eige morsmål for innvandrarak etter introduksjonslova, og rett til grunnskuleopplæring, vidaregåande opplæring og spesialundervisning etter opplæringslova.

Målet med opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarak er at dei skal kunna komma ut i arbeid eller i vidare utdanning snarast råd. Kommunen har ansvar for å gje gratis tilbod til dei som har rett og plikt til slikt tilbod. I løpet av 2011 har totalt 16 vaksne fått opplæring i norsk med samfunnskunnskap, 15 i vårhalvåret og 11 i hausthalvåret. Dei fleste får dekkja skyss til Bergen, og har avtale om opplæring ved Nygård skole tilpassa sitt nivå i norsk. Av desse minoritetsspråklege har nokre avlagt språkprøve 2 og 3 i 2011. Norskopplæringa utgjer ein viktig del av introduksjonsordninga for flyktningane dei første to åra.

Dei statlege tilskota til norskopplæring for framandspråklege vaksne har i 2011 dekkja utgiftene til denne opplæringa. Tilskota inneber grunntilskot til kommunen, eit tilskot per person og resultattilskot ved avlagt og bestått norskprøve.

Grunnskuleopplæring for vaksne er aktuelt for 10.300 personar i heile landet, dei aller fleste er innvandrarak. Nokre få deltakarak frå Samnanger som har følgd norskkurs, har gått over frå norskopplæring til grunnskule- eller vidaregåande opplæring i løpet av året.

Søknader om spesialundervisning for vaksne er stabilt i Samnanger.

Informasjon og orientering om rett til vidaregåande opplæring, realkompetansevurdering og høgskulestudiar for vaksne vert gitt til vaksne som vender seg til pedagogisk tenestekontor.

Næring m.m.

Verdibrev til ungdom

Ordninga med verdibrev på kr 25.000 for å stimulera eigne ungdomar til å busette seg i kommunen vart vedteke i 1998. I 2011 vart det betalt ut kr 150.000 som budsjettert. Utbetalingane har vorte gradvis redusert, noko som gjerne er ein peikepinn om at me i åra framover kan rekna med ytterlegare redusasjonar. Samnanger kommune har innløyst verdibrev for rundt 3 million kroner.

Arbeid med næringsutvikling

Samnanger kommune sitt engasjement for næringsutvikling skjer dels i eigen organisasjon ved råd og rettleiing til etablerarak og dels gjennom andre organisasjonar me er medlemmer i. Me har dei siste åra hatt ein tettare dialog med Hordaland fylkeskommune og landbruksavdelinga hjå fylkesmannen innan desse områda. Samnanger kommune er medleigar i Business Region Bergen (BRB). Dei tilbyr m.a. etableraropplæring som innbyggjarane i Samnanger kan ta del på. Store delar av kostnaden med dette engasjementet er finansiert ved bruk av næringsfondet.



Bjørnefjorden næringsutvikling er vedteken oppretthalden, primært for å få tilgang på regionale tilskotsmidlar. Samnanger

kommune har teke på seg både sekretær- og leiarfunksjonen i BNU. I 2011 vart det fordelt ut **637.500 kroner** i tilskot (fylkeskommunale midlar) av styret i BNU. Midlane gjekk til dei tre kommunane til planlegging, tilrettelegging og marknadsføring av næringsareal. Hordaland fylkeskommune ynskjer at BNU vert meir aktive. Deira arbeid innan næringsutvikling er knytt opp mot regionar, og me ser at det er ein ulempe å stå utanføre denne regioninndelinga. Fusa, Os og Samnanger har felles interesse på ein del område, og det er teke eit initiativ for å gjera samarbeidet sterkare. Dette er og ein konsekvens av samhandlingsreforma innan helse og omsorg der det på fleire område vert krevd at kommunar går saman.

Bruken av det kommunale næringsfondet

Samnanger kommune yter tilskot til både etablerte verksemder og verksemder under etablering. Tilskot vert finansiert av kommunen sitt eige næringsfond – kraftfondet – som får ei årleg tilførsel på knapt 900.000 kroner. Mesteparten av midlane vert nytta til kommunale tiltak. I 2011 brukte me ikkje av næringsfondet til investeringar. I rekneskapen for 2011 har me nytta kr **916.442** av næringsfondet i drifta. Det var ikkje nytta av næringsfondet til delfinansiering av investeringar.

Funksjon		Prosjekt	Sum
1205	IKT		26.000
3251	Næringsføremål	Utbetaling av tilskot private	270.442
3251	Næringsføremål	Tilskot til kraftsenteret	200.000
325	Næringsføremål	Kulturbasert næring/kulturprosjekt	300.000
3857	LivOGLyst	Kommunalt tilskot	20.000
3010	Administrasjon	Delfinansiering av teknisk sitt arbeid med næring	100.000

Ut frå vedtektene for næringsfondet kan det gjevast **tilskot til private** når det er snakk om investeringar. I 2011 vart det fatta vedtak om **kr 207.500** i direkte støtte til einskildbedrifter/personar. Summen avvik med rekneskapstal då denne viser utbetalt tilskot i 2011.

Verksemd/Person	Tiltak	Tilskotssum
C-S beauty	Oppstart frisør og hudpleiesalong	70.000
Jan Gunnar Våge	Traktor	50.000
Rolvsvågen Auto a.s.	Lastebil	35.000
Webstyle Paul Torvund	Programvare	10.000
Miriam Haga	Oppstart klebutikk	25.000
Ines Hudpleieklinikk	Utstyr	12.500

Samnanger har dei siste åra prioritert arbeidet med **kulturbasert næring**. Dette er både nærings- og lokalsamfunnsutviklingsprosjekt, og det er ei satsing i tråd med kommuneplanen sitt mål

 **legg til rette for bygdeutvikling**

Det er skjedd ved at me har engasjert oss i fleire ulike prosjekt i regi av fylkeskommunen og fylkesmannen. Den kommunale løyvinga frå næringsfondet på 300.000 kroner er nytta som

delfinansiering, og slik har desse midlane meir enn fordobla seg. Desse prosjekta er i det alt vesentlege gjennomført i kultureininga. LivOGLyst prosjektet har gått over fleire år.



Aktiviteten i **Kraftsenteret** har i 2011 diverre vore liten, noko som hovudsakleg skuldast alvorleg sjukdom hjå dagleg leiar. Våren 2011 vart det gjennomført eit seminar på Vil Vitesenteret i Bergen med tema Energi i eit klimaperspektiv - utfordringar og moglegheiter.

Dette seminaret var eit ledd i EU si markering Berekraftig energi. Alt i ei kustnerisk ramme med fleire utstillarar der energi var gjennomgangstema.

Hordaland fylkeskommune er den største bidragsytaren til kraftsenteret med løyving på til saman 1.5 mill. kroner fordelt på tre år. Dei har akseptert at prosjektfasen vert forlenga ut 2012. Det haster med å få fram produkt som gjer det mogleg å få kraftsenteret over frå prosjekt til eit meir permanent senter. Senteret tek f.t. del i eit europeisk prosjekt saman med eit universitet i Tyskland og institusjonar i Austerrike og Polen.



Marknadsføring av kommunen

Ein viktig strategi for å få auka folketalet vårt er å gjera Samnanger kjend. Avstanden til Bergen er mykje kortare enn mange trur. I kommuneplan har me fylgjande hovudmål

-  *Gjennom aktiv marknadsføring skal Samnanger gjerast kjend*
-  *Nyttar dråpen som samlande symbol*
-  *Ryddar skogen slik at me får god utsikt*
-  *Forskjønar fellesromma*

Det var i 2011 i gang fleire prosjekt ikkje minst knytta til kulturbasert næring som også har hatt som mål å gjera Samnanger kjend. Forsking viser at stadsutvikling er eit av dei viktigaste tiltaka kommunen kan gjera både for å auka folketalet og for å få til næringsutvikling. Fleire tiltak har gått på å gjera ulike stader meir tilgjengeleg og meir synleg. Ikkje minst har deltakarane i tiltaket *sjå sjøen*, som har gått på rydding av skog og tre langs hovudvegen gjort ein fin jobb over fleire



år for å visa fram kommunen vår. Det største tiltaket i så måte er likevel utvikling av Ytre Tysse.

Planane våre om å arbeida meir konkret med omdømmebygging og med direkte marknadsføring har diverre måtte vike pga. andre oppgåver. Dette arbeidet vil dels verta gjort i 2012 der ei spørjeundersøking blant ein del av innbyggjarane er sentral.


KYRKJA



Kyrkja har i løpet av 2009 og 2010 fått vesentleg auke i overføringane. I 2011 fekk ein ei utflating, men som figuren under viser ligg løyvinga langt over dei andre kommunane. Løyvingane utgjør 2,4 % av netto driftsutgiftene i kommunen, det doble av gjennomsnittet for alle kommunane i landet. Sidan Samnanger har inntekter over landsgjennomsnittet, understreker dette ytterlegare at Samnanger prioriterer kyrkja.


	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Netto driftsutgift. funksjon 390,393 i % av samla netto driftsutgifter	2,4	1,7	1,2
Brutto investeringsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbyggjar	292	180	155

Me har tidlegare hevda at stell av kyrkjegarden og arbeid knytt til gravferdene har vore hovudforklaringa på at utgiftene våre har vore høge. Det er nok fortsatt riktig, men desse har ikkje auka dei siste åra, slik at dei auka overføringane har samanheng med auke i andre kostnader. Det er gjort omfattande vedlikehald på bygningane, og det er også bygd eit nytt reiskaps- og velferdsbygg som i seg sjølv medfører auka driftsutgifter. I 2012 er det inngått avtale med kyrkja om at kommunen skal stå for arbeidet på kyrkjegarden. Grunngevinga for dette er ei oppfatning om at ein ved å samla ressursane kan få nytta dei meir effektivt.



PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE

Samnanger kommune bruker ein langt større del av samla ressursar til pleie og omsorgstenestene enn både dei mindre kommunane og vesentleg meir enn landsgjennomsnittet. Dette har halde seg slik dei siste seks åra med unntak av i 2007. Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heime for å nemne dei mest omfattande – også tenester til funksjonshemma.



Som tidlegare nemnd i meldinga gjer omlegginga i finansiering av barnehagane at sjølv om det er vekst i ressursbruken vil andelen av netto driftsutgifter likevel gå ned.


Tal eldre definert som personar over 70 år har gått klart attende i Samnanger sidan 2005. Dette gjeld for alle aldersgrupper med unntak av for personar over 90 år som har auka mykje. Behovet for tenester frå plo aukar markant med alder, og ein av grunnane til det høge forbruket vårt kan kanskje liggje her. Det er likevel slik at over halvparten av personar i gruppa over 80 år klarer seg utan hjelp frå pleie og omsorg. Det er og ein tendens på landsbasis at etterspurnaden etter tenester frå PLO aukar frå dei under 67 år utan at det har vore så tydeleg i Samnanger. Med innføring av Samhandlingsreforma vil nok dette auke.

Tal personar i ulike aldersgrupper pr. 1.1.

	2005	2010	2011	2012	Endring 2005 - 2012
70-74 år	86	47	63	73	- 13
75-79 år	85	78	74	72	-13
80-84 år	78	65	62	60	-18
85-89 år	52	48	49	49	- 3
90 år og eldre	20	29	33	34	14

Samnanger har like stor andel av befolkninga over 80 år som gruppe 2 , men for dei mellom 67 og 80 ligg me lågare enn gruppe 2 og meir lik landsgjennomsnittet. Dette skulle i seg sjølv tilseia

at ressursbruken vår burde vera mindre enn gruppe 2, noko som figuren over viser ikkje er tilfelle. Slik statistikken er bygd opp er det ikkje mogleg for oss å seia at me har fleire enn dei andre over 90 år for på den måten å forklara profilen på tildeling av tenester. Det er interessant å sjå at landsgjennomsnittet ligg høgt når me tek omsyn til befolkningsammansettinga, og me har ei formeining om at dei store kostnadane kjem i dei eldste aldersklassene.



Eininga har hatt store problem med å halda budsjetta sine dei siste par åra til tross for at området har vorte prioritert med midlar. Eining sjølv peikar på at det har kome til fleire krevjande brukarar. Sjukefråværet var rekord høgt, med på fylgjande meirforbruk. Særleg utfordrande for kommunen både fagleg og økonomisk vart det å handtera tilbodet til ein ressurskrevjande heimebuande. Me hadde ved budsjettoppstillinga forventa å få statstilskot, men brukaren sin alder gjorde at me ikkje kom inn under tilskotsordninga. Dette regelverket vert det no sett fokus på, og venteleg vil press frå mange kommunar føra til ei omlegging. Me fekk kr 400.000 i ekstraordinære skjønsmidlar knytt til denne brukaren, noko som kom godt med. Me klarte ikkje å finansiera heile denne kostnaden innanføre ordinære midlar i 2011, men måtte bruka av disposisjonsfondet for å få budsjettet i balanse. Denne ekstraordinære kostnaden gjer sjølvsagt sitt til at me ligg høgt på netto kostnad.

Samnanger har fleire sjukeheimplassar enn gjennomsnittet både for gruppe 2 og for landet. Dette forklarar fordelinga av ressursbruken i eininga.


%-del av midlane i plo på ulike føremål

	Samnanger		Gruppe 2		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011
sjukeheim	56	52	48	47	46	46
heimeteneste	38	41	48	49	49	49
aktivisering	6	6	4	4	5	5

Hjelp frå plo går først og fremst til eldre, og behovet for hjelp aukar med alderen. I tillegg kjem tilbodet til dei funksjonshemma. Dette vert ført under heimetenester. Samla utgifter til funksjonshemma utgjorde ca 20 % av netto driftsutgifter til plo i Samnanger. Me har ikkje informasjon til å samanlikna oss med andre kommunar.

Brutto driftsutgifter seier noko om produktivitet. Avgjerande for resultatet er både det nivået på tenestene som kommunen har vald, men også kva behov brukarane har. Enkelt sagt vil ein gamal befolkning medfører større behov.

Statistikken viser at ressursbruken vårt fordelt pr. brukar ligg langt over gjennomsnittet. Dette kan dels forklarast me at me har mange sjukeheimplassar som er den klart dyraste driftsforma. Men også dels ved at me har heimebuande som får omfattande tilbod. Her kjem både ressurskrevjande eldre brukarar og funksjonshemma inn. Som me vil sjå seinare er utgiftene på sjukeheimen pr. plass om lag som for dei andre. Men sidan me har fleire plassar, og drift av sjukeheim kostar vesentleg meir enn heimetenester vil det gje høgare utgifter. Eininga måtte, pga. ressursituasjonen redusera tilbodet til dei "vanlege" brukarane av heimetenestene, og det forklarar i det alt vesentlege reduksjonen.



Brukar- og pårørandeundersøkingar som vert gjennomført våren 2012 vil visa kva oppfatning det er av kvaliteten me har på tenestene våre. Me får få klager, og dei me har fått har me forsøkt å ta omsyn til. M.a. ga fleire pårørande uttrykk for at legen var for lite tilgjengeleg på sjukeheimen. Tilsynslegestillinga vart auka opp, og me ligg no over landsgjennomsnittet.

Sjukeheim

Hovudgrunnen til utbygginga ved Samnangerheimen er standarden. Under halvparten av bebuarane har einerom med bad. Lovverket tilseier at alle som ynskjer det skal få einerom. Samnanger har betre dekking (målt i høve til den aktuelle brukargruppa 80 år +) enn dei andre kommunane, noko som og var grunnen til at tal plassar ikkje vert utvida med nybygget. Demensproblematikken er omfattande og aukande. Eininga legg ned mykje arbeid for å bruka plassane på ein så god måte som mogleg. Det kan av og til medføre flytting av rom, noko som mange pårørande har vore kritiske til. Som tabellen viser ligg me med dei 6 plassane om lag som landsgjennomsnittet.

Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Plassar i % av innb 80 år og over	21	18,8	18,7
Andel av innb. over 67 år på institusjon	5,8	7	5,9
Andel av innb. over 80 på institusjon	14,7	15,8	14,1
Andel av plassar til korttid	13,3	12,7	14,8
Andel plassar i skjerma plassar demens	20		23,6


80 % av dei som bur på sjukeheimen er over 80 år. Etterspurnaden etter tenester frå plo frå personar under 67 år har auka. Dette gjeld også institusjonsplassar. I Samnanger bur det pr. d.d. ingen personar under 67 år fast, men det har skjedd at nokre har vore innom på korttidsplass. Dette er ei gruppe som i framtida i større grad vil etterspørja institusjonsplassar for kortare eller lenger tid. Jmf. Samhandlingsreformen. Statistikken viser at dei i 2010 beslaglegg 13,4 % (gruppe 2)/ 12,8 % (landet) av plassane.

Samnanger har om lag dei same brutto driftsutgifter pr sjukeheimplass som landsgjennomsnittet – **kr 909.700** mot kr 878.707 for landsgjennomsnittet, men 100.000 kroner meir pr. plass enn i gruppe 2. Kostnaden vår til tilsynslegen er ført på helsebudsjettet og ikkje på sjukeheimen. Her er det varierende praksis. Statistikken elles viser at me har høgare kostnad i direkte pleie enn dei andre. Det er eit gjennomgåande trekk i Samnanger at ressursane i størst mogleg grad går til direkte brukarretta tenester. Brukarbetalinga i høve til korrigerte brutto driftsutgifter er lågare i Samnanger (12,7%) samanlikna med landsgjennomsnittet (15,3), men dette har liten innverknad på kostnaden slik han er presentert over (brutto kostnad)..

Heimetenestene

Heimetenestene omfattar både tilbod til eldre – heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen- men også tenester til dei funksjonshemma.

Det er relativ sett færre eldre i Samnanger som mottek heimetenester. Dette kan dels forklarast med god sjukeheimdekking. For dei yngre – og her kjem dei funksjonshemma inn – ligg me under gruppe 2 men over landsgjennomsnittet. Det er ofte blant desse ein finn brukarar med omfattande hjelpebehov



Andel av befolkninga i aldersgrupper

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
67-79 år	9	10,2	8,7
80 år og over	5,9	5,8	4,4

Korrigerte brutto driftsut. i kr pr. mottakar av heimetenester



Kostnad pr. brukar har gått vesentleg ned frå 2010 i Samnanger og me ligg no på same nivå som landet og ca 10.000 kr høgare enn for gruppe 2. Dette til tross for at me i 2011 har ein svært ressurskrevjande brukar. Slik utviklinga i ressursbruken vart i eininga, var det nødvendig å foreta reduksjon i tilbodet. Dette vart gjort i tenestene til heimebuande eldre.


Sjølv om det ikkje har så stor betydning for kostnaden, så skal det og nemnast at eigenbetalinga dekkjer ein langt mindre del av kostnaden i Samnanger (1,0 % av korrigerte brutto driftsutgifter) enn for landsgjennomsnittet (1,4%) eller for gruppe 2 (1,5%).

Tenester til funksjonshemma

Utgiftene til dette området auka også i 2011. Eininga melder likevel attende at dei ynskjer å utvida tenestene ytterlegare. Det vert særleg peika på at fleire heimebuande bør få tilbod om arbeid/dagaktivitet.

Etterspurnaden etter avlasting både i helgane og no også i veka har auka. Me kan ikkje gje desse tenestene sjølve, noko som me reknar me skal skje når senter for funksjonshemma vert bygd. I 2011 kjøpte me tenester for 1.1 mill kroner der det meste gjekk til kjøp frå private.

Utgifter funksjonshemma i kr



Hausten 2011 flytta ein til bebuar inn i bufellesskapa på Skottebakken. Me gir no tilbod om heildøgns tilsyn til 7 personar fordelt med to i bufellesskapet på Haga og 5 på Skottebakken.

Det er nok ikkje berre Samnanger som har opplevd ein aukande etterspurnad etter tenester frå personar eller pårørande til personar med nedsett funksjonsevne. Rettar og like moglegheiter er sentrale omgrep i så måte. Samnanger kan nok med bygging av eit samla senter effektivisera ressursbruken ein del, men det er likevel eit spørsmål om ikkje det bør setjast større søkelys på om denne tenesta er underfinansiert frå statleg hald.

Aktivisering av eldre

Me tilbyr i dag dagsentertilbod til heimebuande eldre ein, evt. to dagar i veka. Fleire friviljuge medarbeidarar arbeider saman med fast tilsett personale. Brukarane vert henta i heimen og køyrd til Samnangerheimen der tilbodet vert gitt på daglegstova. Mange eldre bur åleine, og med dagtilbodet får dei moglegheit til å koma saman med andre. I 2011 var utgiftene på ca 1 mill, kroner. Det er om lag det same som dei siste åra. Dagsenter er ikkje ei lovpålagt teneste, men m.a i Samhandlingsreforma er tilbod om aktivisering av heimebuande eldre fått ekstra merksemd. Gode førebyggjande tilbod til heimebuande kan redusera/utsetja behovet for meir omfattande tenester. Det gir også mange eldre betre kvalitet i kvardagen. Dette er likevel eit område som må sjåast på sidan me har knapt med midlar. Alternativ til evt. redusert drift kan vera å få engasjert fleire friviljuge.

Statistikken er laga slik at me ikkje får ut tal berre for aktivisering av eldre. Me har derfor lite grunnlag for å seia noko om ressursbruken vår samanlikna med andre. Tabellen under presenterer tal både for dagsenter eldre og for dagtilbod funksjonshemma. Samla har me ein vesentleg høgare ressursbruk målt i høve til vaksne enn dei andre kommunane

Netto driftsutgifter til aktivisering av eldre og funksjonshemma pr. innbyggjar over 18 år

<i>Samnanger</i>	<i>Gruppe 2</i>	<i>Landet</i>
1.626	868	973

SOSIAL OG HELSE

Det vil alltid vera eksterne faktorar som gjer at det er vanskeleg å ”treffa” når ein budsjetterer innan område som barnevern og økonomisk sosialhjelp. I 2011 kom det ein del utfordringar innan barnevern, men m.a. pga. auke refusjonar var det ikkje naudsynt å utvida ramma. Rekneskapen viser ei innsparing på knapt 1 mill. kroner, men dette skuldast at kommunen har, etter søknad, fått refundert utgifter knytt til busetting av flyktningar i 2010 og 2011. Delar av desse utgiftene var teke inn i budsjettet.

Samnanger bruker ein god del meir midlar målt i høve til diverse faktorar. Dette gjeld særleg helse og barnevern. Innan helse er det først og fremst legevakta og førstehjelpsbilen som trekkjer opp.


Økonomisk sosialhjelp

Ei målsetting med NAV-kontor var at brukarane skulle få ein organisasjon å forhalda seg til, og personalet her skulle vera i stand til å sjå kva yting som ville gjera den einskilde best i stand til å ta vare på seg sjølv. I Samnanger har me to-delt leing ved NAV-kontoret; det kan vera eit hinder for god integrering av statlege og kommunale ordningar. Eit felles kontor bør likevel gje gode moglegheiter for samordning. Kommunen har hatt ei forventning om at dei kommunale ytingane burde gå ned, då me meinte at ein del av dei som hadde gått lenge på økonomisk sosialhjelp kanskje hørde heime på statlege trygdeytingar.

Som vist tidlegare gjer omlegginga av finansieringa av barnehagane det vanskeleg å samanlikna fordelinga i 2011 med tidlegare år. Samanlikna med andre kommunar ligg me i 2011 langt over gruppe 2 og om lag på nivå med landet. Tabellen under viser ein markant reduksjon i dei som mottek økonomisk sosialhjelp. Det viser at me har lukkast i arbeidet med å finna meir tenlege ytingar.

	Samnanger		Gruppe 2		Landet	
	2010	2011	2010	2011	2010	2011
Netto drifts.utg. i % av samla driftsutg	3,9	3,6	2,4	2,0	4,5	3,8
Andel sos.hjelpsmot i høve til innb 20 – 66 år	4,4	3,9	4,1	4,0	4,2	4,1

Utgiftene våre til sosialtenestene auka mykje i 2009. Dette skuldast m.a. at me då starta busettinga av nye flyktningar. Dei lever dei første åra anten på økonomisk sosialhjelp eller på



introduksjonsstønad, og det er ein god del arbeidsinnsats for å hjelpa dei. I figuren er det føreteke korrigeringar for utgiftene til flyktningar då me meiner dette er ein så særleg situasjon at det kan vera grunn til å sjå på utgiftene til "ordinær" aktivitet.

I 2011 valde me å synleggjera også utgifter til undervisning av flyktningane i grunnskulen over sosialbudsjettet der dei andre utgiftene er ført og ikkje minst sidan heile statstilskotet kjem inn her. Overføringane til grunnskule utgjorde vel 1.7 mill. kroner. Ut over dette har me i denne statistikken med ca 1 mill.kroner i utgifter fordelt på økonomisk sosialhjelp og

drift av flyktningekontoret. Statstilskot vert ført på annan funksjon og kjem derfor ikkje inn å korrigerer netto utgiftene her.

Dersom me held utanføre utgiftene til busetting av flyktningar, ser me at me i 2011 ligg på nivå med gruppe 2 og langt lågare enn landet.

Det er lagt ned mykje godt arbeid for å nå målet om å finna fram til rette type tiltak, det vera seg andre trygdeordningar eller arbeidsmarknadstiltak for denne gruppa. Me har lukkast både i å redusera tal personar som mottek sosialhjelp og redusert tal personar som går lenge på denne type stønad.

Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Totalt	50	47	45	57	52	64	58
Meir enn 6 mnd.	17	16	16	18	20	27	18

På ein del område manglar det statistikk for andre kommunar. Me må då sjå til 2010, og då ser me at det fortsett er arbeid å gjera på dette område.



	2010			2011		
	Samnanger	Gr. 2	Landet	Samnanger	Gr. 2	Landet
Snitt stønadslengd	5,2	3,6	3,9	4,4		
Snitt stønadslengd 18- 24 år	5,9	3,3	3,7	4,5		
Andel med stønad over 6 mnd.	42	25	28	31	22	34
Andel med sosialhjelp som hovudinntekstkjelde	44	33	45	55	33	44

Ytingane pr. mnd. pr brukar ligg i gjennomsnitt på kr 4.606, noko som er ein klar nedgang frå året før (kr 5.750).. I gruppe 2 var ytinga på kr 6.345 og for landsgjennomsnittet kr 6.646.

Barnevern

Samnanger bruker meir pengar på barnevern enn andre. Slik statistikken er laga er det vanskeleg å konkludera eintydig om årsak til dette. Me har same andel barn med undersøking som gruppe 2, men ligg under landsgjennomsnittet. For barn med tiltak ligg me klart under gruppe 2 og om lag som landsgjennomsnittet. Ei forklaring kan vera at med har omsorga for fleire barn.

Omsorgsovertaking er det mest ytterleggående tiltaket i barnevernet, og det har ein høg kostnad



også økonomisk. Forebyggjande tiltak kan ofte vera små, men likevel viktige for at familiane maktar å ha god omsorg for barna. I Samnanger er barnevernet inne med økonomisk hjelp slik at barna kan gå i barnehage og i sfo.

Samnanger kommune har i dag god bemanning i barnevernet. Ved hjelp av statlege løyvingar fekk me oppretta ei ny stilling Det ligg derfor godt til rette for å arbeida forebyggjande. God bemanning kostar, noko som me ser att i tabellen under som viser at me har høg kostnad pr. barn med undersøking eller tiltak. Me har ein netto driftsutgift pr. barn i barnevernet som


er vel 30.000 kroner meir enn landsgjennomsnittet og kr 39.000 meir enn gruppe 2. .

Brutto driftsutgifter i kroner pr. barn

	Samnanger	Gr 2	Landet
Pr. barn i opphavleg familie	28.368	36.216	30.582
Pr. barn utanfor opphavleg familie	283.857	274.480	292.513
Pr. barn med undersøking eller tiltak	51.088	40.171	37.447

Helsetenester


Samnanger har alltid prioritert helsetenestene høgt. I 2011 gjekk 5,4 % av netto driftsutgifter til dette område. For gruppe 2-kommunane var %-delen 5,1 % og for landet 4,2 %, Målt i kroner brukte me vel 1.100 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet og 472 kroner meir enn gruppe 2 . Denne skilnaden har vart ved over fleire år. I 2010 o 2011 fekk me auka utgifter på helsebudsjettet til førstehjelpsbilen. Kostnaden var i 2011 ca 500.000 kroner, car kr 200 pr innbyggjar.



Det er innan legetenesta og då særleg beredskap – legevakt og førstehjelpsbil – me bruker mykje pengar. Det har ikkje vore mogleg å få redusert legevaktskostnadene våre, sjølv om det er klart at Samnanger tek meir enn sin del av utgiftene i den interkommunale ordninga. Det er likevel slik at eigen legevakt ville kosta oss meir.

I 2011 vart kostnaden til helsestasjon auka vesentleg, ved m.a. ei utviding av helsesøsterstillinga.

I samhandlingsreformen og i ulike andre skriv frå staten er det sett fokus på førebyggjande arbeid. Dette arbeidet er ikkje nødvendigvis eit arbeid for helsepersonellet, i alle fall ikkje berre for dei. Både helsesøster og jordmor har peika på trong for meir ressursar. I diskusjonen om organisering av arbeidet med folkehelse og ressurstildeling må spørsmålet også sjåast opp mot behovet i helsetenestene.



Samanlikning av årsverk på ulike stillingar .

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Lege pr 10.000 innb	11,2	11,8	9,7
Fysioterapi pr. 10000 innb	8,3	9,2	8,4
Årsverk førebyggjande , helsestasjon og skulehelsetenesta pr 10.000 innb 0 – 5 år	14,6	14,8	11,0

Den kommunale fysioterapeuten er engasjert på mange området og gjer ein god innsats m.a. med formidling av hjelpemiddel. Det har over tid og frå fleire vorte peika på behovet for meir kompetanse og ressursar innan området ergonomi.

TEKNISKE TENESTER

Eininga har i 2011 hatt godt kvalifisert personell. Dette er viktigare enn nokon sinne sidan krava ikkje minst dokumentasjon har stadig vorte større. Fokuset for eininga i 2011 har vore å få på plass gode og rasjonelle rutinar for drift. M.a. er det inngått ei rekkje avtalar med entreprenør. Vedlikehald ikkje minst av vegane våre er ei utfordring. Sjølv om dette har vore prioritert med ekstra midlar frå år om anna, er me svært uroleg over situasjonen. For einskilde vegar er det snakk om tryggleik både for trafikantane og ikkje minst for dei som utøver vintervedlikehaldet. Eininga fekk styrkja ramma si då ein venta høgare straumutgifter enn budsjettert. Vinteren var ikkje som dei to føregåande åra, han var mild og prisane var låge. Det gjorde at tilleggsøyvinga vart ståande ubrukt og er med å bidra til ”overskotet” på rekneskapen.

KOSTRA-statistikken for 2011 for dei områda som ligg til teknisk er diverre svært mangelfulle. Det gjer det vanskeleg å samanlikna oss med andre. Me har til ein viss grad nytta 2010-tal for dei andre, andre stader har me vald berre å kommentera utvikling i eigen kommune.

Plan, byggje og dele, kart og oppmåling og naturforvaltning

Her legg me bak oss ein krevjande periode ikkje minst som fylgje av vakansar i stillingane. Planleggjar byrja tidleg på året, ny byggjesakshandsamar om våren og ny ppmålingsingeniør kom på plass sist haust. Til tross for eit visst etterslep er situasjonen no innan desse områda akseptabel. Det er likevel slik at nye reglar og forskrifter krev betydeleg meir innsats i dag enn tidlegare. Kostnaden vår har gått vesentleg opp pga. meir omfattande sakshandsaming. Sjølv om talgrunnlaget er dårleg viser dei fleste statistikkane at me bruker vesenleg meir ressursar enn dei andre kommunane. På fleire område ligg me på meir enn det doble. Dette er tilhøve som må sjåast nærare på. Det kan tenkjast at det er innrapporteringa som er feil, men slik rådmannen opplever det bruker me no vesentleg meir tid til m.a. byggjesakshandsaming.

Gebyr

Sjølv om me utarbeidde nytt regulativ for dette området i 2010, er det alt bestemt at dette skal reviderast før sommaren 2012. Det vil då fange opp i seg m.a. auka tidsbruk. Det er og område der me ut frå dagens regulativ ikkje kan krevja inn gebyr. Sjølv om datagrunnlaget er tynt ser me at gebyra våre ligg under dei andre. Oppmålingsgebyret vårt for ei tomt på 750m² var i 2011 kr 8.800, medan landsgjennomsnittet i 2009 låg på kr 11.030. Dette er nok situasjonen for dei fleste gebyra innan dette området.

Det har skjedd ulovleg bygging i Samnanger – som også i andre kommunar-. Avdekking og oppretting av dette er krevjande, og me har fram til no ikkje hatt ressursar til å prioritera det. Andre kommunar har gått saman og tilsett eigne folk på området. Dette er noko me bør drøfta. Eininga sjølv har i alle fall gitt utrykk for at dei finn det lite tilfredsstillande å sjå denne type saker utan å få gjort noko.

Samferdsel

Utfordringane er mange innan dette området, og me føler heile tida at me burde brukt vesentleg meir midlar her. Statistikken viser at Samnanger prioriterer dette området høgare enn dei andre.



	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Netto driftsutgifter samferdsle i % av samla netto driftsutgifter	2,7	2,2	1,6
Brutto driftsutgifter i kr pr. innbyggjar samf.	4310	947	680

I 2011 brukte me i tillegg til mykje pengar til drift også mykje på investeringstiltak. Dette galdt først og fremst sikring av bruer.


Eit av måla i kommuneplanen er at Samnanger skal

 *ha eit vegnett som er oversiktleg*

Eit ledd i dette er skilting av vegane. Ferdigstilling av dette arbeidet har latt vente på seg, men ved nyttår var arbeidet fullført.

For Samnanger sin del gjeld samferdsel i det alt vesentlege kommunale vegar. I 2011 har me eit vesentleg hopp i driftsutgiftene. Einingsleiar har inngåande gjort greie for kva tiltak som er gjort på vegane våre. Vintervedlikehaldet kosta svært mykje.

I Samnanger har me noko fleire km. veg pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet men langt færre enn gruppe 2. Me har imidlertid ansvar for vesentleg fleire km. gang og sykkelveg enn dei andre (33 km mot 20 for gr 2 og 13 for landet). Vedlikehald av desse er og ei utfordring, og forklarar nok ein del av meirutgiftene. På den andre sida gir me ikkje tilskot til private vegar, noko dei andre har utgifter til.



Veglys har vore eit mykje debattert tema i Samnanger. Dette gjeld både standard og at kommunen må ta kostnad på dei "gamle" fylkesvegane og på ein del private vegar. Kommunen vil med det første måtte ta stilling til spørsmålet på nytt fordi det er kome krav om utskifting av alle gamle "lampar" ut frå eit miljøperspektiv. Dette vert ein omfattande kostnad.

	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Kostnad i kr til veglys. pr. km komm. veg	6667	11324	20037
Kostnad i kr til veglys. pr. lyspunkt langs fylkes-/riksveg som kommunen betaler for	417	563	792

Me meiner at utgiftene til veglys tek ein alt for stor del av vegbudsjettet. Men statistikken viser at sjølv om me har langt lågare utgifter enn både landsgjennomsnittet og gruppe 2 både for "eigne" lys og for lys langs fylkesvegane.

Vatn og avlaup

Utgiftene på desse to tenestene skal i utgangspunktet dekkjast av abonnentane. I 2011 har me ein sjølvkostgrad på vatn på 96% og for avlaup på 98%. Landsgjennomsnittet ligg på 99% og 100%. Det betyr at ein del av utgiftene vert betalt over det ordinære driftsbudsjettet i Samnanger. Det bør vera eit mål at abonnentane betalar kostnaden fullt ut.

Vassavgifta i Samnanger er blant dei høgste i landet. Me ligg på det doble av landsgjennomsnittet. Me høyrer om mange kommunar som har store utfordringar på dette området, men det ser likevel ut som dei makter å møte dei utan å få høge avgifter. Det er stadige små og store investering/utbetringstiltak som må gjerast med vassverka våre, så einaste håpet om å få ned avgifta er ved å få nye abonnentar. I 2011 vart det bygd nytt høgdebasseng på Ytre Tysse. Det vart også utført arbeid på høgdebasseng i Nordbygda for å nemne nokre investerings/større vedlikehaldstiltak. I neste omgang går desse investerinane inn som del av grunnlaget for avgiftene. Det kom til få nye abonnentar i 2011. Det er planar for utviding av vassforsyninga mot Frøland/Totland. Dette vil vera ei så stor investering at det truleg ikkje vil bidra til at me kan setja ned årsavgifta.

	Samnanger	Gr. 2 (2010)	Landet (2010)
Vatn årsgebyr	6598	3142	2792
Tilknytning	10220		
Andel driftskostnad	40,9	64	68,7
Andel tilknytt	59,3		83,5
Avløp årsgebyr	2130	3350	3101
Tilknytning	9882	11328	10418
Andel driftskostnad	73,0	72,1	69,4
Andel tilknytt	44,9	58,8	84,0

For avløp har me kostnader som er langt lågare enn dei andre kommunane. Utfordringane står i kø, ikkje minst på Indre Tysse og elles ved at det er mykje gamle leidningar som treng skiftast. Her må me snarst koma i gang.

Tidlegare års samanlikning har vist at innbyggjarane i Samnanger betaler ein god del meir i tømmegebyr for slam. Sjølv om det manglar tal for siste året er det fortsett grunn til å tru at dette ikkje har endra seg.



Her det ikkje lett å koma igjennom

Renovasjon.

Det er det interkommunale selskapet BIR som står for renovasjonsordninga i Samnanger. Gebyret har lagt så godt som fast dei siste åra, sjølv om det skjer nye aktivitetar. Gebyret i 2011 var på kr 1.902, gruppe 2 har ein sats på kr 2.252 og landsgjennomsnittet er på kr 2.296.

Brann- og ulukkesvern

Til dette området høyrer feiing, tilsyn og brannvern. I 2011 var det eit interkommunalt samarbeid med Fusa der Samnanger var ansvarleg for feiing og tilsyn og der Samnanger har brannsjefen og Fusa varabrannsjefen. Av ulike grunnar fungerte dette dårleg, og kommunestyret har vedteke å avslutta det.

Med tilsett feiar i full stilling, vart arbeidet så godt som utført etter planen. Pipene skal som hovudregel feiast anna kvart år og tilsyn kvart 4.de år. Samnanger har forsett ikkje høge nok avgift til å dekkja alle kostnader, men me er no nærare sjølvkost enn tidlegare. Netto kostnaden for Samnanger var i 2011 kr

Feiegebyr

Samnanger	Gruppe 2 (2010)	Landet (2010)
384	351	332



Samnanger har høge utgifter til brannvern samanlikna med andre, og det ser berre ut til å auka. Det er ei utfordring å få redusert desse kostnadene. Brannsjefen peiker stadig på oppgåver som må gjerast.

Samarbeidet med Fusa var ikkje inititert av moglege innsparingar. Den store kostnaden er knytt til vaktberedskapen, og dagens regelverk gjer det ikkje mogleg å gjera det saman med andre kommunar.

Samnanger mottok kr 230.000 i tilskot fordel på felles brannøving for dei to kommunane og innkjøp av nytt dataprogram feiging.

Eigedsforvaltning

Samnanger bruker ein mindre del av netto budsjettet til eigedsforvaltning. 7,5 % mot landsgjennomsnittet på 9% . Målt i kroner pr innbyggjar ligg me på landsgjennomsnittet. Dette er ein reduksjon i frå tidlegare år. I samanlikninga med andre bør me her vera tilbakehaldne då bygningsmassen kan vera svært så ulik mellom kommunane.



Det er likevel interessant å sjå at dersom ein samanliknar kommunane i mellom etter meir målbare kriterier, finn me mange overraskande like tal.


	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Korrigererte brutto driftsutgifter pr. m2			
kommunale eigedomar	847	730	893
administrasjonslokale	371	712	745
skulelokale	1387	1198	1287
førskulelokale	869	819	886
institusjonslokale	757	536	701

Samnanger har i klima- og energiplan sett seg som mål

 *å vera føregangskommune på energi*

Kommunen er det på nokre område, men samla ligg me om lag som dei andre kommunane. Ved nybygging har det vore fokus på å finna miljømessige gode løysingar.

Barneskulen og helsetunet er bygd ut frå slike prinsipp. I tabellen over er t.d. dei to skulane slått saman, og sjølv då ser me klart lågare energibruk på skulelokale. Det er likevel eit paradoks at energibruken i kommunehuset der det er glip mellom vindauga og karmen ligg så lågt samanlikna med andre administrasjonslokale. Reduksjonen i kostnaden i 2011 har både samband med varmare vinter – mindre forbruk – og lågare prisar. Her gjorde teknisk ein god jobb i tingingar om ny kontrakt.




	Samnanger	Gruppe 2	Landet
Samla areal i m2 mål etter			
skulelokale pr.elev	23,4	20	18,8
institusjonsbygg pr. innb over 80 år	18,6	31,2	23,4
Barnehage pr. barn 1 – 5 år	6,8	7,2	5,4
Energikostnader pr m2			
kommunale eigedomar	100	116	117
administrasjonslokale	89	119	109
førskulelokale	132	143	138
Skulelokale	87	125	113
institusjonsbygg	137	122	125
idrettsbygg	43	72	130

Samnanger har i 2011 prioritert skule og barnehage meir enn dei andre kommunane. I einingsleiar si årsmelding er det gjort greie for kva tiltak som er gjort. Det er ikkje unaturleg ut frå at det er planar for større utbetringar av kommunehuset og at sjukeheimen skal rivast. Nye bygg vil framstå med høgare kostnad enn eldre bygg pga. at avskrivningar inngår som ein driftsutgift. Dette kan delvis forklara barnehagen sin relativt sett høge andel.




Nedprioritering av kommunehuset



Landbruk

Samnanger har felles landbrukskontor med Os og Fusa. Heller ikkje for 2011 finn me tal i KOSTRA for dei andre kommunane, og me har derfor ikkje grunnlag for å samanlikna oss med andre.

Samnanger nytta i 2011 kr 443.000 kroner til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling mot kr 451.000 året før. I høve til budsjettet er det eit mindre negativt avvik.



Det er registrert 242 landbrukseigedomar i Samnanger. Som einaste kommune i det interkommunale samarbeidet aukar tal jordbruksverksemder. Desse eigedomane er innrapportert som eigedomar i drift. Som figuren over viser er det ein liten skilnad frå år om anna over landbruksareal som er i drift. Som ein ser er det ikkje eintydig samanheng mellom tal jordbruksverksemder og landbruksareal i drift, men ein viss samanheng er det. Variasjonar frå eit år til anna kan vera tilfeldig. Det er meir viktig å sjå over tid. Det er derfor gledeleg å sjå at tilbakegangen frå 2006 til 2011 er å rekna som minimal.

Produktivt skogareal i Samnanger er oppgitt til 35.184 dekar.



BARN OG UNGE – der du vil leva

I kommuneplanen under satsingsdråpen *Levekår* har Samnanger hovudmålet;

Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig

Samfunn for alle innbyggjarane

Det skal vera fokus på:
Medverknad og aktiv deltaking
Fleirkulturelt samfunn og integrering
Livslang læring
Kulturtilbod til alle
Folkehelsa
Psykisk helse
Tilgang til det digitale samfunnet

Samnanger har som delmål: sette barn og unge i fokus

Innanfor tenesteområda for barn og unge har det i 2011 vore stort fokus på å følgja opp tidlegare målsettingar og vedtak. Der er lagt ned mykje arbeid i utbygginga av barneskulen,

ombygging av Nordbygda skule til barnehage, forvalta tilskot til private barnehagar og trafikksikring av skuleveggar. Innanfor kulturområdet vart det i tillegg til dei faste aktivitetane sett i gang ei rekkje tiltak innan bygdeutvikling, for ungdom, kulturminne, stimerking og partnerskapsavtalar.




Uteskule

Økonomiplanen for 2010-14 har vore styrande for aktiviteten og driftsnivået til tenestene for barn og unge. Ei samanslåing av skulane skulle føre til ein reduksjon av utgiftene til skulane, som igjen skulle omfordelast for å styrkje kulturtilbodet. I rekneskapen for 2011 er der ei høgare innsparing enn det som var budsjettert. I tillegg er det lagt inn nye timar på barnetrinnet som er finansiert innafor ramma. Alle barn som fyller 1 år før september har ein lovfesta rett til barnehageplass. Samnanger har utvida denne retten ved å gje alle som søker om det barnehageplass. Kultureininga fekk i 2011 auka budsjettet med kr. 200.000 for å søkja om tilskot på nye kulturbaserte tiltak.

Behovsprofil – etterspørsel av tenester.

Dei siste åra har det vore rundt 30 nullåringar i Samnanger. I 2004 var det færrest i denne aldersgruppa, medan eit stort fødselstal i 2008 førte til 40 nullingar dette året. Legg me ein høg prognosevekst til grunn (SSB sin standard prognosemodell) i aldersgruppa 0-16 år ligg no talet på både nullåringane og 1-5 åringane i Samnanger på nivå med SSB sine tal for høg

befolkningsvekst. Me kan derfor rekna med at elevtalet i grunnskulen vil ta seg oppatt noko dei neste åra. For born i grunnskulealder, 6-15 år, har barnetalet gradvis vorte redusert til like under 300 elevar. Utfordringa for skulane er variasjon i årskulla og ulike klassestorleiker. Skuleplass og jobb i andre kommunar ”transporterer” ofte ungdom mellom 19-24 år ut av kommunen. I kulturplanen har særleg barn og unge i denne aldersgruppa sett fram eit sterkt ønskje om at ein hall/ fleirbrukshall kan vera viktig for å ”halde” på ungdommen.



Sjølv med ytterlegare auke i barnetalet dei neste åra, har kommunen allereie frå hausten av svært god kapasitet til å ta imot fleire barn i den nye ombygde barnehagen i Nordbygda. Frå hausten 2013 vil nybygget på barneskulen stå ferdig med ein kapasitet på 250 elevar, mot dagens elevtal på 200. Kommunen har med denne satsinga imøtekome både etterspørsel for barnehageplass og godt skuletilbod. I tillegg er det tatt høgde for at folketalet kan verta auka ytterlegare gjennom tilflytting. Det er likevel lite realistisk at tilflyttinga vil koma dei næraste åra i og med det ikkje er planlagt nye større bustadområde i kommunen.

Mål i skulen – I kommuneplanen er det vedteke at me:

- Har god kvalitet på tenestene og kompetanse hos tilsette som arbeider med barn og unge.
- Gjennomfører Kunnskapsløftet i skulane med visjonen ”ein stad å vera, ein stad å læra”.
- Satsar på realfag og småkraft med ”VATN – kreative krefter”.
- Gir barn og unge høve til å delta i det digitale samfunnet uavhengig av sosiale tilhøve.
- Barnehagar, skular og andre institusjonar skal ha fysisk aktivitet kvar dag og ha fokus på sunn mat.
- Har nulltoleranse for mobbing.

- ◆ Etablerer positive møte med barn frå andre land og kulturar samstundes som eigen kultur og identitet vert styrka.
- ◆ Vidareutviklar helsestasjonen – meir tverrfagleg samarbeid med særskilt fokus på rus, ernæring, fysisk og psykisk helse.
- ◆ Tar i bruk rusførebyggjande tiltak i grunnskulen og utviklar opplegg i samarbeid med idrettslag og andre frivillige lag og organisasjonar.

Samnanger kommune har i tillegg til måla i kommuneplanen vedteke felles mål og strategiar for alle skolane:

Ein god stad å vera. Ein god stad i læra.
Læringsutbyte og læringsmiljø

For å nå måla vert det arbeidd med elevmedverknad, elevdemokrati, motivasjon, trivnad utan mobbing, godt fysisk miljø, spanande og engasjerande undervisning. Elevane sine elevundersøkingar, nasjonale prøvar og andre vurderingar er indikatorar på om Samnanger har nådd målsettingane.


Måloppnåing – skulevurdering; Systematikk gjev resultat.

Samnanger har ein årleg systematisk dokumentasjon av læringsutbytet og læringsmiljøet. Skulen skal leggja stor vekt på å utvikla grunnleggjande ferdigheiter i å *uttrykkja seg munnleg, lesa, skriva, rekna og bruka digitale verktøy*.

Ferdigheitene er innarbeidde i læreplanar for alle fag, og har kompetansemål for kva elevane skal meistra på ulike trinn. Kvar enkelt elev skal stimulerast til størst mogleg måloppnåing gjennom tilpassa opplæring og vurdering for læring.

Ressursar


Elevane våre skal ha like gode læringsvilkår uavhengig av kva skule dei går på. Kvaliteten på opplæringa vert målt systematisk gjennom kartlegging og vurdering av elevane sine prestasjonar.



Det er satsa på etter- og vidareutdanning for å få gode lærarar i klasse-rommet med rett og høg fagkunnskap, og tydeleg klasseleiing. I 2011 var nettoutgifta til heile grunnskulesektoren på kr. 32.251 millionar. Det inkluderar all grunnskuleundervisning, reinhald, skyss og sfo. I 2008 utgjorde skulesektoren rundt 35% av det totale nettobudsjettet.

Kommunen endra då prioriteringa og starta eit nedtak på skuleområdet. Dei to barneskulane vart slått saman hausten 2010 og ungdomsskulen fekk kutt i si ramme. I 2011 er nedtaket gjennomført, og utgiftene til skulesektoren utgjorde 23,5 % av kommunen sitt totale nettobudsjett. Barneskulen har i denne perioden i tillegg fått auke i timetalet, leksehjelp og fysisk aktivitet, som er dekkja innanfor ramma. Reduksjonen er i tråd med kommunen sin skulebruksplan og økonomiplan.

Samanslåinga av barnetrinnet har auka den gjennomsnittlege gruppestorleiken frå 10,7 til 13,5 elevar i 2011. Landsnittet er 13,1 elevar. Ungdomssteget har auka frå 9,9 elevar til grupper med 11,6 elevar. Landssnittet på ungdomssteget er ein gruppestorleik på 14,7 elevar.



Eit elevtal på rundt 30 pr. årstrinn får relativt store utslag på elevkostnadar og gruppestorleik. Delingstalet for pedagogressurs eller klassesdeling er 28 elevar på barnetrinnet og 30 på ungdomstrinnet. I 2009 var det 33,3 årsverk i skulen medan det i 2011 er 27,9 årsverk.

I sfo har andelen 6-9 åringar med 100% plass auka jamt og ligg i 2011 litt under brukarane i gr. 2. Om lag halvparten av sfo-elevar hadde 100% plass i 2010. Leksehjelp rett etter skuletid vart då eit pålagt tilbod til denne aldersgruppa. Sfo-brukarane tilpassa seg dette. Me har no eit kortare og rimelegare sfo-tilbod.

Kompetanse for læring og utvikling

Det viktigaste for læringsutbytte til elevane over tid er ei god leseforståing. Og i 2011 vart det utarbeidd og vedteken ny leseplan for born og unge frå 1 – 16 år, "Leseløftet". Målet vårt med leseplanen er å få betre lesestrategiar, lese lyst og lese glede, og å bli best i Hordaland i lesing på nasjonale prøver. Det er frå hausten 2011 leseombod på kvar skule til å leia og sikra implementering av leseplanen. Leseombodet har ansvar for å implementera leseplanen, noko som også inneber eit tett samarbeid mellom skulane, barnehagane og folkebiblioteket.

- **Kompetanseutvikling for lærarar og førskulelærarar**

Målet er at lærarane skal ha god kompetanse i dei faga dei driv opplæring i. Det er eit ynskje frå skuleeigar at lærarane har fagleg fordjuping i sine fagområde. Satsinga på kompetanseutvikling er relatert til lokale behov og til krava i Kunnskapsløftet.

I 2011 har det vore etterutdanning innan elevvurdering og klasseleiing for lærarkollegia. Samarbeidet mellom ungdomsskulane i Fusa, Tysnes og Samnanger og Fusa vidaregåande held fram innan basisfaga og er eit viktig fagsamarbeid både for faglærarane sjølve og for at elevane skal få ein god overgang til vidaregåande skule. Samarbeidet kan førebyggja fråfall i vidaregåande opplæring. Ein lærar har teke 30 stp vidareutdanning innan matematikk.

Midthordland kompetanseregion gjorde i 2011 endringar i samarbeidet. Frå hausten 2011 er samarbeidet konsentrert om program for leiarutvikling, nettverk for rådgjevarane ved ungdomsskulane og nettverk for IKT – rådgjevarane innan pedagogiske verktøy. I tillegg er det starta med kommunalt tilsyn i barnehagane ved hjelp av interkommunal utveksling av kompetanse på barnehageområdet. Det er også praktisk samarbeid rundt avvikling av munnleg, lokalt gitt eksamen for faglærarar og sensorar. Ekstern skulevurdering og samarbeid om korte etterutdanningskurs er avslutta. Regionen har ein pedagogisk koordinator i 60 % stilling. Samnanger betaler ca 6 % av driftsutgiftene til regionssamarbeidet. Dette er relatert til talet på barn frå 1-15 år i Samnanger i høve til talet barn i heile regionen.



Strategisamling skule og barnehageleiarar

Læringsutbyte - Å kunna lesa, skriva og rekna er viktig for all læring

Lesing og skrivning som grunnleggjande ferdigheiter er nedfelt i alle læreplanar for faga. Elevane skal møta ein skule som frå første dag legg til rette for ei strukturert, god og tilpassa opplæring som fremjar elevane sin lese- og skrivekompetanse. Oppvekst og omsorg har vedteke lokal målsetting om;

Samnanger skal vera best i å lesa i Hordaland

• **Nasjonale prøvar**


Oppvekst og omsorg vurderer årleg skulane sine nasjonale prøver. Skuleeigar har saman med skulane ei ambisiøs målsetting om at skulane i Samnanger dei kommande åra skal vera best i Hordaland i lesing. Samnanger har frå 2007 gjennomført og dokumentert resultat frå nasjonale prøvar i 5. og 8. trinn i lesing, engelsk og rekning i kommunen si årsmelding. Dette er no blitt lovpålagt. I frå 2010 er det òg innført nasjonal prøve for 9.trinn. Prøven kartlegg i kva grad elevane har nådd læringsmåla i desse grunnleggjande ferdigheitene ved å kartlegga dei ulike meistringsnivåa.

Alle elevar som ikkje avvik frå vanleg læreplan deltek i undersøkinga. Resultata frå dei nasjonale prøvene skal følgjast opp på fleire nivå. Nye rutinar for gjennomføring og oppfølging av nasjonale prøver vart utarbeidd og vedtekne i 2011. Ved å følgja desse rutinane har kommunen betre oversyn over og kan kvalitetssikra eleven sitt utbyte av opplæringa innan områda lesing, rekning og lesing på engelsk. Samnanger låg som best i Hordaland i lesing på 5.trinn i 2011. Dette er svært positivt. Vidare jamt arbeid med motivasjon og varierande læringsstrategiar kan sikra og betra denne prestasjonen både på barne- og ungdomstrinnet. Nokre

få elevar på 5. og 8. trinn fekk fritak frå nasjonale prøver med heimel i opplæringslova, medan alle elevane i 9. trinn deltok på prøvene.

I figurane under er desse ferdigheitene til elevane kartlagt når dei startar i 5. trinn, i starten av 8.trinn og 9.trinn. For 5.trinn er det 3 meistringsnivå, medan både 8. og 9. trinn har nasjonal prøve med 5 meistringsnivå. For å forenkla tabellen under er nivå 1 og 2 slått saman til nivå 1, og nivå 4 og 5 til nivå 3 for ungdomstrinnet.


5. trinn i Samnanger har nådd målet om å bli best i lesing i Hordaland



I 2011 er 5.trinn best i Hordaland på lesing: kun få elevar er på det lågaste meistringsnivået, nivå 1, over 50 % på nivå 2 og nær 40 % av elevane på det høgste nivået.

Tidleg innsats frå 1. trinn saman med systematiske lesestartegiar over tid vil ha ytterlegare fokus dei neste åra. Det vert svært interessant å følgja utviklinga vidare når barnehagen og skulen har fått full effekt av leseplanen som er utarbeidd for barn frå 1-16 år.

8.trinn hadde mange elevar på dei lågaste meistringsnivåa i lesing, og har noko å strekkja seg mot. For 9.trinn er mange elvar på dei øvste meistringsnivåa.



For 5.trinn er resultatata i rekning diverre markant svakare enn i lesing. Nær halvparten av elevane er på nivå to, mellomste nivå, som i lesing. Men det er over 40 % på lågaste nivå, som gjev eit svakt gjennomsnitt samanlikna med kva desse elevane klarte i lesing.

9. trinn har ein stor andel elevar på dei øvste nivåa, og ligg over Hordaland. 8.trinn har fleire elevar på nivå 3 enn Hordaland. Det er likevel for stor andel i 8. trinn som ligg på lågaste nivå - over 30 % av elevane.

Læra meir og bestå – Sluttvurdering

I 2011 vart skriftleg eksamen for 10.trinn for første gong gjennomført heilt og fullt digitalt ved i norskfaget. Det var eit pilotprosjekt for Samnanger ungdomsskule. Alt knytt til eksamen, frå påmelding av kandidatar, henting av førebuingmateriell, skriving og levering av eksamenssvara og sensurering av svara, vart utført digitalt. Det var utfordrande og lærerikt.

Eksamensresultata for 2011 låg over gjennomsnittet i munnleg engelsk og samfunnskunnskap og i skriftleg matematikk og i norsk sidemål. Dei låg litt under gjennomsnittet for norsk hovudmål skriftleg, spansk munnleg og matematikk munnleg.

Grunnskolepoeng er gjennomsnittet av alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet, ganga med 10.

Grunnskulepoeng for avgangselevane i Samnanger var 40,3 i 2009 og 43 i 2010 og 39, 7 i 2011. Nasjonalt snitt er 39,9 i 2011. 100% av elevane frå Samnanger gjekk over i vidaregåande opplæring i 2011, mot 96,6 % nasjonalt.



Ikt - grunnleggjande ferdigheit og bidrag til pedagogisk utvikling

Dei to skulane har ein felles pedagogisk IT ressurs på 55%.

Samnanger nyttar It`s learning som si læringsplattform og har bevisst satsa på å utvikla den digitale ferdigheita til så vel

elevane som det pedagogiske personalet. Alle lærarane har eiga maskin. Barneskulen er komen lengst i å etablere digitale klasserom og ta i bruk Smartboard. Innan 2012 vil alle elevane på mellomtrinnet ha eigen PC på skulen. Maskinparken er standardisert og vert gradvis oppgradert. Det vert brukt om lag kr. 200.000 til vedlikehald og kjøp av nye pc'ar og program kvart år.

Læringsmiljø

Målsettinga er:

Ein god stad å læra
Manifest mot mobbing

Eit forpliktande samarbeid for eit godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø

Gjennom Manifest mot mobbing (2011-2014) bidrar dei nasjonale partane til at mobbing vert sett på den nasjonale agendaen. Det viktigaste arbeidet mot mobbing er likevel det som skjer lokalt.


Det er nedsett ei tverrfagleg arbeidsgruppe som saman med FAU-leiarane skal arbeida lokalt med manifestet og med revidering av den kommunale handlingsplanen mot mobbing. Digital mobbing er det første området me set fokus på.

Arbeidet mot mobbing krev lokal handling, og vart forankra på lokalt politisk nivå i oppvekst og omsorg i juni. Samnanger forpliktar seg til aktivt å arbeida for gode oppvekst- og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.


I elevundersøkingane for 7. og 10. trinn får skulane ei auka forståinga av elevane si subjektive oppfatting av skule- og læringsmiljøet, og korleis det kan påverka kvaliteten på opplæringa.

Undersøkinga har mange spørsmål, men kan grupperast i trivnad, motivasjon, elevdemokrati, læring, vurdering og rettleiing samt arbeidsmiljø. Tabellen har ein skala frå 1-5 der fem er beste resultat.

Nedanfor visast ei oversikt over elevane i både barne- og ungdomsskulen sine vurderingar av læringsmiljøet. Det pågår i dag ein debatt om at gutar og jenter treng ulike læringsmiljø. Me har derfor valt å skille mellom kjønna for å sjå om me kan ha ein slik tendens ved våre skular.



På spørsmål om læringsmiljøet viser elevane i 7.trinn i Samnanger ei typisk fordeling samanlikna med nasjonale resultat: Jentene er meir positive enn gutane til læringsmiljøet, medan gutane synest den faglege rettleiinga er betre enn det jentene gjer.



Totalt sett meiner elevane våre på 10.trinn at dei har eit godt læringsmiljø samanlikna med andre elevar i Hordaland. Det gjeld både med fagleg rettleing, karriererettleing og faglege utfordringar, som ligg over snittet for Hordaland. Også på ungdomstrinnet er jentene meir positive enn gutane til læringsmiljøet.


Mobbing meiner 10.klassingane det er svært lite av no. Ungdomsskulen har utvikla og følgjer ny plan for sosial kompetanse med tydelege sosiale læringsmål.

Dei nye valfaga vert innført mellom anna for å gje gutane på ungdomstrinnet auka motivasjon i skulekvardagen.

- **Skuleanlegg - eit verkemiddel for tilpassa opplæring**

Elevane opplever læringsmiljøet som svært godt på begge skulane. Elevane kjennar seg ikkje heilt igjen i dei ulike debattane i media om dårlege skulebygg/luft/temperatur/lærebøker/datamaskiner eller uteområde. Skulane prioriterar å bruke mykje pengar på inventar og utstyr dersom det er pengar igjen på budsjettet. I 2011 kjøpte kommunane i gr.2 inventar for 769 kroner og undervisningsmateriell for 1.839 kroner pr. elev.

Utgifter pr elev til inventar og undervisningsmateriell



Samnanger brukte 2.064 kroner meir til inventar og 369 kroner meir til undervisningsmateriell pr. elev. I budsjettet for 2011 vart desse postane redusert, men skulane har oppjustert dei med ledige lønsmidlar. Særleg et dette gjort i 2011 på barneskulen m.a. som ei forskottering av nytt inventar til nybygget.

💧 **Opplæring og forskning i skule og barnehage – Vatn *kreative krefter***

Samnanger satsar på VATN og fornybar energi som utgangspunkt for forskning og læring i barnehage og skule. Barnehagane forskar på ulike formar for vatn, ”dråpane” og miljø. Ungdomssteget har m.a. utarbeidd opplæringsopplegg for kraftsafari og den naturlege skulesekken. Nybygget til barneskulen er eit passivhus der elevane vil kunne ta egne målingar av både inne- og utemiljøet.



"Nanokraftverket i Nordbygda barnehage

💧 **Kunst og Kultur i grunnskulen – den *kulturelle skulesekken (DKS)***

Den kulturelle skulesekken tilbyr kunst og kultur av høg kvalitet til alle elevar i grunnskulen. Målet er at elevane får eit positivt tilhøve til kunst og kultur gjennom gode opplevingar og at dette medverkar til meir allsidig læring. Det er utarbeidd ein eigen plan for skulane der alle elevar på ulike trinn får faste kunst- og kulturtilbod kvart år.

💧 **Førebyggjande tiltak for barn og unge**

Midlar avsett til rusmiddelpolitisk handlingsplan for barn og unge vart i 2011 disponert til andre føremål i kommunen i samband med nødvendige budsjettmessige nedskjeringar totalt i kommunen.

I 2012 vil ny årleg handlingskampanje finna stad på Ungdomsskulen, og ein har som mål å evaluera rusmiddelpolitisk handlingsplan – ”*Det store spranget*” i løpet av året 2012.

BARNEHAGANE

Måloppnåing

Innanfor barnehageområdet er det vedteke nasjonale rettar om;

Full barnehagedekning - nasjonal plassgaranti for eitt-åringane.
Likebehandlingsprinsippet for private barnehagar.

Samnanger sine lokale mål og tiltak;

- Gje plass til alle som søker
- Har god kvalitet på tenestene og kompetanse hos tilsette som arbeider med barn og unge.
- Gjennomfører Kvalitetsplanen for barnehagane med visjonen "ein god start."


I 2011 er det 112 barn i kommunal barnehage og 31 barn i den private barnehagen. Ved oppstart på barnehageåret fekk alle som ønska å starta eit plasstilbod. Utover hausten kom det til nye søkjarar som fekk tilbod rundt årsskiftet.

- **Ressursar – likebehandling og kommunal forvaltning**

Barnehagetenesta produserte for 18,7 millionar kroner i 2011. Kommunane fekk tidlegare statstilskot til barnehagedrifta. Dette er no tatt inn i ramma til kommunen. Før statstilskotet til barnehagedrift vart innlemma i ramma utgjorde eigenfinansieringa rundt 2,5 % av nettobudsjettet til kommunen, medan det no ligg på 13,6%. Den private barnehagane fekk sitt

tilskot hovudsakleg gjennom statstilskot. I 2011 fekk kommunane og ansvaret for å forvalte tilskotet til private barnehagar etter likebehandlingsprinsippet. Det var likevel nytt for kommunane at i dette og låg utbetaling til private barnehagar i andre kommunar som har eit tilbod for barn folkeregistert i Samnanger. Samnanger og mange kommunar bad fylkesmannen

om lovlegheitskontroll på dette, men måtte i 2011 betale kr. 725.684 etter nasjonale satsar til private barnehagar i Bergen og Os. Den private barnehagen i Samnanger skal ha tilskot utrekna etter driftskostnadane likt med kommunen sine barnehagar. Satsen på tilskotet vart vedteke av formannskapet, og i 2011 vart det utbetalt kr. 2.823.324. i tilskot til den private barnehagen.




- **Barnehagedekning – plass til alle**

Ved å opna enda ei ny avdeling i Nordbygda fekk alle som i 2011 søkte plass. Kommunen innfridde dermed både rett på plass for dei som er fødd innan 31.08. året før og lokalt mål om

plass til alle. Fødselstalet kvart år regulerar etterspurnaden etter plassar, og siste åra har det lagt rundt ca 30 barn. Me kan dermed rekna med at det dei neste åra vil vera om lag 160 barn som har rett til barnehageplass i alderen 1-5 år. I august 2012 er Nordbygda skule ferdig ombygt til barnehage, og me kan opna endå ein ny avdeling etter som det er behov.

Nedanfor viser barnehagetilbodet frå 2005-11. Svingingane for 1-2 åringane i denne perioden følgjer i stor grad talet på fødde. Med kommunen si målsetting om å gje alle plass har Samnanger dei siste åra fått til eit svært brukartilpassa opptak. I 2011 var 83,6 % av alle 1-2 åringane i kommunen i barnehage, og 95,6% av 3-5 åringane.

Samnanger har no tilstrekkeleg med plassar til å ta imot ein ekspansiv vekst i det framtidige barnetalet i kommunen. Utfordringa vil i større grad vera om kommunen får raskt nok bygt ut nye bustadområde for å få den ønska veksten i barnetalet.



God kvalitet og kompetanse hos tilsette

I store delar av landet er det stor mangel på førskulelærarar og mange kommunar må gje dispensasjon frå kompetansekravet i barnehagelova. Samnanger har inntil no vore svært heldig og fått rekruttert kvalifisert personale til dei kommunale barnehagane, og har pedagogar i tråd med lova.

Lokalt mål – Strategiplan for barnehagane

Oppvekst og omsorg har i strategiplanen vidareført dette som Barnehageeininga sin visjon;



Saman om ein god start

I 2011 har eininga hatt særskilt satsing på;

- **LESELØFTET** – felles leseplan for barnehagane og grunnskulen. Barnehagen jobbar systematisk med språkutvikling, språkstimulerande miljø og barna sin språklege kompetanse. Kompetanseopplæring i BRAVO-metoden er gjennomført.
- **VATN-** kreative krefter.- leik med vatn og krefter er vidareført.
- **KROPP, RØRSLE OG HELSE** – Barna i barnehagen har fått varierte erfaringar som stimulerer til fysisk aktivitet og helse. Barnehagane har fokus på eit sunt dagleg kosthald, der dei m.a. lagar sunn mat saman med barna. Dei har dagleg fysisk aktivitet i barnehagen og i nærområdet. Språkutvkling skjer også gjennom fysisk aktivitet og motorisk leik.

KULTURELLE AKTIVITETAR



Innan kulturområdet har desse delmåla frå satsingsdråpen *Levekår* vore styrande for aktiviteten i kultureininga;

💧 **Samnanger skal ha tilbod til innbyggjarar i alle livsfasar.**

Det er vedteke i kulturplanen at det skal verte jobba med å få etablert ein fleirbrukshall og nytt framtidsretta folkebibliotek. Andre satsingsområde i planen er;

- turstiar / kulturstiar
- kulturvern
- ulike aldersgrupper; kulturell nistepakke, -skulesekk, -spaserstokk
- vidareutviklar kulturskulen, spesielt for ungdom og nye kunstutrykk

💧 **Alle skal oppleva at dei tilhøyrer eit sosialt og inkluderande fellesskap.**

I kommuneplanen er det er vedteke at dette gjer me;

- Pådrivar til oppretting av grendalag/velforeiningar og ha iet aktivt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Skapar nye felles møteplassar som fremjar samhandling og dialog.

💧 **Samnanger vil styrkja folkehelsa og innbyggjarane sitt mot til å ta vare på seg sjølve og kvarandre.**

Det er vedteke at dette gjer me ;

- Legg til rette for fysisk aktivitet for alle; ”opp av stolen”
- Har fysisk aktivitetstilbod som interesserer og er tilrettelagt spesielt for ungdom.

I tillegg er det under satsingsdråpen *arbeid og næring* eit delmål som går under kulturområdet sitt arbeidsområde;

💧 Samnanger kommune skal legge til rette for bygdeutvikling

- Nyttar potensialet i bygdene
- Arealplane må gje rom for bygdeutvikling i tilknytning til stadbunden næring som reiseliv, småkraftverk, og spesialprodukt knytt til landbruk.

Måloppnåing

- **Kultur for alle – gjennomføring av kulturplanen**

I kulturplanen er fleirbrukshall 1. prioriterte satsingsområde. Det er utarbeidd ein del rapportar og grunnlagsmaterieil for ein slik hall. Kommunestyret har tidlegare vedteke at fleirbrukshallen skal liggja på Bjørkheim og det er sett i gang regulering av området. Planen kan tidlegast verte vedteken ved utgangen av 2012. Kommunen gjennomførte i samarbeid med Hordaland fylkeskommune internasjonal merking av 7 turstiar i Samnanger. Det er inngått partnerskapsavtalar med ei rekkje lag om å vedlikehalda dei rydda stiane. Tiltaket – ”Sjå sjøen” vart vidareført frå 2010 og skog vart rydda langs vegar våren 2011. Plan for både den kulturelle skulesekken og –spaserstokken vart revidert og fleire nye tiltak er gjennomført. I kulturskulen vart det starta eit nytt prosjekt ”oppdrag kreativ” - der kunstnarar vert leigd inn for å undervisa i grunnskulen og få i gang ulike kunstproduksjonar. Fleire prosjekt innan folkehelse vart sett i gang i 2011 ved hjelp av tilskot frå fylket. Kommunen fekk og tilskot frå riksantikvaren for å registrera kulturminne i Samnanger. Tusenårsstaden og kaia på Ytre-Tysse vart endeleg ferdig sommaren 2011. Mange innbyggjarar har dermed fått ein ny felles møteplass.


Ressursinnsats – til kulturaktivitetar

I Samnanger er det særleg kultursektoren som framleis har lågast prioritet. Dei andre sektorane sine driftskostnader utgjer større og større del av nettobudsjettet. Kultursektoren fekk hausten 2010 auka opp

kultursjefstillinga til 100% og i 2011 auka kommunen oppatt ramma med kr. 200.000 tilsvarande løyvinga i 2009. Ei rekke tiltak i kulturplanen kunne då verte gjennomført og gje grunnlag for tilskot frå stat og fylke.

I 2011 brukte Samnanger 3,7 millionar på kultursektoren. Dette

utgjorde 2,7% av netto driftsbudsjettet til kommunen, medan gr. 2 ligg omlag 1% høgare. Dersom Samnanger skal nå måla sine i kommuneplan og kulturplan, må kultursektoren få høgare prioritert og tilført meir ressursar.




I 2010 var Samnanger ei av kommunen som brukte minst, kr. 690, pr. innbyggjar til kultur. Meir ressursar til sektoren i 2011 auka aktiviteten og eit forbruk på kr. 1.544 pr innbyggjar. Andre

kommunar ligg på rundt kr. 1.800 pr. innbyggjar. Den auka ramma gjorde til at desse midlane kunne verta nytta til eigenandel for å få tilskot. Mange prosjekt kunne derfor koma i gang og kultureininga hadde stor aktivitet gjennom heile 2011. For ein del av prosjekta, spesielt innan folkehelse og bygdeutvikling, bør kommunen vurdere om desse skal verta permanente og oppretta ny stilling i kultureininga.

Satsing på ulike tilbod i kulturektoren 2011

Tabellen under viser prioritering og fordelinga i 2011 på Samnanger sine kulturområda, kommunar i kostragruppe 2 og Hordaland.

Samanlikna med kommunane i gr. 2 brukar Samnanger noko lunde likt til folkebibliotek (17%), kulturskule (22%) og idrettsanlegg (14,4%). Folkebiblioteket vårt har ei ramme på om lag kr. 630.000, kulturskulen kr. 820.000 og idrettsanlegget kr. 540.000. Prosjekta BuLyst, LivOgLyst og småsamfunnsmidlar går under funksjonen andre kulturaktivitetar, og utgjorde nesten halvparten (41,9%) av nettobudsjettet til kulturektoren. Frå eininga vert det forslag om ei ytterleg auke til kultur i økonomiplanen 2013-17. Kommunen må ta stilling til om kulturektoren skal få ei ytterleg permanent auke innanfor dette området eller innanfor dei andre områda, som td. barn og unge.




- **Bygdeutvikling – nyttar potensialet i bygdene - kulturbasert næring**

Kommunen sine nettoutgifter til Prosjekta BuLyst, LivOgLyst og småsamfunnsmidlar er på 1.562 millionar. Mange av prosjekta gjekk over tre år og hadde ei 100% prosjektstilling som jobba direkte med desse tiltaka. Stillinga var delvis finansiert med midlar frå næringsfondet. Sjølv om mange av prosjekta vart avslutta ved årsskiftet har det vist seg at dei næringsdrivande treng ei vidare oppfølging og hjelp til nye prosjekt. Dette er det ikkje ressursar til no når prosjektperioden er avslutta, og kultureininga har ikkje personar til å jobba direkte med driftsoppgåver knytt kulturbasert næring og liknande.

- **Folkebibliotek – mål om nytt bibliotek**

Nettoutgiftene pr innbyggjar til folkebiblioteket på kr. 262, noko som er litt over snittet for Hordaland (kr. 238). Kommunane i gr. 2 brukar kr. 327 pr innbyggjar. Biblioteket i Samnanger er ikkje så attraktivt å besøka når berre 1,7 % av innbyggjarane har vore på biblioteket i 2011. I andre kommunar brukar litt over 4% av innbyggjarane biblioteket. Likevel har biblioteket på Tysse høgare utlånsprosent med 6,6 % utlån i media og 4,8 % bøker pr innbyggjar. Andre kommunar ligg på 3,3-3,9. Mykje av utlånet er takka vera ein svært utlånsfokusert biblioteksjef, som sender, fartar rundt i skule og barnehage og leverer på bestilling. Investering i nytt framtidretta bibliotek må koma i økonomiplanen 2013-17 .

- **Idrettsbygg og kommunal kulturbygg – etablera fleirbrukshall**



Samnanger ligg på nivå med gr. 2. i dritsutgifter til idrettsanlegg. I 2011 brukte Samnanger kr. 222 pr innbyggjar til idrettsanlegget, medan det i Hordaland vert brukt om lag 360 kroner. Det er ikkje gjort investering i kommunale idrettsanlegg eller kulturbygg i Samnanger dei siste 12 åra, og bygging av ein fleirbrukshall er ikkje tatt inn i gjeldande økonomiplan.

Investeringsutgiftene til idrettsanlegg i gr. 2 ligg på kr. 189 pr innbyggjar og landsnittet er på kr. 505. I Hordaland er det investert mykje dei siste åra og det er brukt i snitt kr. 669 pr. innbyggjar. Til

kulturbygg investerte gr. 2 om lag 240 kr pr innbyggjar, landet 176 kr og Hordaland 126 kr. Samnanger må i 2012 ta stilling til om det skal investerast i ein framtidig fleirbrukshall, eller om det skal gjerast omprioritering av tiltaka i kulturplanen.

- **Idrett – fysisk aktivitet – folkehelse - ”opp av stolen”**

Netto utgifter innanfor idrett er sterkt redusert frå 2007 til 2011. Samnanger brukte då kr. 263 pr. innbyggjar, medan det no er redusert til kr. 48 pr innbyggjar. I 2011 brukte kommunane i gr. 2 kr. 167, Hordaland kr. 199 og landssnittet kr. 186.

For aldersgruppa 6-18 år vart idretten prioritert med kr. 316 pr. barn og unge, medan gr 2 brukte 723 kr, og landssnittet ligg på kr. 1.185. For kommunale driftstilskot er trenden er at fleire og fleire lag og organisasjonar får tilskot. I Samnanger har talet på frivillige lag som mottok tilskot gått ned. Driftstilskotet Samnanger gjev pr. lag i kommunen ligg i gjennomsnitt på kr. 11.312, medan gr.2 gjev rundt 15.000 og Hordaland rundt 30.000. Fleire

folkehelseprosjekt og stiryddingsprosjekt vart sett i gang i 2011. Aktiviteten har auka, og den

bør stimulerast til at ytterlegare fleire ulike aldersgrupper og folkegrupper deltek.




Utfordringar born og unge

Det er knytt relativt store forventningar til nybygget ved barneskulen. Mange timar er brukt til å planlegga bygget, teikningane er flotte og det blir ein *god stad å både vera og læra*. Elevane våre har gode resultat på nasjonale prøvar i lesing, og me kan strekkja oss for å verta endå betre i rekning. .

Ombygginga av barnehagen i Nordbygda har gått i rekordfart og det er venta at det vert eit svært godt og framtidretta bygg som vil gje ei godt utgangspunkt for ein *god start* for dei minste. Begge prosjekta har stor positiv verdi for både brukarane og tilsette. Dette gjev framtidretta tenester, som skule- og barnehageeigar kan vera stolt over. Samnanger kan no marknadsføra at det er nærast barnehageplass på dagen til alle som søkjer. Me har ein grunnskule med god plass til elevane, gode resultat, godt inneklima og utemiljø.

”*Kultur for alle*” – visjonen i kulturplanen er på god veg til å bli realisert. Mange aktivitetar er starta opp ved hjelp av tilskot. Kommunestyret har vedteke å byggja fleirbrukshall, og har i områdeplanen vedteke at den skal liggje på Bjørkheim. Det er og ønsker om eit nytt framtidig bibliotek utan at det er tatt stilling til kor det skal liggja. Den største utfordringa av alle er å få finansiera ein fleirbrukshall og nytt bibliotek i neste økonomiplanperiode. Her må Samnanger vera kreativ og finne gode kombinasjonar av nye tenester og aktivitetar lagt til fleirbrukshallen, for få tilgang til nye tilskotsordningar og mindre kostnadskrevjande driftsformer.




ÅRSMELDING FRÅ EININGANE



Eining	Sidetal
Interne tenester	2
Teknisk	9
Sosial og helse	16
Pleie og omsorg	24
Barnehagar	32
Barneskulen	34
Ungdomsskulen	39
Kultur	43

Eining for interne tenester



Om eininga

Eining for interne tenester har ansvar for diverse fellesfunksjonar/stabsfunksjonar på kommunehuset. Eininga vart oppretta i 2010 og har til saman 10,65 faste årsverk 31.12.2011. Dette er ein auke på om lag 0,3 årsverk i forhold til 31.12.2010, som følgje av at stillinga som skatteoppkrevjar vart auka opp 01.08.2011.

Rekneskap

Eininga sitt driftsbudsjett er delt i tre ansvarsområde. Rekneskapen for 2011 viser at eininga hadde eit underforbruk (overskot) på ca. 300.000 kroner i forhold til budsjett.

Ansvar	Tekst	Forbruk 2011	Revidert budsjett 2011
1200	Politisk nivå og revisjon	1.854.000	1.964.000
1201	Eining for interne tenester	7.663.000	7.727.000
1202	Diverse fellesutgifter	1.251.000	1.369.000
Sum		11.060.000	10.758.000

Innkjøp/innføring av nytt datasystem for økonomi/rekneskap og løn/personal er budsjettert og rekneskapsført som eit eige prosjekt, og er ikkje med tabellen ovanfor. Det er totalt sett av 2,4 millionar kroner til prosjektet i perioden 2011-2012. Av dette vart om lag 1,7 millionar kroner brukt i 2011.

Helse, miljø og tryggleik

Det vart ikkje gjennomført spesielle tiltak knytt til helse, miljø og tryggleik i eining for interne tenester i 2011, med unntak av reparasjon av altanen på kommunehuset. Den lite solrike sommaren gjorde at høge temperaturar på kontora på sørsida av kommunehuset var eit mindre problem enn vanleg i 2011.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i eininga i 2011 var på 1,2%. Det er nok litt tilfeldig at sjukefråværet var så lågt, men me har gjennomgåande hatt lågt sjukefråvær i kommuneadministrasjonen i mange år. Det ekstra høge arbeidspresset på ein del av dei tilsette i eininga i 2011, ser ikkje ut til å ha resultert i høgare sjukefråvær i 2011.

Opplæring

Eininga brukte relativt mykje midlar på kurs/opplæring i 2011, spesielt innanfor økonomi/personal (om lag 150.000 kroner) og IKT (om lag 45.000 kroner). Kursa innanfor økonomi/personal var i hovudsak knytt til innføringa av det nye datasystemet Agresso. Kursa for dei tilsette i IKT-avdelinga var knytt til Windows 2008-server og Exchange 2010 epostserver.

Om avdelingane i eining for interne tenester:

Fellestenesta

Fellestenesta har 3,15 årsverk, fordelt på 5 personar. Avdelinga har mellom anna ansvar for ekspedisjon, telefonsentral, arkiv, politisk sekretariat og reinhald på kommunehuset. Det var ei utfordring for avdelinga i 2011 at dei berre hadde ein person i større stilling enn 50%. Frå januar 2012 vert denne situasjonen betra, ved at ein tilsett går inn i 75% stilling.

Førebuing og gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalet var den største ”ekstraoppgåva” for fellestenesta i 2011. Det gjekk med mykje tid både til opplæring, førebuing, gjennomføring og etterarbeid.

IKT-avdelinga

IKT-avdelinga har 2 årsverk, fordelt på 2 personar. I tillegg brukar også einingsleiar ein del av stillingsressursen sin på IKT. Det er også einingsleiar som er leiar for avdelinga.

Det er heile tida stor utvikling innanfor IKT-området. Kommunen brukar stadig fleire datasystem, og for kvart år vert det ei meir og meir omfattande oppgåve å halda alle systema/løysingane og infrastrukturen knytt til datasystema i drift. Det er svært viktig for kommunen å ha godt kvalifiserte IKT-medarbeidarar, og at dei får jamleg fagleg oppdatering.

Nokre eksempel på prosjekt/større innkjøp i regi av IKT-avdelinga i 2011:

- Innkjøp av ny løysing for backup/lagring av data (server m.m.).
- Prosjektarbeid knytt til datatryggleik. Prosjektet er ikkje avslutta.
- Innkjøp av nettbrett til folkevalde.
- Vedtak om innføring av heimevaktordning (frå og med januar 2012)

Økonomi og personalavdelinga

Økonomi og personalavdelinga har 4,5 årsverk pr. 31.12.2011, fordelt på 5 personar.

Tiltak/endingar i regi av økonomi- og personalavdelinga i 2011:

- Skifte av datasystem for økonomi-/rekneskap og løn/personal, sjå eige avsnitt nedanfor.
- Skatteoppkrevjarstillinga vart auka frå 50% til 100% stilling. Utgangspunktet er at om lag 70% av stillinga skal vera knytt til skatt, medan dei resterande 30% av stillinga skal brukast til andre oppgåver innanfor kommuneadministrasjonen.

Skifte av datasystem for økonomi/rekneskap og løn/personal



Saman med Fusa og Tysnes skifta Samnanger kommune i 2011 datasystem for økonomi/rekneskap og løn/personal. Alle tre kommunane gjekk over til datasystemet Agresso. Dette prosjektet gjorde at 2011 var eit sær arbeidskrevjande år for dei tilsette i økonomi- og personalavdelinga. For at me skulle klara å gjennomføra prosjektet, fekk dei tre deltidstilsette i avdelinga auka opp stillingsstorleiken sin til 100% det meste av 2011. Stillingsauken utgjorde til saman 50% for dei tre personane. Trass i dette var

det nødvendig med mykje ekstra arbeid (ut over ordinær arbeidstid) i samband med prosjektet. Dei tilsette sin innsats har slik einingsleiar ser det vore langt større enn kva kommunen som arbeidsgjevar kan krevja eller forventa. Mange ettermiddagar/kveldar og til dels også helgar har gått med til prosjektet, som er gjennomført saman med nabokommunane Fusa og Tysnes. Det nye økonomi-/ rekneskapsystemet vart sett i drift 06.06.2011. Lønssystemet vart sett i drift 01.01.2012. Mykje arbeid står også att i 2012, spesielt i samband med det nye løns-/ personalsystemet.

Det ser dessverre ut til at det nye lønssystemet (Agresso) vil vera meir arbeidskrevjande for lønkontoret enn det gamle lønssystemet vårt (NLP). Meirarbeidet går primært på at langt fleire oppgåver i samband med lønskøyning og rapportering må gjerast lokalt i kommunen enn tidlegare. Dette er den same erfaringa som andre kommunar som har gått over frå NLP til andre lønssystem har gjort tidlegare. Arbeidsmengda knytt til lønsarbeid vil derfor truleg auka permanent frå og med 2012.

Andre tiltak gjennomført av eining for interne tenester i 2011

Innsyn og elektroniske tenester for innbyggjarar

I 2011 fekk me på plass ny løysing for publisering av politiske saksdokument (møteinnkallingar/sakspapir og møteprotokollar) på kommunen sine nettsider. Dette gjer det enklare for innbyggjarar å følgja med på saker som vert behandla av kommunestyret og utvala.

Me fekk i 2011 også på plass løysing for elektroniske søknadsskjema på kommunen sine nettsider. Dette gjer det mogleg å fylla ut skjema på skjerm og senda dei elektronisk til kommunen. Dette gjeld førebels følgjande skjema:

- Påmeldingsskjema SFO
- Søknad om barnehageplass
- Søknad om stilling
- Søknad om plass i kulturskulen

Utfordringar for eininga

Slik einingsleiar ser det, har eininga tre hovudutfordringar:

1. Arbeidsmengd
2. Kompetanse
3. Arbeid med utvikling og kvalitetssikring

Arbeidsmengd

Arbeidsmengda for fleire av dei tilsette i økonomi- og personalavdelinga samt einingsleiar har vore for stor det siste året. Ei viktig årsak til dette var prosjektet med innføring av nytt datasystem for økonomi/rekneskap og løn/personal, men dette er ikkje heile forklaringa. Dei siste åra har spesielt økonomisjef og einingsleiar hatt gjennomgåande for høg arbeidsbelastning.

Einingsleiar ønskjer å leggja vekt på at alle tilsette som hovudregel skal ha moglegheit til å gå heim når normalarbeidstida er slutt. I praksis er ikkje dette mogleg for alle i dag. Det er også viktig at me overheld arbeidstidsreglane i Arbeidsmiljølova. For å få dette til, er det nødvendig å sjå på mellom anna følgjande:

- Har eininga tilstrekkelege stillingsressursar i dag?
- Kan me kutta ut nokon oppgåver, flytta oppgåver internt i eininga, eller overføra oppgåver til andre einingar?
- Kan me klara oss med redusert kvalitet innanfor nokon område?
- Kan me arbeida meir effektivt innanfor nokon område?

Einingsleiar vil saman med dei tilsette i eininga sjå nærmare på spørsmåla i forkant av økonomiplanarbeidet våren 2012.

Kompetanse

For ein forholdsvis liten kommune som Samnanger er det ei stor utfordring å ha medarbeidarar med kompetanse som dekkar alle områda administrasjonen arbeider med. Me må prioritera kompetanse på nokre område og nedprioritera andre område. På nokre område har me i 2012 behov for at tilsette får grunnopplæring, til dømes innanfor arkiv og innkjøp. På andre område har me primært behov for kompetanseutvikling, til dømes innanfor IKT.

Arbeid med utvikling og kvalitetssikring

Alle einingar må kontinuerleg arbeida med utvikling og kvalitetssikring. Dette gjeld også for eining for interne tenester. Det kjem stadig nye krav og retningsliner som kommunen må følgja, og det er heile tida teknologisk og anna utvikling innanfor diverse område.

Kommunen har i dag ei utfordring med at ein del leiarar, mellom anna einingsleiar for interne tenester, må ta seg av mange reine driftsoppgåver for å få "hjula til å gå rundt". Dette gjer at mellom anna arbeid knytt til leiing, utvikling og kvalitetssikring må nedprioriterast. På sikt er dette truleg ikkje bra for kommunen.

Måloppnåing:

I kommuneplanen til Samnanger er det lista opp ei rekkje mål og tiltak for kommuneorganisasjonen. Nedanfor følger oversikt over status per 31.12.2011 for ein del av tiltaka i planen som vedkjem eining for interne tenester.

Forklaring på bruk av pluss- og minusteikn i oversikta:

- + Tiltak som er gjennomført / kva som er gjort for å oppnå målet.
- Tiltak som ikkje er gjennomført / kva utfordringar me har for å kunne nå målet.

I tillegg er det nedst under kvart tiltak teke inn eit punkt som viser status pr. 31.12.2011 i forhold til status pr. 31.12.2010 (d.v.s. kva som er gjort i 2011).

Mål	
I Samnanger ønskjer me å ha eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar	
Tiltak: Legg til rette for kommunikasjon mellom innbyggjarane og alle folkevalde, f.eks. ved at folkevalde er tilgjengelege på e-post/telefon/blogg.	Status: <ul style="list-style-type: none">• (+) E-postadresser og telefonnummer til folkevalde er tilgjengelege på kommunen sine nettsider• (-) Det er ikkje etablert blogg for folkevalde, men fleire av lokallaga har egne nettsider.• Status er uendra i forhold til 31.12.2010.
Tiltak: Gir informasjon i lokalavisa og på heimesida, for å sikra meiroffentlegheit og innsyn i den kommunale verksemda.	Status: <ul style="list-style-type: none">• (+) Kunngjeringar, postlister og temsider vert lagt ut på kommunen sine nettsider.• (+) Innkallingar/sakspapir og protokollar frå kommunestyret og hovudutvala vert lagt ut på kommunen sine nettsider.• Endring av status frå 31.12.2010 er at innkallingar/sakspapir vert lagt ut. Tidlegare vart berre saklister og protokollar lagt ut.
Tiltak: Utviklar ”møteplassar” for dialog med innbyggjarane (døgnopen kommune - mellom anna ved aktiv bruk av internett).	Status: <ul style="list-style-type: none">• (+) Kommunal Facebook-side etablert i 2010.• (+) Facebook-sida vart jamleg oppdatert i 2011.• Status er elles uendra i forhold til 31.12.2010.

Mål	
I Samnanger ønskjer me å ha høg kvalitet på kommunale tenester	
Tiltak: Har god økonomistyring.	Status: <ul style="list-style-type: none">• (+) Eige dataprogram for budsjettarbeid og budsjettoppfølging (Arena) har vore i bruk sidan 2009. Frå 2012 vert Arena erstatta med Agresso budsjettmodul.• (+) Einingsleiarane avgir budsjettrapport seks gongar per år.• (-) Står att ein del arbeid med periodisering av budsjetterte utgifter• Status er uendra i forhold til 31.12.2010.

<p>Tiltak: Vert gode på informasjon og meiroffentlegheit</p>	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> • (+) Nye kommunale nettsider lansert i 2010 gir utvida informasjon om offentlege tenester i forhold til dei gamle nettsidene. • (+) Informasjonsskjermer i inngangspartiet på kommunehuset. • (-) Det er ikkje utarbeidd strategi/tiltak knytt til meiroffentlegheit. • Status er uendra i forhold til 31.12.2010.
<p>Tiltak: Har gode rutinar og gir god informasjon i samband med handsaming av saker.</p>	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> • (+) Temasider på kommunen sine nettsidene om aktuelle saker (utbyggingsprosjekt, høyringar m.m.) • (+) Innkallingar/sakspapir og protokollar frå kommunestyret og hovudutvala vert lagt ut på kommunen sine nettsider. • Endring av status frå 31.12.2010 er at innkallingar/sakspapir vert lagt ut på kommunen sine nettsider. Tidlegare vart berre saklister og protokollar lagt ut.
<p>Tiltak: Er gode på internkommunalt samarbeid</p>	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> • (-) Ikkje formalisert ”permanent” samarbeid med andre kommunar innanfor interne tenester sine fagområde • (+) Gjennomført felles innkjøp og innføringsprosjekt for datasystem for økonomi-/rekneskap og løn/personal med Tysnes og Fusa i 2010 og 2011.

Mål	
I Samnanger ønskjer me å ha tilsette som trivst og er stolte av arbeidsplassen sin	
<p>Tiltak: Tilbyr konkurransedyktige vilkår</p>	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> • (+/-) Samnanger er ikkje lønsleiande for nokon grupper av tilsette i forhold til samanliknbare kommunar. Me klarar likevel å rekruttera og behalda tilsette innanfor dei fleste stillingsgrupper. • (+) Lønsvivået for einingsleiarar i kommunen vart jamna ut i 2010. Mindre lønsskilnader mellom einingsleiarane no enn tidlegare. • (-) Utfordring å tilby konkurransedyktige vilkår til stillingsgrupper der me konkurrerer med privat næringsliv/tilsvarande om arbeidskraft • Status er uendra i forhold til 31.12.2010. Ingen spesielle lønstiltak vart gjennomført i 2011.
<p>Tiltak: Utgir intern infoavis med fokus på felles mål og utvikling av verksemda.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • (+) Det vart ikkje gitt ut intern informasjonavis for tilsette i 2011. Av kapasitetsmessige omsyn vart ikkje dette prioritert.

	Tiltak: Arrangerer felles velferdstilbod	<ul style="list-style-type: none"> • (-) Ikkje fellesarrangement for alle tilsette i kommunen i 2010 eller 2011. • (+) Alle tilsette har tilbod om gratis bading i symjehallen • (+) Ein del tilsette deltok på Jentegangen i 2011 • Status uendra siden 31.12.2010.

Mål		
Samnanger kommune skal ha eit godt omdøme		
	Tiltak: Informerer aktivt om kva kommunen gjer, både internt i kommuneorganisasjonen og til innbyggjarane.	Status: <ul style="list-style-type: none"> • (+) Publisering av innkallingar/sakspapir og møteprotokollar frå møte i kommunestyret og hovudutvala på kommunen sine nettsider. • (+) Temasider om aktuelle saker/prosjekt/høyringar på kommunen sine nettsider. • (-) Det er ikkje etablert intranett for tilsette. Arbeid med dette vil starta i 2012. • (-) Kommunen har ikkje lagt tenestebeskrivelsar for dei ulike tenestene ut på nettsidene. • Endringar i status frå 31.12.2010: <ul style="list-style-type: none"> ○ Innkallingar/sakspapir vert lagt ut på kommunen sine nettsider. ○ Det vart ikkje gitt ut internavis for tilsette i 2011.

Jan Erik Boge

Einingsleiar interne tenester

Teknisk Eining

Teknisk Eining har ansvar for :

- Bygningssaker, delingssaker m.m.
- Kart og oppmåling
- Plan og Miljø
- Vedlikehald av kommunale bygg, veg-, vatn- og avlaupsanlegg.
- Feiing, brann og redningsvesen.

Tal tilsette i eininga pr. 31.12.2011 er 14 personar, som utførar 13,8 årsverk. Tilsette i brannvesen og innleigd arbeidskraft er ikkje medrekna.

Samnanger har felles landbrukskontor med Fusa og Os kommune. Kontoret har arbeidsdag i Samnanger kvar måndag. Det vart inngått avtale med Fusa Kommune om felles leing for brannvesena og brannførebyggjande arbeid i byrjinga av året. Dette samarbeidet har ikkje fungert tilfredsstillande, og er vedteke avslutta.

Grunna høgt sjukefråvær og permisjon i første halvår, har arbeidsbelastinga til tider vore stor. Me fekk tilsett ny sakshandsamar på byggesak våren 2011. Nytilsett oppmålingsingeniør var på plass seinhaust. Eininga har kjøpt oppmålingstenestene frå eksterne firma store delar av 2011. Nytilsett feiar i 2011 har sagt opp stillinga si og sluttar 01.03.2012. Eininga har tilfredsstillande kompetanse på dei områda me har ansvaret for. Sentrale personar i eininga vil verte knytte mot store prosjekt i 2012/ 2013, dette førar til redusert kapasitet for eininga i perioden.

Drift og vedlikehaldsavdelinga har fått redusert bemanning med eit årsverk, grunna naturleg avgang. Det har likevel vore utført eit imponerende arbeid frå avdelinga gjennom heile året. Rutinane for innkjøp av varer og tenestar har hatt sterkt fokus gjennom 2011. Hensikten har vore å betre innkjøpsrutinane, samt å inngå rammeavtalar på ulike områder. Fleire nye rammeavtalar er inngått i 2011, og arbeidet fortsett i 2012. Vedlikehaldet på kommunale bygg har vore forsømt dei seinare åra, noko som gjer at etterslepet er betydelig. Dette arbeidet vil vere ei prioritert oppgåve i 2012.

Det har vore aukande interesse for tomtekjøp i Rolvsvåg Industriområde. Det er p.t ingen ledige tomter i noverande felt, noko som gjer at detaljplanlegging av Øvre Rolvsvåg Industriområde vart sett i gang på våren. Dette arbeidet tek tid. Me håpar at me kan selje tomter i Øvre Rolvsvåg til hausten 2012.

Opplæring/ kurs.

Nytilsett oppmålingsingeniør samt sekretær har vore på kurs i matrikkelføring hjå Statens Kartverk i Bergen. Avdelingsleiar plan har vore på kurs i GIS Line. Einingsleiar har delteke på HMS kurs i regi av bedriftshelsetenesta.

Det vart gjennomført vernerunde på drift/ vedlikehaldsavdelinga i november.

Sjukefråvær.

Eininga har hatt ein sjukefråværsprosent i 2011 på 9,7%. Årsaka til den høge fråværet er hovudsakleg eit tilfelle av langtidsfråvær. Ser ein bort ifrå dette langtidsfråveret ville fråværsprosenten på teknisk vore 3,3 %.

Forsøpling/ bilvrak

Eininga har hatt fokus på registrering av forsøpling/ oppstilling av bilvrak i kommunen. Me har og merka aukande interesse frå publikum, i form av klager. I løpet har året har me fått fjerna mange bilvrak i Nordbygda området som var til sjenanse for naboar. Dette arbeidet vil fortsette i 2012 i heile Hordaland, etter at Fylkesmannen har sete i verk ein storstilt kampanje for fjerning av bilvrak langs vegar og private eigedomar i fylket.

Plan

I 2011 vart det gjort eit avsluttande arbeid med Kommunedelplan for kystsona, ein planprosess som hadde gått sidan 2007. Motsegner vart løyste gjennom mekling, og planen er no klar til å endeleg vedtakast av kommunestyret.

Kommunen og Norconsult utarbeidde eit planprogram for ein kommunedelplan for små vasskraftverk i første halvdel av året, men sjølve planarbeidet vart ikkje sett i gong.

Ein områderegeringsplan for Bjørkheimsområdet vart på oppdrag frå kommunen utarbeidd av Norconsult og lagt ut til offentleg ettersyn mot slutten av året.

Kommunen fekk også Norconsult til å starta opp planprosess på ein detaljreguleringsplan for Øvre Rolvsvåg industriområde.

Statens vegvesen utarbeidde detaljreguleringsplan for ein gang- og sykkelveg langs Frølandsvatnet, som eventuelt skal byggjast samtidig med Tyssetunnelen og nytta seg av tunnelmassar frå denne. Planen skal leggjast ut til offentleg ettersyn heilt i starten av 2012.

Det vart starta opp tre private detaljreguleringsplanar, ein for bustader ovanfor Bjørkheim, ein for fritidsbustad, bustad og næring i Eikedalen, og ein for fritidsbustad i Eikedalen. Planen for bustader ovanfor Bjørkheim rakk òg å verta lagt ut til offentleg ettersyn, og kan endeleg vedtakast tidleg i 2012.

Etter tidlegare års tilsyn frå Fylkesmannen hadde kommunen fått pålegg om å utarbeida ein overordna risiko og sårbarheitsanalyse. Dette arbeidet vart sett i gong og ferdigstilt i 2011.

Det vart gjort ei kartlegging og vurdering av sannsyn og konsekvens for alle relevante typar risiko i kommunen.

Vatn.

Vassleidning Kommunehus – Tysse: Videoinspeksjon av vassleidning i sjø utført av dykkarar i januar. Inspeksjonen synleggjorde vass-lekkasje på Tysse ved ilandføringspunktet.

Koplingar og stoppekraner var tært opp av sjøvatn. Mange av kabelens festepunkt er defekte, noko som gjer at vassrøret er i bevegelse. Dokumentasjon av strekning mellom kommunehuset og Tysse har me no på ein CD. Ein må forvente at sjøkabel må skiftast i nær framtid kostnad kr 76000,-.

Nordbygda høgdebasseng: Tak er skifta. Høgdebassenget er no sikra og utbetra ved at taket er forsterka og at det er lagt nye plater. Bassenget vart nedtappa ,vaska og klora etter reperasjonen. Under arbeidet blei det oppdaga hol i muren på bassenget som medførte inntregning av bekkevatn. Dette er nå utbedra med betong. Silar og rør inn og ut av bassenget måtte skiftast. Kostnad ca. kr 30000,-.

Rolvsvåg bustadfelt: lekkasje i vass-leidning. Rørvart gravd fram, og delar av vassleidning vart skifta. Kostnad kr 15000,-.

Rolvsvåg Industriområde: lekkasje i kum. Kostnad kr 45000,-. Etablering av ny kum ved tilkoplingspunkt , den eksisterande kummen var montert feil og var utsett for frost. Kostnad kr 17329,-.


Utfordringar.

Vassverka krev meir tid og ressursar til vedlikehald. Det er problematisk med dagens bemanningssituasjon å få nok tid til lovpålagte oppgåver og førebyggjande vedlikehald. Me manglar fortsatt kart over ledningsnett, men håper dette kjem på plass innan 2012.

Tal abonnentar som er påkopla vatn

	2007	2008	2009	2010	2011
Tal abonnentar	512	557	572	605	611
Auke		45	15	33	6

tal er henta frå 3.termin og 1.termin 2011



Avlaup

Kloakk opp til Vonheim var defekt og det rann kloakk ned ved eit av husa. Her var det problematisk å koma til med maskiner, slik at dette utbetringsarbeidet blei svært arbeidskrevjande for eigne tilsette. Kostnad på dette arbeide er berekna til kr 45.000,-. Sluk/ kum på Steinsland måtte skiftast ut då denne var montert utan avløp kostnad kr 22.000.

Pumpekum på Bjørkheim blei flytta ut då Kiwi butikken vart utbygd, og kommunen har no overteke drifta. I samband med dette fekk kommunen utgifter med tilkopling av husstandar som var knytte til denne pumpestasjonen. Kostnad kr 20000. SK må også dekke utgiftene med nytt overløp og framføring av vatn til spyling av kum. Kostnad kr 104.576,-.

Ved gravearbeid i same område på Bjørkheim monterte kommunen ein kum /m avløp. (ingen kummar på Bjørkheim hadde avløp) kostnad kr 60000,-.

Teknisk måtte montere kum og avløp ved bygging på tomt ved leikeplass på Lønnebakken. På grunn av at kommunen hadde etablert leikeområde for nært nemnde tomt, måtte det i tillegg etablerast ein mur. Kostnad kr 85000,-.

Utfordringar.

Utfordringane i 2011 har i stor grad vore å løysa og reparera tidlegare arbeid som ikkje er utført etter normer og forskrifter. Det kan virke som det ikkje har vore kontroll og oppfølging frå kommunen på slikt arbeid tidlegare. Det er svært tidkrevjande og kostbart å ta igjen slikt arbeid. Får ikkje kommunen orden på dette område, vil store delar av budsjettet gå til reperasjonar også i kommande år. Avlaupsystemet på Steinsland og Tysse er svært forelda, og må oppgraderast i nær framtid, dette arbeide hastar.

Bygg.

Det har vore 2 brannstilløp på ungdomsskulen i 2011. Først hadde me tilløp til sterk varmeutvikling i ESWA- varmesystemet. Seinare på hausten var det brann i eit sikringskap. El- anlegget og sikringsskapa på ungdomsskulen treng ei oppgradering. Det eine sikringsskapet blei ombygt i haust til ein kostnad på kr 40000,-.

Portar og dørar på brannstasjon er tetta for å spare strøm kostnad kr 24000,-.

Det er montert 2 portar på ungdomsskule til ein kostnad av kr 30000,- og 50 m gjerde og nye stolpar. I tillegg har det utført omfattande vedlikehald på bed/ beplantning i skuleområdet.



I kantina og kommunestyresalen blei golva pussa og lakka. Kontorlokala på Teknisk eining vart oppussa. Arkivrom på teknisk vart delt, og det er etablert eit nytt kontor til oppmålingsingeniør.

Gang og kantine på ungdomsskulen er oppussa og mala. Det vart bygd hybelleilegheit i kjellaren på Skottebakken.

På Samnanger barneskule måtte teknisk skifte nødlyssentral og kostnaden på dette vart kr. 38000,-.



Paviljongen på Bjørkheim er oppgradert. Det vart skifta treplater på skulptur samt at heile paviljongen blei kledd med nye stålplater. Kostnad kr. 65000,-. Altan på kommunehuset er ombygd sikra med nytt rekkverk.



Det er bygt eit bosskur/ sykkelkur ved K-hus etter pålegg frå brannvesen. Kostnad kr. 36000,-.

Det har i fleire år vore ei utfordring med at avløpa frys til i Dråpeslottet barnehage. Årsaka til det er at fallet ikkje er tilstrekkeleg, heller ikkje ligg avløpa frostfritt. Det er no montert varmekabel i røyra for å hindre frostskeidar. Kostnad kr. 12.000.

Utfordringar.

Teknisk har mykje dei same utfordringane på byggsida som på avløp og vatn. Svært mykje ressursar, både menneskeleg og økonomisk, går med til ”brannslukking” av ”gamle synder” og tidlegare dårleg utført arbeid.

Det er eit stort etterslep på oppgradering av El- anlegga i fleire bygg. Styringsanlegga og brannvarslingsanlegga begynner og verte gamle og treng fornying. Teknisk slit med å få tid og ressursar nok til førebyggjande vedlikehald.

Trafikksikring.

Det er montert 14 gatelys på Haukanesvegen. Haukanesvegen/ Rv 7 (Gjerde) Trekkverk er montert på gammalt stålrekkverk i gangvegen som nyttast som skuleveg.



Det er fjerna busker og kratt langs Liavegen og opp til Fjordtønna for å betre sikt. Veggen opp til Indre Tysse er utbetra med m.a. ein ekstra møteplass.

Rolvsvågen Industrikai.

Det er etablert ei bod for vatn og straum for båtar under lossing og lasting. Det er montert lysmast og markeringslys på kai.



Kjøretøy

Drift/ vedlikehaldsavdelinga har i dag 3 bilar. Den nyaste er 5 år gammal, og fungerer svært bra. Leasingavtala på denne går ut februar 2012. Det er ønske om å kjøpa denne.



Utfordringar.

Dei to andre kassebilane er 12 og 14 år gamle, og er utsletne. Grunna alder/ slitasje er vedlikehaldskostnadane på desse bilane svært høge samstundes som verdien er svært låg. Desse må fornyast snarast.

Veg.

Det vart nytta mykje resursar til strøing, salting og brøyting dei fyrste månadane i 2011. Lang og hard vintersesong slit på gammalt utstyr. Mange kostnadskrevjande reparasjonar på gammalt utstyr har vore utført. Mykje av dette må fornyast.

Vegbana er svært nedsliten fleire stader i kommunen. Dette gjer at brøyting vert vanskeleg, då snø/is vert liggande igjen i hjulspora.



Ved inngang til vintersesongen 2011/2012 hadde me eit meirforbruk/etterslep på kr 300.000,- på overtid, brøyting og strøing. Det er reinska grøfter i Nordbygda, Hagabakkane og 3 km av Liavegen. Vidare har me asfaltert i Hagabakkane og deler av Bygdevegen. Totalt ein båtlast med asfalt vart nytta. Det er fjerna skog på Tysse ned mot elva og langs vegen opp til

Fjordtønna. Tregjerde i nedste ende av Hagabakkane er demontert og fjerna. Avløp frå sluk på parkeringsplass ved parkeringsplass på Tysse er gravd opp og reparert.

Område for skaterampe i krysset Norvikavegen/ og gamle rv 7 er opparbeida.

Omlegging av overvatn i Nesjavegen/ Lønnebakken er utført. Ved etablering av veg i samband med utbygging av bustadområdet, var overvassleidning ført inn i hagen til ein bebuar. Denne leidninga vart flytta samt at vart sett ned ein ekstra kum i Nesjavegen grunna dreneringsproblem over lang tid. Kostnad kr. 52.000,-.

Grunna støyting av ny bru på Bygdavegen måtte vegen midlertidig omleggast.

Kostnad kr. 153.000,-.

Det er støypt 2 bruer på Tyssereinane med føringskantar og rekkverk. Bru i Nordvika på Bygdavegen er påbegynt og skal være ferdig i løpet av feb/mars 2012.



Utfordringar.

Teknisk eining har tidlegare levert rapport om vegar, og me synar til denne.

Idrettsanlegget

Veg inn til Hagabotn i den sørlige delen er grusa opp. Delar av klubbhuset har fått ny kledning, samt at både klubbhus og garasje er malt. Taknedløp på nordsida av klubbhuset er gravd opp og ført ned i kum. Område rundt idrettsanlegget er rydda for skog.



Hjelpemiddel

Montering og reparasjonar av hjelpemiddel/ materiell for Helse og omsorg/ skule- barnehage eininga krev langt meir tid en tidligare. Mykje av dette har ein ikkje kompetanse til på teknisk og må i framtida utførast av leverandørane av varane eller andre kvalifiserte.

HMS.

Teknisk eining har ikkje hatt personskader eller tilløp til alvorlege ulykker i 2011. Det har vore hendingar som har gjort at det er utarbeida nye instruksar for nokre arbeidsoppgåver. Bemanningssituasjonen gjer at avviking av vinterberdskap og utføring av vintervedlikehald begynner å gå på helsa laus. Det er ei utfordring å klare å følgja lovar og reglar med dei arbeidsoppgåvene som me er satt til å løyse om vinteren.

Varebilar er 13 år gamle, og det er store utgifter til vedlikehald, dette går ut over drifta og gjer at me ikkje får utnytte dei knappe resursane optimalt. Lastebilen har og passert 10 år og vedlikehaldsutgiftene aukar svært mykje. Dette er utstyr som ein er svært avhengig av, og når tilstanden er dårleg vert dette også ei Hms utfordring.

Samnanger Brannvesen.

Kommunestyret har fatta vedtak om samarbeid med Fusa om felles leing og førebyggjande arbeid herunder feing og tilsyn. Samnanger hadde tilsett brannsjef og Fusa varabrannsjef. Felles feiar var tilsett i Samnanger.

I tråd med øvingsplan har brannvesenet utført 7 øvingar. I tillegg til dette har brannvesenet utført 2 nedbrenningsøvingar på utrangerte hus. Det har også vore 1 samøving med Fusa brann og redning. Dette var ei øving på ei bussulykke, der politiet, Helse- Bergen v/ ambulansetenesta også deltok. I tillegg øva Tide buss sitt kriseteam.

På utrykkingsida starta året dramatisk, med skredulykka ved Eikedalen skisenter. Her omkom 2 personar, og ein vart redda etter over ein halvtime nedgrave i snøen. Ved denne ulykka vart det kalla ut store resursar frå Kvam, Fusa, Bergen og Samnanger. Det var også fleire redningshelikopter, redningshundar, politi, og masse helsepersonell.

Natta til 25. Mars vart brannvesenet utkalla til brann i hus i Hagamulen. Ved denne brannen omkom ei kvinna, som budde i huset. Ein småbarnsfamilie på 4 vart redda ut av det røykfulle huset.

Totalt hadde brannvesenet utkalling på 23 alarmer. 8 av desse var trafikkulykker, der alle nærmast hadde moderate skadar. 4 alarmer blei sendt som redningsalarm, når dette skulle vore lege/ambulansealarm.

Brannsjefen har utført 5 branntilsyn på særskilte brannobjekt i Fusa kommune, og 11 særskilte branntilsyn i Samnanger. Varabrannsjef utførte 1 særskilt branntilsyn i Samnanger.

Vidare har brannvesenet hatt brannundervisning for lærarar ved Gjerde barneskule og Samnanger ungdomskule. Ved Samnanger ungdomskule hadde me i tillegg førstehjelpsundervisning.

Open brannstasjon vart halden 24.09.11, med god oppslutting. 105 born og 40 vaksne besøkte brannstasjonen denne dagen. Brannbilen kjørte 23 turar med ”småe branngutar og jenter” gjennom Hagaåstunnelen med blålys og sirene.

Det er blitt tilsatt 3 nye brannkonstablar i 2011, og ein har hatt opprykk frå konstabel til brannmeister/ utrykkingsleiar.

Brannsjef har fullført pålagt utdanning ved Noregs brannskule, beredskapsutdanning trinn 3.

Brannvesenet brukte ei veke i Mai i forbindelse med spyling/reingjering til 17.maifeiringa. Var også ute på spyling/reingjering i forbindelse med opninga av 1000-års parken på Ytre Tysse.

First respondertenesta hadde totalt 55 utrykkingar i 2011. Det har vore vaktlistemøte 4 gongar, der me har laga vaktlister for ca 3 månader i gongen. På 2 av vaktlistemøta har me hatt øving på førstehjelp, der ein av førstehjelparane har hatt agendaen for øvingsproblematikken.

Feietenesta har gjennom året utført feiing/tilsyn i Samnanger og Fusa kommunar. I Samnanger er det utført 392 feiingar og 220 tilsyn. I Fusa er det utført 663 feiingar og 274 tilsyn.

Brannsam arbeidet med mellom Fusa kommune og Samnanger kommune har utført kurs i varme arbeider og kurs for brannvernleiarar på særskilte brannobjekt.

Samnanger Brannvesen har og vore ansvarleg for 2 øvingar i Fusa. Det har vore utført 40 av 44 branntilsyn på særskilte brannobjekt i Fusa.

Kenth Paul Opheim
Leiar av teknisk eining

SOSIAL – OG HELSE EINING

Eininga hadde 22 tilsette i 2011, fordelt med 8 på kommunehuset, og 14 på helsetunet. Budsjettet for eininga i 2011 var på om lag kr. 18,74 million brutto.

Eininga har eit stort ansvarsområde med tunge fagfelt som omfamnar legetenesta, jordmortenesta, fysioterapeuttenesta, helsestasjon, sosialtenesta i NAV og barneverntenesta. I tillegg har eininga ansvar for flyktningearbeidet i kommunen.



Sjukefråværet i eininga har vore lågt i 2011, noko som er gledeleg og som gir inspirasjon til at denne positive trenden skal fortsetja også i 2012.

Eininga hadde 2 vellukka fellessamlingar på Frøland kraftverk Totland i 2011 med sosialt og fagleg innhald. På samlinga den 01.06 var tema rusmedisin med foredragshaldar avdelingsleiar Torhild Jørgensen frå avdeling for rusmedisin Haukeland Universitetssjukehus. Tema var også fattigdommens psykologi og sosial rettferd ved professor Kjell Underlid – Høgskulen i Bergen. Samling 2 fann stad 14.12, med tema lindrande behandling med foredragshaldarar frå kompetansesenteret for lindrande behandling i Helse Bergen. Tema 2 var orientering om folkehelse ved folkehelsekoordinator Aina Haugstad i Samnanger kommune. Tema 3 var orientering om ny helse – og omsorgstjenestelov og ny folkehelselov ved høgskulelektor Johan Nerdmum ved Høgskulen i Bergen.

Sekretær Jorunn Oldervoll slutta etter mange års teneste for kommunen og Lisbeth Aadland overtok hennar stilling på 30 % i NAV Samnanger kommune. Det vart også inngått eit samarbeid med NAV Os om kjøp av 10 % ressurs til arbeid med gjeldsrådgjeving.

Sosialtenesta i NAV Samnanger

Arbeider hovudsakleg utifrå Lov om sosiale tjenester i NAV og etter introduksjonslova for nyankomne innvandrarakar. Tenesta skal fremja økonomisk og sosial tryggleik, betra levekår for personar som har det vanskeleg, bidra til auka likeverd og likestilling og å førebyggja sosiale problem. Tenesta skal også bidra til at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meiningsfullt liv i fellesskap med andre. Målgruppa er alle vaksne over 18 år.

Sosialtenesta skal yta økonomisk sosialhjelp utifrå dei til ei kvar tid gjeldande satsar i kommunen. I tillegg til å gjeva råd, rettleiing og driva med sosialt førebyggjande arbeid.

Kommunen skal og syta for tenester til nyankomne innvandrarakar busett i kommunen.

Måloppnåing

I 2011 hjalp sosialtenesta 57 personar i kommunen med ulike formar for ytingar og hjelp, av desse var 7 flyktningar.

Målet har vore å få så mange mottakarakar av økonomisk sosialhjelp som mogeleg over i inntekstgjevande sjølvstendig arbeid, gjennom NAV Stat eller på ulike formar for trygdeytingar gjennom NAV Stat. I samarbeid med NAV Stat og gjennom systematisk og grundig arbeid frå sosialtenesta, har det lukkast å redusera talet på passive langtidsmottakarakar av økonomisk sosialhjelp monaleg. Talet på personar pr. 31.12.2011 var 8 som mottok heil

eller delvis økonomisk sosialhjelp, og talet på personar økonomisk sosialhjelp som hovudinntekstskjelde var redusert til 3.

Det var 5 personar som mottok gjeldsrådgeving i 2011.

Tal personar som var inne i kvalifiseringsprogrammet i løpet av 2011 var 4, men pr. 31.12.2011 var talet 2, eit tal som skal aukast til 3 i 2012.

Flyktingetenesta hjalp 17 personar i 2011, alle frå Eritrea. Ved utgangen av året hadde me 17 flyktingar totalt. Den siste av dei kom i januar 2011. Det var 9 personar som hadde introduksjonsprogram i 2011.

Ressursbruk

Sosialtenesta hadde ei ramme for økonomisk sosialhjelp i 2011 på kr. 1300000,-, kor kr 823000,- vart brukt. Innsparing på kr 476000,- som i hovudsak skuldast at fleire brukarar fekk ytingar frå NAV stat. Kommunen mottok statstilskot i 2011 til integrering av flyktingar på kr. 2.394.500,- som vart brukt i samsvar med ramma.

Utfordringar vidare

Fortsatt kvalitetssikra tenesta gjennom å sikra rettstryggleiken for brukarane. Dette er å ha maksimum 3 vekers sakshandsamingstid på søknadane som kjem inn, og å sikra at kvar einskild søkjar får det ein har krav på etter lova.

Justera sosialhjelpssatsane utifrå dei statlege rettleiande retningslinjene for utmåling av stønad til livsopphald etter §§ 18 og 19 i den nye lova om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Desse må justerast etter desse og konsumprisindeksen som dei byggjer på.

Gjera tenesta så synleg og ivaretakande som mogeleg, og å samarbeida med andre delar av forvaltninga både internt i kommunen og eksternt. Interne samarbeidspartnarar kan vera eining for pleie- og omsorg og då spesielt konsulent for funksjonshemma, psykiatrisk sjukepleiar og kommuneoverlege. Eksterne kan vera til dømes ulike institusjonar innan psykiatrien og rusomsorgen. Det er også friviljuge organisasjonar som til dømes Røde Kors og Frelsesarmeen. Spesielt viktig vert samarbeidet frametter i NAV Samnanger.

Jobba vidare med det nye Kvalifiseringsprogrammet etter Lov om sosiale tjenester Kap. 5 A. Dette er eit arbeidskvalifiseringsprogram finansiert av statlege midlar administrert av kommunen i den nye NAV- reformen. Tanken bak er å kartleggja og hjelpa mogelege eksisterande og nye brukarar som kan tenkjast å ha ei arbeidsevne fullt ut eller delvis, som kan hjelpast attende inn i arbeidslivet. NAV Samnanger hadde eit måltal for 2011 på 2 nye brukarar, som ein greidde å oppnå.

Vektleggja førebygging som eit ledd i å motverka og å forhindra sosiale problem. Spesielt viktig er det her å gripa fatt i dei personane som både slit med rusproblem, psykiske problem og økonomiske problem. Dette er ei aukande gruppe som krev ekstra ressursar.

Eininga vil også revidera eksisterande rusførebyggjande plan i 2012.

Ein vil og freista å redusera tal langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp ytterlegare.

Det er vanskeleg å få flyktingane integrert i lokalsamfunnet. Dei klarar seg ikkje utan hjelp, sjølv om nokre har fleire ressursar å spela på enn andre. Spesielt krevjande var det å ta imot 16 nye flyktingar frå Eritrea. Fleire av dei vil framleis krevja mykje arbeid frametter. Mål og utfordring vidare vert å freista å få dei meir integrert i lokalsamfunnet, og å få dei ut i

utdanning og arbeid. Ein er i ferd med å lukkast med integreringa av mange av flyktningane som anten er i utdanning eller i løna arbeid.

Samarbeidet i NAV Samnanger har vore særst godt i 2011, med ein felles kultur og eit særst godt og konstruktivt samarbeid mellom dei tilsette til beste for publikum som skal møte ei felles dør og eit felles kontor.

Barneverntenesta

Arbeider hovudsakleg utifrå Lov om barneverntjenester med tilhøyrande forskrifter.



Barneverntenesta skal sikra at born og unge som lever under tilhøve som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal også bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår. Barneverntenesta skal følgja nøye med i dei tilhøve borna i kommunen lever under, og den har eit ansvar for å finna tiltak som kan førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Tenesta har eit spesielt ansvar for å søkja om mogeleg å avdekkja omsorgssvikt, åtferdsproblem og sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan unngåast, og å freista å setja inn tiltak i høve dette.

Hovudmålgruppa er born og unge i alderen 0- 18 år, men barneverntenesta kan og hjelpa unge fram til 23 år dersom det er behov for hjelp i særskilde høve utifrå ei konkret og individuell vurdering.

Måloppnåing

I 2011 var tenesta inne med hjelp til 26 born og unge totalt, kor 19 fekk hjelp i form av friviljuge hjelpetiltak, og 5 som barneverntenesta hadde omsorgen for i fosterheim, og to born i institusjon. Barneverntenesta mottok 24 nye bekymringsmeldingar i 2011, herav gjekk 22 vidare til undersøkjing. Tenesta hadde 7 avlastnings/weekendheimar inne i 2011. Barneverntenesta hadde også ansvaret for 5 tilsynsførar i 2011.

Utifrå dei tidsfristane som lova set opp, har alle nye saker vore handsama innanfor fristane med omsyn til dei ulike fasane ei ny sak er inne i. Dette er ein rettssikkerheitsgaranti for brukarane som er særst viktig å halda.

Ressursbruk

Eininga har også i året 2011 jobba med oppfølging av nokre tunge barnevernssaker, og tre av desse har vore særst ressurskrevjande, noko som har medført at mykje ressursar har gått med til dette. I tillegg har talet på nye innkomne bekymringsmeldingar også vore høgt i 2011, med 26 saker, noko som har krevd mykje ressursar. Mange av desse sakene vert også særst ressurskrevjande i 2012, samt nye meldingar som stadig kjem inn og må handsamast.

Viktige hendingar

Kommunen fekk tilført ny stillingsressurs på 75 % frå Fylkesmannen i Hordaland gjennom statlege midlar for å styrka barnevernet. Eininga tilførte 25 % i tillegg, og Britt Bakke vart tilsett i 100% stilling som barnevernkonsulent/miljøterapeut frå 01.08.2011. Sekretær Marianne Soleng begynte i 20 % stilling 01.04.2011 i barneverntenesta.

Utfordringar vidare

Arbeida vidare med nokre tunge barnevernssaker. Fortsetja arbeidet med å ”ufarleggjera” barneverntenesta gjennom å synleggjera tenesta for innbyggjarane som ei hjelpeteneste, og gjennom samarbeid med ulike instansar i kommunen, både offentlege, private og friviljuge. I dette ligg også å jobba førebyggjande.

Barneverntenesta er hovudsakleg ei hjelpeteneste som er til for å hjelpa born og unge, og tenesta vil fortsetja å leggja særleg vekt på det førebyggjande arbeidet. Samarbeid internt med skulane, barnehagane, helsesøster og Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), vert også særleg viktig å prioritera. Viktig er også å samarbeida vidare eksternt med til dømes Bufetat og herunder fosterheimar og barnevernsinstitusjonar, i tillegg til rusomsorgen og barne- og ungdomspsykiatrien, i tillegg til andre kommunale barneverntenester og Barnevernvakten og Barnehuset ved Hordaland Politidistrikt i Bergen.

Lova set opp ulike fristar for sakshandsaming av bekymringsmeldingar som tenesta mottek både frå private og offentlege meldarar, og ein vil ha særskild merksemd på dette slik at krava i lova vert oppfylde i dei ulike fasane som ei barnevernssak kan vera i. Samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland er her spesielt viktig, sidan Fylkesmannen er kontrollinstans og kan i tillegg gjeva råd- og rettleiing i ulike spørsmål.

Barneverntenesta vil også revidera eksisterande fosterheimsplan i løpet av 2012.

Fysioterapitenesta

Kommunefysioterapeuten har hovudansvar for barn 0-16 år.



Kommunefysioterapeuten har ansvar for heimebuande som treng behandling i heimen, bebuarane på Samnangerheimen og andre personar som treng brei tverrfagleg oppfølging av fleire yrkesgrupper. Kommunefysioterapeuten er koordinator for habilitering og rehabilitering i kommunen og kontaktperson for hjelpemiddelsentralen. Kommunefysioterapeuten står for søknad og formidling av dei aller fleste av hjelpemidla som blir levert ut frå Hjelpemiddelsentralen til brukarar i

kommunen.

Måloppnåing

Både kommunefysioterapeuten og den private fysioterapeuten har ikkje ventelister, og det er jamn tilgong med nye pasientar. Samnanger Fysikalske Institutt har no ope alle dagar i veka inklusiv nokre kveldar, noko som pasientane set pris på.

Ressurstilgong

Fysioterapibudsjettet gjekk i balanse i 2011. Det kan merkast at kursbudsjettet ikkje vart nytta opp i 2011 fordi det ikkje var aktuelle kurs som det passa å gå på. Ein planlegg for 2012 å delta på kurs i aktiv lungerehabilitering.

Viktige hendingar

Kommunefysioterapeuten har delteke i ”Utredningsarbeid av interkommunalt samarbeid om folkehelsekoordinator, folkehelsearbeid” saman med representantar frå Os, Fusa og Samnanger. Kommunefysioterapeuten er med i gruppa på Samnangerheimen som jobbar med planane for ombygginga der. Deltar på barselgrupper i regi av Helsestasjon. Brukarane av Dagsenteret og nokre av brukarane på Samnangerheimen deltar kvar veke på trim som har fokus på Fallforebygging.

Manuell terapeut Geir Næss som er tilsett ved Samnanger Fysikalske Institutt tok vidareutdanning i psykomotorisk fysioterapi.

Utfordringar

Som den personen med mest kunnskap om hjelpemiddel er det ein utfordring å halde seg oppdatert på alle områda. Det har dei siste åra kome ein del nye hjelpemiddel i forhold til kognisjon, kommunikasjon og styring av ”alt” som ein har i bustaden. Den teknologiske utviklinga går raskt framover. Det er



avansert når ein t.d. kan styra ”alt” ved hjelp av augestyling. Dette er område som naturleg fell til ein ergoterapeut eller i nokon tilfeller logoped / spesialpedagog sine arbeidsoppgåver. I mangelen av desse profesjonane har kommunefysioterapeuten måtta sette seg inn i det, og formidla desse hjelpemidla. Eg ser for meg at dette kan auka i åra framover, og kommunen har behov for ein ergoterapeut som kan jobbar med tilrettelegging av dagleglivet for brukarane.

I den nye Helse- og omsorgstenestelova står det i § 7-3 at kommunen skal ha ein koordinerande einheit for habilitering og rehabilitering. Det må lagast eit plan slik at ein får oppretta ein koordinerande einheit i kommunen.

Jordmor

Ansvarsområde er oppfølging av den gravide og det ufødde livet.

St. melding 12 - Oppfølging av mor - barn dei fyrste 6 – 8 vekene etter fødselen.

Viktige hendingar

Talet på nye gravide gjekk noko opp i 2011. 34 frå Samnanger og 2 frå nabokommunar.

Fødde born i kommunen var 25 – 10 jenter og 15 gutar . Fødde born frå nabokommunen Fusa var 1,- 1 gut.

Jordmor har delteke på møte med dei andre distriktsjordmødrene i Bergensregionen og ein del ulike kurs. Det er kjøpt inn ny doppler og ammepute.

Utfordringar

Slik det ser ut no, vil 2012 verta eit godt år. Dei gravide skal følgjast opp i svangerskapet på ein medisinsk forsvarleg måte. Me har gravide med risikosvangerskap som krev meir oppfølging og resursbruk. Nokre av kvinnene som har fødd, har hatt eit ønskje om å konsultera jordmor etter fødselen.

Det er for liten romkapasitet på Helsetunet. Felles venterom med helsestasjonen har til tider vore utfordrande. Det har vore og det er nokre av dei gravide som har reagert på dette. Særleg dei som har hatt time hos jordmor samtidig som helsesøster har hatt gruppe på felles venterom. Då har den gravide blitt tilvist til legane sitt venterom. Nokon gravide har då vald å gå frå aktuell avtale og deretter kontakta jordmor for ny avtale, når det vert forventa å vera ledig kapasitet på venterommet. Det er heller ikkje alle gravide som ynskjer at ”alle” skal veta at dei ventar barn tidleg i graviditeten.

Det har og i 2011 gått utover anna arbeid og nokre av dagane har vore lange.

Stillinga er for lita etter dagens etterspurnad, jmnfr Stortingsmelding 12 ”En gledelig begivenhet” og retningslinjer frå departementet..

Å få dekkja etterspurnaden på jordmortid og få gjennomført kontrollane på ein medisinsk forsvarleg måte. Det ser ut til å bli ei auke av gravide og av fødselar i 2012.

I Stortingsmelding 12 ”En gledelig begivenhet” ligg det at jordmor er den med best kompetanse på mor og barn i barseltida, dvs. dei fyrste 6 – 8 vekene etter fødselen. Det er anbefalt at jordmor har ansvaret. Det har vore nokon som har ynskt og kome til jordmor etter fødselen. Deira argument har vore at det kan jordmor best.

Å få *tid* til dei andre oppgåvene som ligg i jordmortenesta.

Mål i 2012

Samsvarar med utfordringar i 2011. Skulering/oppdatering via kurs- seminar.

Auka opp jordmorstillinga i stillingsprosent.

Helsesøster

Helsesøster sitt hovudansvar er å driva førebyggjande arbeid i aldersgruppa 0-20 år. Under dette kjem helseundersøkingar, rådgjeving, psykososialt arbeid, opplysningsarbeid individuelt og i grupper, heimebesøk, oppsøkjande verksemd, samarbeid med skule om undervisning og oppfølging av born med særskilde behov, informasjon og tilbod om vaksine og elles tverrfagleg samarbeid.



Måloppnåing

Tenesta er godt tilgjengeleg både på Helsetunet og på skulane. Nasjonale tilrådingar for helsestasjonen og skulehelsetenesta og lokal plan for skulehelsetenesta, vert fylgde og planlagde tiltak utførde. På skulane er datatilkopling kome i orden. Det er ikkje noko nemneverdig sjukefråvær ved helsestasjonen.

Utanom produserte tenester, har helsesøster hatt ansvar for ulike samtalegrupper på skulane i tillegg til undervisning. Helsesøster tek òg del i ansvarsgrupper. Helsesøster sit òg i fagforum, kriseteam og i referansegruppe for Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Samnanger, der ein deltek på ulike møter.

Helsesøster har grupper for ungdomskuleelevane, og alle nybakte foreldre får tilbod om heimebesøk. Helsesøster deltok på foreldremøte for 8. klasse i haust. Helsestasjonen driv tema/barselgruppe, der alle som får born i Samnanger får tilbod om å delta. I tillegg til helsesøster, er fysioterapeut, tannpleiar og bibliotekar med på nokre av tema/barseltreffa. I haust fekk foreldre med born fødd i 2010 tilbod om å delta på førstehjelpskurs på kveldstid.

Foreldre frå Samnanger kan delta på kurset "Godt samliv" ved Indre Arna helsestasjon i Bergen kommune, dersom dei har plassar til overs der. Tilbodet er ikkje brukt.

Helsestasjonen har ikkje gjennomført reisevaksiner i 2011.

Helsesøstrene har delteke på ulike kurs gjennom året. Det har vore kurs som rusførebyggjande arbeid, amming, vold og anna.

Ein er no stort sett à jour med underrapportering på vaksiner til Sysvak.

Helsestasjonen har skreve prosedyre på dei fleste av prosedyrane som me nyttar.

Produserte tenester

Tal på konsultasjonar 0-6 år	470
Tal på konsultasjonar 1-10 klasse	278
Konsultasjonar vaksne(utanom infl.vaks.)	9
Heimebesøk (inkl.barselbesøk)	26
Konsultasjonar HFU	3



Viktige hendingar

Helsesøster Kari Anne Tolås Boge arbeider ved helsestasjonen i 60%. Ho har ansvar for helsestasjonen samt administrasjon. Helsesøster Randi Haugse Rød jobba i 40% fram til 1. september, med ansvar for skulehelsetenesta. Då slutta ho, og helsesøster Marita Måge overtok hennar stilling og arbeidsoppgåver frå 1. september. Maritha Lønnebakken Holmefjord er sekretær i 12,5% stilling, og Edle Margrethe Johannessen er helsestasjonslege i 10% stilling. Helsestasjon for ungdom er ikkje open på ettermiddag, men ungdommane er velkomne måndag-fredag i opningstida til helsestasjonen.

Utfordringar vidare

Bemanningsmessig ligg me framleis under normtal skisserte i nasjonal utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetenesta. Helsesøstrene ynskjer å halda fram med godt samarbeid med samarbeidspartnarane. Helsestasjonen ynskjer å tilby gruppe til alle nyfødde i

Samnanger. Det er òg eit ynskje å vidareføra grupper for elevane på ungdomsskulen. Me ynskjer å marknadsføra ”Godt samliv” kurs for foreldrepar som får sitt fyrste barn saman. Ein må samla prosedyrar ein har, og eventuelt utarbeida nye, og få dei på felles portal. Dette for at alle som treng dei enkelt kan finna fram. Helsesøstrene ynskjer å delta på kurs for å auka kompetansen sin, og dermed gjeva brukarane av Samnanger helsestasjon det beste tilbodet. Helsesøstrene ynskjer faste og tilgjengelege kontor på skulane, samt ei god ordning for kontorfordelinga på helsetunet.

Legetenesta



Legetenesta har ansvar for allmennlegetenesta ved Samnanger legekontor, tilsynslegetenesta ved Samnangerheimen og legetenesta ved helsestasjonen og skulehelsetenesta. I tillegg har kommuneoverlegen samfunnsmedisinske oppgåver og ansvar, som miljøretta helsevern, smittevern, helseovervaking, helsereelatert beredskap, medisinsk faglig rådgiving overfor kommunen, samt deltaking i kriseleing ved behov.

Kommuneoverlegen er dessutan leiar for legekantoret.

Personalet

Kommunale legestillingsressursar

30% stilling som tilsynslege ved Samnangerheimen, fordelt på to stillingar på 20 og 10%
10% stilling som helsestasjonslege/skulelege og 30% stilling som kommuneoverlege.

Kurative legeressursar

4 fastlegeheimlar med totalt listetak på 2925 pasientar. Fastlegeheimlane er fordelte over totalt 10 kurative legedagar pr uke. Me har difor normalt 2 legar i kurativt arbeid kvar dag

Totalt 220 % stilling som helsesekretær, fordelt på 3 helsesekretærer, inkl. ein leiande helsesekretær.

Samnanger kommune har gjennom mange år hatt utfordringar knytt til ustabil legedekning ved legekantoret. Det vart difor i 2009 gjennomført omlegging til interkommunal legevakt og omgjerung av turnuslegestillinga til fast tilsatt lege. 2011 har etterfylgt 2010 som eit stabilt år ved legekantoret, og det har ikkje vore utskiftingar i personalet.

HMS/sjuefråvær

Me har i 2011 ikkje hatt arbeidsulukker i legetenesta, og det har vore lågt sjukefråvær. Få eigenmeldingsdagar og få og korte sjukemeldingsperiodar. Arbeidsmiljøet er godt.

Opplæring

Legane må årleg gjennomføra ei rekke obligatoriske kurs, for å oppnå og behalde spesialiteten i allmennmedisin. Då helsesekretærane ikkje må ha obligatoriske kurs, vert vidareutdanning og fagleg oppdatering gjennomført i mindre grad for dei. Dette skuldast stramt kursbudsjett.

Legevakt

2011 har vore det andre heile året med interkommunal legevakt. Overgong til interkommunal legevakt har i det store og heile gått bra, men også med nokre utfordringar. Det vart i regi av Samnanger kommune utført ei evaluering av den interkommunale legevakta primo 2011. Denne visar at mange brukarar finn reisetida/-vegen til legevakta lite tilfredstillande, og at tilhøva på venterommet kunne vore betre. Evalueringa viser vidare at kvaliteten på tenestene vert oppfatta som god.

Pasientstatistikk

Dei siste 3 åra har det vore ein total auke i tal pasientar på fastlegelistane i Samnanger. Våren 2008 var det 1981 pasientar på våre fastlegelistar. Våren 2011 er talet 2057, og ved årsskiftet

2011/12 er talet stege til 2096. Dette er ei auke på 115 listepasientar sidan 2008, noko som tilsvarar 6 % auke. Dette er klart over auken i folketalet.

Dette kan tyda på at pasientar som tidlegare har nytta fastlege i omkringliggande kommunar no i aukande grad vel legar ved vårt eige legekontor. I tillegg ser me at nokre pasientar frå andre kommunar også vel seg fastlege ved Samnanger legekontor. Me har god kapasitet ved legekontoret, kort ventetid, og framleis ledig listekapasitet hos 3 av 4 legar. Pasientane har difor også ein reell moglegheit for val av fastlege i Samnanger.

Det har ikkje vore nokre større utfordringar/hendingar vedr drifta av legekontoret i 2011. Det har heller ikkje innanfor smittevern og miljøretta helsevern vore større hendingar i 2011.

Utfordringar vidare

Det gjenstår fortsett noko kvalitetssikringsarbeid av interkommunal legevakt. Mykje vil verta betre når dei nye legevaktslokala står ferdig i Os ultimo 2012.

Samhandlingsreforma

Regjeringa la fram stortingsmelding om samhandlingsreforma i 2009. Hovudmål med denne reforma er å få til betre samhandling mellom 1. og 2. linetenesta, auka det førebyggjande arbeidet, og ikkje minst overføra meir ansvar for pasientbehandling til kommunane, behandling som til no har vore utført i 2. linetenesta. Vidare la regjeringa i oktober 2010 ut forslag til ny helselov og ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester, planlagt gjeldande frå 01.01.2012. Det vart og lagt ut forslag til ny nasjonal helse- og omsorgsplan. Desse verkemidlane er naudsynte for å heimla endringar som trengs for å nå dei nasjonale måla.

Samfunnet skal ha auka fokus retta mot helsefremmande og førebyggjande helsearbeid. Ny lov om folkehelse vektlegg at dette ikkje lenger skal være eit ansvar for helsetenesta aleine, men at heile kommunen sine ulike sektorar skal bidra, og at dette i større grad skal fellast ned i kommunens planarbeid.

Samhandlingsreforma vil krevja utfordringar i forhold til økonomisk ressurstilgong og tilgong til kvalifisert legeressurs. I 2011 har det vore samhandlingsmøter møte mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger der også legane har delteke. Saman har me arbeidd for sjå på samhandling innanfor folkehelsearbeid, behov for augeblikkeleg hjelp med døgnopphald i kommunane, samt moglegheitene for samhandling innan for diabetes- og KOLS-omsorgen.

Det vert spanande og sjå kva desse endringane i lovverk og planar vil få av praktiske utfordringar for legetenesta i Samnanger frametter, ikkje minst i forhold til behov for auka kommunal legeressurs innanfor sjukeheim og miljøretta helsearbeid.

Kvalitetssikringsarbeid

Ein er i gong med utarbeiding av prosedyrehandbok for legekontoret. Dette er krevjande arbeid, og tek tid. Ein håpar på å arbeida meir med kvalitetssikring og prosedyrearbeid, avhengig av tilgong på kommuneoverlegeressurs.

Smittevernplan

Siste utgåve av smittevernplan for Samnanger kommune kom i 2004. Det er på tide med revisjon av denne. Framdrifta her er avhengig av tilstrekkeleg kommuneoverlegeressurs frametter.

Thore Austnes

Leiar for sosial – og helse eining

PLEIE OG OMSORG



Dagsenteret torsdag 01.03.12

Eininga omfattar Samnangerheimen, heimetenestene (heimesjukepleie og praktisk bistand), respiratorteam, psykiatri, heildøgnsstilbod til funksjonshemma, avlastning, støttekontakt, omsorgsløn, arbeid for funksjonshemma og dagsenter for eldre. Eininga hadde 62.05 årsverk.. Rekneskapstal for 2011 syner eit forbruk på 46 mill.

Økonomi

2011 har vore eit utfordrande år for eininga. Høgt sjukefråvær, heimerespirator og konsekvensar når utfordringar og oppgåver ikkje samsvarer med økonomiske rammer. Oppgåvene våre er omfattande, utømmelege og forventningane til tenestene er store. Alle som oppheld seg i kommunen har rett til tenester viss dei oppfyller krav i lova. Dette betyr at det ikkje er mogeleg å setje ”tak” på tal personar me kan tilby tenester. Den einaste måten me kan redusere bruken av pengar på er å redusere i kvalitet. Dette er utfordrande sidan kvalitet er viktig både for dei tilsette som gjev tenestene og pasientar/pårørande som mottek dei.

I samband med budsjettkontroll i april 2011 vart det tydeleg at eininga gjekk mot overforbruk på sjukevikar. I samarbeid med tillitsvalte sette me inn tiltak. Me reduserte bemanninga i heimetenesta tilsvarande 5 vakter pr veke og 1 vakt kvar veke i psykiatri. Tiltaka medførte ein del utfordringar for både pasientar, pårørande, tilsette og leiarar i kommunen.

Eininga vart pålagt å lage budsjett for 2012 der det ligg inne ei sparing på kr 600 000,-. Sparetiltaket er permanent og stillingsheimlar er fjerna frå eininga (politisk vedtak). Det er viktig at dei vedtaka kommunen fattar vert formidla ut til publikum som noko alle støttar.

Konsekvensar me har erfart i 2011 og som vil verta vidareførte i 2012

Mindre fleksibilitet ovanfor innbyggjarane.

Meir avvik. Det er for lite tid for sjukepleiarane til å følgje opp alt dei burde i heimetenesta. Medan det før var litt "slark" i kvardagen er tilbakemeldingane no at dei tilsette i heimesjukepleien opplever å ikkje strekke til.

Auke i sjukefråvær?

Pålagte oppgåver vert nedprioritert (Iplos registrering, oppfølging av ernæringstilsyn, medisindosering, journalføring, prosedyrearbeid mm) fordi tida strekk berre til direkte pasientarbeid.

Leiarane må i større grad bruke tid på å skaffe vikarar (stor utfordring) og plassere tilsette til ulike oppgåver (rett kompetanse for å løyse dei ulike oppgåvene). Er dette rett tidsbruk av leiarar i kommunen?

Dette gjer det vanskeleg med oppfølging av tilsette (vegleing, opplæring og oppfølging i samband med sjukefråvær).

Prioritere ned utvikling i eininga (lite rom for kurs, kompetanseheving og andre tiltak for å drive framtidsetta).

Reduserer moglegeheit for å fungere som IA bedrift. Med fleksibilitet var det rom for å "spare" ei vikarvakt og heller ta inn ein sjukemeldt i eit par timar (løna arbeid). No er det lite/ikkje rom for dette.

Vanskelegare å halde høg nok kvalitet på tenestene.

Fleire pasientar kjem tidlegare ut frå sjukehus (samhandlingsreforma). Oppgåvene aukar samstundes tek me ned bemanninga i eininga.

Trass at det vart sett inn sparetiltak alt før sommaren måtte eininga få tilført midlar. Det høge sjukefråværet samt urealistiske budsjett gjorde at eininga ikkje kom i mål.

På grunn av alderen til pasienten på heimerespirator må kommunen sjølv ta alle kostnadane knytt til behandling i eigen heim. Det er ingen økonomisk støtte/bistand frå staten.

Samnanger kommune har ei stor gruppe funksjonshemma som mottek tenester gjennom eining for pleie og omsorg (bustad, avlastning for foreldre, støttekontakt, omsorgsløn og individuelle planar).Avlastning er naudsynt for å ivareta familiar, men ei stor utgift for kommunen. Me er pr i dag avhengige av å kjøpe tenesta (Kvam kommune, private heimar og Vevlestova).

Sjukefråvær

Eininga har hatt eit høgt sjukefråvær i 2011. Dette har vore utfordrande både driftsmessig og økonomisk.

Sjukefråværet i %

2006	2007	2008	2009	2010	2011
9,7	12,8	11,9	8,5	9,8	14,2

Når eining har høgt sjukefråvær, er det grunn til å stille nokre spørsmål. Kva er årsaka? Kva tiltak kan me setje inn?. Eininga har hatt fokus på fråværet;

Det er gjennomført medarbeidersamtalar for tilsette på Samnangerheimen og i heimetenesta.

Bedriftshelsetenesta har hatt arbeidshelseundersøking for tilsette på natt i Samnanger kommune (institusjon, heimetenesta og bufellesskapet på Skottabakken) i sept/okt.



*Med litt tilrettelegging kan gravide vere i arbeid
(Magrete Bjørnås)*

Tydelegare reglar frå 01.07.11 for oppfølging av sjukemeldte. Meir krav til dialog mellom arbeidstakar og leiar. Viktig å vurdere tiltak. Kva frávær har den enkelte arbeidstakar? Er det noko arbeidsgjevar kan gjere for å redusere fráværet?

Ei gruppe leia av rådmann er sett ned for å sjå på sjukefráværet i eininga. Årsak? Tiltak for reduksjon? mm.

Sjukefráværet for 4.kvartal 2011 var redusert til 10,8 %. Ein kan håpe at reduksjonen held fram.

Samnangerheimen og heimetenesta

Tenestene er samordna og ein løyser oppgåvene i fellesskap.

Leia av Susanne Ulvenes og Reidun Abotnes.

I tillegg har dei med ass.avd.leiar Wenche Steinsland og Kari Dyrhovden

Oppgåvene våre er omfattande og har utvikla seg mykje dei siste åra. Eininga gjev meir avansert sjukepleie (både i heimane og på Samnangerheimen) og må i større grad leggje til rette for individuelle behandlingar. Dei fleste eldre ønskjer å vere heime så lenge som mogeleg og greier dette med mykje oppfølging frå heimetenesta. Dei som kjem inn på Samnangerheimen er ofte svært sjuke.

Oppgåver personell utfører er td hjelp til personleg hygiene, medisindosering, utlevering av medisin, insulin, blodprøver, sårstell, smertelindring (td. smertepumper), intravenøs behandling, sondeernæring mm.

Samnangerheimen (30 plassar)

Post 1 er demensavdeling og bemanninga følg nasjonale retningslinjer for denne type avdeling. Avdelinga er dimensjonert for 6 pasientar. 8 pasientar kunne gitt betre utnytting av ressursar.



Nina og Bjørg

Bemanning

	post 1 (6 pas) dag/kveld	post 2 (8 pas) dag/kveld	post 4 (9 pas) dag/kveld	post 5 (7 pas) dag/kveld
Kvardagar	2/2	3/1+5t	3/1+4,5t	1/1
Helg	2/2	3/1+5t	2/1+4,5t	1/1



Habiba er reinhladar på sjukeheimen

Heimetenestene

Dei samla tala syner at tal brukarar aukar i heimetenesta. Me kan og dokumentere (Iplos = individbasert registrering av pasient og bistandsbehov) at omfanget av oppgåvene aukar. Samstundes har me redusert bemanninga i heimetenesta med 5 vakter kvar veke. Det vil seia at me har fleire oppdrag men færre tilsette til å løyse oppgåvene.

Tal brukarar (pr 31.12.11)

(samla oppdrag)	Praktisk bistand reinhald	Berre heimesjukepleie	Begge delar
2007 (75)	21	17	37
2008 (72)	15	21	36
2009 (60)	14	11	35
2010 (58)	14	12	32
2011 (67)	12	20	35

Bemanning

	Heimesjukepleie Dag/kveld	Praktisk bistand Dag/kveld
Kvardag	3/2	3/0
Helg	3/2	0/0

Annakvar fredag er me ein ekstra på dagvakt.

Vedtak og tildeling av plassar og tenester

Alle tenester me tildeler i eininga skal ha enkeltvedtak. Vedtaket er for at tenestemotakar skal vite kva han/ho får av tenester, grunngjeving, innsynsrett, klagerett og vising til lova.

Kommunen har ei omfattande opplysningsplikt. Eininga sender og ut informasjonsbrosjyre med vedtaka der tenestemotakar får viktige opplysningar om eininga.

	2008	2009	2010	2011
Vedtak	138	165	227	235
Korttidsopphald	23	22	33	31
*Avlastning u/betaling	6	2	6	8
Langtidsopphald	13	8	8	6
Avslag	6	7	8	5
Dødsfall	11	15	10	12

*for at pårørende skal få avlastning for sine omsorgsoppgåver.

Tilsyn/revisjon

Kontrollutvalet i sak 16/11 bad om forvaltningsrevisjon av tenestetildeling og økonomistyring innafor pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune. I følgje Deloitte var formålet med forvaltningsrevisjonen å undersøkje om tenestetildeling og økonomistyring innanfor pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune er tífredsstillande ut frå relevante lover, forskrifter, anna aktuelt regelverk og interne retningsliner. Revisjonen hadde fokus på vedtak (sakshandsaming og tildeling av enkeltvedtak) samt økonomistyring.

For eininga var revisjonen tidkrevjande, men eit fint høve til å setje fokus på enkelte område av dei oppgåvene me er tildelt. Me er samd i at budsjettstyring er utfordrande når det er vanskeleg å setje rammer for kva oppgåver me kan ta på oss.

I rapporten står følgjande (samandrag);

Det går fram av rapporten at det i liten grad blir klaga på tildeling av tenester i Samnanger kommune og at systemet for handsaming av klagar etter revisjonen si vurdering er tilfredsstillande. Vidare går det fram at kommunen i tråd med krav i lov og regelverk fattar enkeltvedtak ved førespurnad om pleie- og omsorgstenester, men at desse vedtaka også har forbetningspotensiale.

Vidare går det fram at kommunen har etablert ein budsjettprosess som sikrar medverknad frå pleie- og omsorgstenesta, og at mynde og ansvar i høve budsjettarbeid er klårt definert. Kommunen har også etablert rutinar for rapportering som gjev grunnlag for ei forsvarleg økonomistyring innan eininga. Vidare viser rapporten at dei som er intervjuet i pleie- og omsorgseininga opplever at budsjettarbeidet er krevjande, og at det er vanskeleg å setje av tid til dette arbeidet, og revisjonen peikar også på at eininga i større grad bør dokumentera samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi.

Ting me har fått til

Trass store utfordringar gjev dei fleste tilbakemelding om ein god arbeidsplass og eit godt arbeidsmiljø. Eininga er samansett av ei gruppe med dyktige og motiverte tilsette. Det er eit nært samarbeid mellom leiarar og tillitsvalte/verneombod der me har jamlege møter og diskuterer dei utfordringane me har.

Gjev avansert sjukepleie i Samnanger kommune.

Løysingsorienterte tilsette som i lag finn gode løysingar. Hatt mykje fokus på dette grunna sparetiltak.

Vedtak byggeprogram. Det å sjå at me nærmar oss målet om ny sjukeheim er motiverande for alle. Kommunestyret vedtok i juni byggjeprogrammet for ny sjukeheim. Brukargruppa har arbeidd godt saman og er nøgd med det byggjeprogrammet som vart vedteke. Brei samansetning i gruppa har gitt mange gode løysingar. Tilsette gler seg over at ein no ”nærmar” seg ny sjukeheim.

Ein sjukepleiar er ferdig med vidareutdanning i diabetes. Viktig kompetanse for Samnanger kommune.

Ikkje utskrivingsklare pasientar liggjande på sjukehus. Statistikken frå Helse Bergen syner at Samnanger kommune ikkje har utskrivingsklare pasientar liggjande på sjukehus. Me greier å ta pasientane attende til kommunen anten til eigen heim eller til Samnangerheimen. Dyktige tilsette som er løysingsorienterte og har fagleg høg kompetanse gjer dette mogeleg. I følgje SSB (statistisk sentralbyrå) er og dekningsgrada hjå oss god.

Me får vere med på ulike arena der avgjerd vert tekne og ein opplever mykje positive tilbakemeldingar frå ulike samarbeidspartnarar. Kompetansen i pleie og omsorg vert etterspurt av andre kommunar, sjukehus og opplæringsinstitusjonar. Dette er bra for den enkelte tilsette, men og omdømebyggjande for Samnanger kommune.

Me greier framleis å leggje til rette for at ufaglærte tek helsefagutdanning på Fusa vidaregåande skule. Tre tilsette starta utdanninga hausten 2011.

Fått betre oppfølging/kontroll på leigebilane.

Meir jamn flyt i sakshandsaming av søknadar om tenester.

Utfordringar

Redusert bemanning i heimetenesta.

Høgt sjukefråvær

Ny sjukeheim/midlertidig drift. Spenning knytt til kvar/korleis dette vert.

Samhandlingsreforma. Sjølv om me meiner me er godt budd på reforma er me usikre på kva utfordringar me vil få framover. For oss gjeld det spesielt utskrivingsklare pasientar samt at kommunen skal ha øyeblikkeleg hjelp plassar frå 2016. Må me samarbeide med andre for å få dette til? Kven skal liggje i sengene? Vil me med god kompetanse greie å ta oppgåvene i eigen kommune?

Heimerespirator.

Tekniske løysingar/program. Eininga har for dårleg/manglande utstyr for å lette arbeidsprosessar. Framleis har me manuelle timelister der me bruker unødvendig mykje tid på føring, kontroll, tilvisning og registrering (løn-og personal). Burde hatt turnusar som var knytt opp til eit program for timelister.

Kan me drive meir effektivt? Må heile tida ha fokus på dette.

Omdømebygging av eininga og Samnanger kommune. Korleis snakkar me om eigen arbeidsplass? Kvifor får me ros av andre medan me kanskje til tider innad i kommunen er negative mot kvarandre? Veit me for lite om kva gode me har? Trur me at stram økonomi er eineståande for Samnanger kommune?

Kjøkken

Levering av varm mat til heimebuande, bufellesskap, dagsenter og Samnangerheimen.



Inger Marie, Ingmund og Marit

Utlevering av mat til heimebuande	3898
Sal av middag til personale/pårørande	124
Middag til dagsenter (brukarar)	1000
Middag til tilsette/frivillige på dagsenteret	261

Måloppnåing

Gode tilbakemeldingar frå brukarane. Framleis felleslunsj kvar fredag for tilsette. Meir fokus på ernæring. Godt samarbeid mellom helsepersonell og kjøkkenpersonell om gode løysingar for pasientar med spesielle utfordringar. Mellom anna har kokken samtale med kvar enkelt pasient som treng tett oppfølging og tilrettelagt kost. Dette gjeld pasientar med dårleg appetitt og fysiske utfordringar i samband med inntak av mat.

Arbeidsstova



50% stilling, med arbeidstid måndag, onsdag og fredag (08.00 – 14.30).

Aktivitetar; bingo, trim, besøk frå barnehagar, song, høgtlesing, maling, baking, strikking, toving, veving med meir. ”butikk” der pasientar kan kjøpe klede.

Flittige hender.

Gruppa bebuarar på Samnangerheimen har endra seg og rollen til aktivtøren er endra. Pasientane er mindre i stand til å ta aktiv del i arbeidsstova.

Aktivtøren har og ansvar for innkjøp og pynting til arrangement og høgtider samt blomar til planting ute. Aktivtøren er og leseombod i kommunen.

Dagsenter



Opningstid er måndag, tysdag og torsdag, kl. 9.00 –15.00 (inkl transport) Opningstida er regulert av arbeidstida for dei tilsette. Sidan me kjører til/frå dagsenteret sjølve er me avhengig av at dei tilsette rekk attende til Samnangerheimen innan arbeidstida er slutt.

Dagsenteret var stengt 4 veker i sommar. Det er ikkje lagt inn i budsjettet midlar til å halde ope om sommaren. Brukarar som hadde behov for dagtilbod i denne perioden fekk tilbod på Samnangerheimen.

Bergit Tømmerbakk. Ikkje noko å sei på handarbeidet her.....

	2 dagar / veke eller meir	1 dag / veke	1 dag / annakvar veke
2005	5	14	9
2006	4	12	6
2007	4	14	4
2008	2	15	2
2009	4	13	1
2010	5	15	0
2011	8	10	2

Tilbod:

Transport til og frå dagsenteret (frivillige kjører ikkje lenger og dei tilsette ved dagsenteret må ta denne oppgåva). Må syte for at tilsette greier dette innafor arbeidstida dei har. Dette medfører at brukarane må heim litt tidlegare enn før.

Informasjon om hjelpemidlar, råd om heimesituasjonen, influensavaksine, tenester frå plo med meir.

Følgje til lege/tannlege.

Nokre får frukost (spesielle behov) og bad.

Alle får middag.
 Utlån av bøker, bingo og trim.
 Barnehagen kjem på besøk.
 Tur til Hardanger og besøk av musikarane Per Olav Kaldestad og Annlaug Børsheim.
 Dagsenter er eit svært viktig tilbod. Tilbodet er ikkje lovpålagt.

Psykiatri

Arbeidsoppgåvene er allsidige i psykiatri: samtalar, fylgje til bank, post, butikkar, lege, sosialkontor, hjelp med medisinar, tillaging av dosettar, personleg hygiene, kjøring og henting ved sjukehus eller poliklinikk, kontakt med politi og prest.
 Dagsenter x 1 pr veke (dagsenter, bading eller anna aktivitet). Samarbeid med 2.linetenesta. Faste samarbeidsmøte kvar månad med Solli sykehus/poliklinikk.



Psykiatrisk sjukepleiar	100 %
Psykiatrisk sjukepleiar	50 % (reduisert til 40 % frå 2012, politisk vedtak)
Psykiatrisk hjelpepleiar	50 %

Ingrid T Reknes leiar psykiatritenesta.

Måloppnåing

God kontakt med fastlegane, NAV og sosialkontor.
 Har starta litt samarbeid med Fusa (dagsenter/samlingar). Dette er positivt og kan leggje grunnlag for meir samarbeid på sikt.

Utfordringar

Framleis for lite kapasitet til å utvide bistand retta mot flyktningar.
 Ser at nokre ungdomar (over 18 år) vil kunne ha behov for hjelp. Ikkje heilt avklart omfang enno.
 Går greitt med 10 % reduksjon pr i dag, men leiar for psykiatri er uroa sidan dette i kommunestyret er vedteke som permanent reduksjon.

Funksjonshemma



Koordinator for funksjonshemma har ansvar for bufellesskapa på Skottebakken (5 brukarar) og Haga (2 brukarar + 1 heimebuande), aktivisering og dagtilbod (arbeid og skule) for personar med nedsett funksjonsevne (støtte-/fritidskontaktar, avlastning, besøksheimar, ansvarsgrupper og individuelle planar). Kontakt med 25 brukarar.

Haldis Øvreide, koordinator for funksjonshemma

Bemanning

Haga - 2 bebuarar + 1 heimebuande

	Dag	Kveld	Merknad
Kvardag	2	2	1 pers er ute av buf 1 t morgon (inn på SH) 1 pers er ut av buf 3,5 t kveld (inn på SH)
Helg	1	2	1 pers er ut av buf 3,5 t kveld (inn på SH)

Måndag reiser ein brukar til Storeholmen (ein tilsett føl)

Skottabakken -5 bebuarar

	Dag	Kveld
Kvardag	2 (måndag onsdag og fredag) 1 (tysdag og torsdag).	2 (+ 4 timar knytt til ein brukar)
Helg	2	2 (+ 4 timar knytt til ein brukar)

Måndag, onsdag og fredag reiser ein brukar til Storeholmen (ein tilsett føl).

Brukarane har ulike behov. Nokon må ha kontinuerleg tilsyn, medan andre kan greie seg litt på eiga hand innan trygge rammer. Tilsette i bufelleskapa har oppgåver som; bistand til personleg hygiene, praktisk bistand til opplæring, medisintdeling, følgje til lege/tannlege, kontakt med familie, kontakt med arbeidsplass, observasjonar, aktivitetar mm.

Høg fagkompetanse, lite fråvær og dyktige tilsette gav brukarane eit godt tilbod i 2011.

Fleire av bebuarane i bufelleskapa har dagtilbod (skule eller arbeid).

Dagtilbod er viktig for dei fleste og arbeidsplassar kostar kommunen i overkant av kr 500 000,- pr år. Kommunen kjøper tenester på Storeholmen i Øystese og Bjørkhaug Arbeidsfellesskap i Arna. Fleire enn dei som får tilbod i dag ønskjer arbeid.

Måloppnåing

Har fått auka fagkompetanse i bufellesskapa. Fleire tilsette har teke Helsefagarbeidar utdanninga på Fusa vidaregåande skule samt at me har tilsett vernepleiar og ergoterapeut. I begge bufellesskapa nyttar me tvangsvedtak knytt til alarmar. Dette krev at personalet har fagkompetanse og fylkesmannen kontrollerer dette kvart år.

Auke i satsar for betaling til støtte-/ fritidskontakt.

Samarbeid med eining for kultur og Fusa kommune. Gjennomført fleire prosjekt knytt til litteratur/bibliotek. Friluftsløip for funksjonshemma. Fritidsklubb i Fusa.

Samarbeid med kyrkja om kurs for psykisk utviklingshemma.

Utfordringar

Samla butilbodet på ein stad. Fungerer dårleg med 2 bufellesskap. I tillegg ventar fleire heimebuande på eit tilbod. Fleire i denne gruppa er ungdomar og det er naturleg å starte prosess med utflytting frå foreldre. Plan for funksjonshemma ikkje oppfulgt. Pr 2011 skulle det vore nytt bufellesskap

Manglande dag- og arbeidstilbod for fleire personar.

Fleire barn og unge med trong for støttekontakt/fritidskontakt (helse- og omsorgslova)

Rekruttera fleire støtte-/ fritidskontaktar.

Manglande universellutforming på aktuelle møtestader og kommunehus.

Etterkome ynskje om ferieturar.

Opplæring i helse- og omsorgslova §9, bruk av tvang overfor personar med utviklingshemming for alle som yt tenester til brukarane på vegne av Samnanger kommune .

Organisering av tenesta. Kven skal ha dei ulike oppgåvene i samband med auka behov og oppfølging både av brukarar, pårørande og tilsette. Meir kompliserte problemstillingar der fleire einingar er part i den hjelpa/bistanden brukar skal ha.

Grete Lill Hjarnes

Einingsleiar pleie og omsorg

BARNEHAGEEININGA

Barnehageeininga har ein felles einingsleiar/ styrar der Anne Fredriksen er leiar. Kvar barnehage har ein assisterande styrar/ dagleg leiar.



Nordbygda barnehage

Nordbygda barnehage er bygd i 1990 og har heile kommunen som opptakskrins. Hausten 2010 vart barnehagen utvida med ei avdeling, og me flytta ned ei gruppe i delar av Nordbygda skule. Våren 2011 begynte planarbeidet med å bygga om skulen til barnehage. Hausten 2011 var det planlagt ei ny småbarnsavdeling på skulen. Avdelinga vart utsatt til 2012, men alle på venteliste fekk plass og blei

fordelt på dei to eksisterande småbarnsavdelingane oppe i den gamle barnehagen.

Pr 16.desember var talet på barn (telledato)

21 barn i alderen 3 til 6 år

24 barn i alderen 0 til 3 år

Dråpeslottet

Barnehagen opna i desember 2008 og har heile bygda som opptakskrins.

Den er godkjent for 60 plassar for barn i alderen i 0 til 6 år fordelt på 4 avdelingar.

For tida har me auka talet i ein av dei store avdelingane for å ta imot eigne barn frå småbarnsavdelingane.

Her kjører me utvida gruppe, med 25 barn og to pedagogar:

Pr .16.desember er talet på barn

45 barn i alderen 3 til 6 år

22 barn i alderen 0 til 3 år

Mål og måloppnåing

Barnehageeininga har to viktige hovudmålsettingar

barnehageplass til alle

gode tenester for våre brukarar der vår visjon framleis er :



Saman om ein god start

Barnehageplass til alle:

Barnehageeininga har i 2011 utvida til 5 småbarnsavdelingar, No er det ikkje venteliste på barnehageplass, men ikkje alle har fått plass der dei ønskjer.

I Dråpeslottet barnehage er det venteliste, men barna har fått plass i Nordbygda.

Kvalitetsmål

I 2011 har me ikkje hatt brukarundersøking, men me arbeider framleis med dei same betringsområda som i 2010

Betre informasjon til føresette (her har me fått bildeskjermar på alle avdelingane. Slik at foreldra kan sjå barna i aktivitet)

Betre språk og språkstimulering

Haust 2011 Leseløftet kompetanseheving(Språkleiken Bravo) der barnehagen har som mål å legge ein solid grunnmur for seinare leseglede.

Våre kvalitetsmål er prosessmål, og me arbeider heile tida for å bli betre.



Ressursbruk Me har klart å halda oss innafør budsjetterte rammer for barnehageeininga.

Sjukefråvær

Samla fråvær for barnehageeininga er på 5.3%

Langtidsfråværet er ikkje relatert til tilhøva på arbeidsplassen

Opplæring

Kursdag i september: Me leigde inn kurshaldar i Språkleiken Bravo for alle barnehagetilsette i kommunen (den private barnehagen deltok saman med oss)

Målet er å verta best i lesing i Hordaland , Språkleiken bravo

Personalet I Dråpeslottet har fått opplæring i Teikn til tale(4 kurskveldar)

Pedagogisk satsingsområde

I tråd med føringar frå kunnskapsdepartementet har me framleis fokus på språk og språkutvikling
Leseløftet/ plan for lesing og leseglede. Nært samarbeid med biblioteket. Utlån av bøker til barn og føresette i barnehagane.

Nytte Språkleiken bravo.

Begge barnehagane har også i år hatt temaarbeid

Vatn kreative krefter - vatn/ vær/ natur og miljø

Fortsett samarbeid med kulturskule / Samarbeidet vert nytta til ein musikkstund ein skuletime i veka i kvar barnehage



Kropp rørsle og helse

Begge barnehagane har framleis bading med førskulebarna

Målsetting er å få barna trygge i vatn, og målet vart nådd også i 2011

Dråpeslottet barnehage har tilgang på gymsal på Samnanger barneskule.

Nordbygda har fri tilgang på gymsal og har spesielt ekstra fokus på fagområdet - Kropp rørsle og helse.

I 2011 har Nordbygda barnehage teke del i prosjektet Fiskesprell. Målet er å få barn til å eta meir fisk og sjømat. Begge barnehagane har utetid kvar dag med høve til aktiv leik. Og begge nyttar naturen og nærområdet til turar.

Organisasjonsutvikling med fokus på kvalitet
Barnehageeininga vert stadig større. Me har no 8 avdelingar med til saman 112 barn og 40 tilsette.
Me jobbar aktivt for å skape ein god oppvekstarena med leik, læring og utvikling i fokus. Eit godt personal- foreldresamarbeid er nøkkelen å skape gode tenester.

Sentrale aktivitetar / hendingar

Omorganisering/ utviding Nordbygda barnehage - haust 2011

Tre småbarnsavdelingar i det gamle bygget med alternativ organisering

Ein avdeling for barn i alderen 3 til 6 år i delar av Nordbygda skule

Oppstart planarbeid med ombygging av Nordbygda skule til barnehage



Uteplassen Nordbygda

Fortsatt samarbeid med Kulturskolen som munnar ut i framsyningar for foreldra
Faste møtepunkt gjennom året mellom barnehagane og Samnanger barneskule.

Utfordringar/ vidare arbeid

Når Nordbygda skule er ferdig ombygd, kan me ta imot alle barn som treng barnehageplass .
Me gler oss! Me har nådd eit viktig mål: Barnehageplass til alle og ledig kapasitet til å ta inn barn som kjem nye til bygda. Samnanger der du vil leva og bu

Anne Jorunn Fredriksen
Einingsleiar barnehage



Kjersti Mellingen Bruvik er einingsleiar. Frå hausten 2011 prøver me ut ny organisering av leing. Leiargruppa er sett saman av rektor; Kjersti M. Bruvik 80%, inspektør; Inge Aasgaard ca.40%, avdelingsleiar; Åshild Å. Haga 40% og sfo-leiar; Tina B. Norup 35%.

Samnanger barneskule har 182 elevar. Skulen er ein fulldelt barneskule med 2 parallellar på 2 klassesteg. SFO har 42 barn.

Oversikt over årsverk og tal på tilsette

Funksjon	Årsverk	Tal tilsette	
Skule-leiing	1,6	3	Rektor, inspektør og avdelingsleiar.
SFO-leiing	0,4	1	
Sekretær	0,7	1	Fordelt på fire dagar i veka
Lærarar	15,6	20	
Assistentar	10,6	14	Ca.8 årsverk i skulen og ca. 2,5 årsverk i SFO. Det er assistentar som gjennomfører dei pålagde oppgåvene frå staten med fysisk aktivitet og leksetid i skulen.
Reinhaldarar	1,7	3	
Sum	30,6	42	

Måloppnåing

Opplæringslova og Læreplan for grunnskulen, ”Kunnskapsløftet” frå 2006, gjev retning og mål for arbeidet vårt.

I tillegg har me den kommunale planen som seier at elevane våre skal:

- ha eit godt læringsmiljø som er prega av tryggleik, trivnad, elevmedverknad, elevdemokrati, motivasjon og eit godt fysisk miljø
- ha eit optimalt læringsutbyte gjennom tilpassa opplæring

Under dette kjem skulen sine område. Me

prøver mest mogeleg å samordna det som kjem frå stat, kommune og eiga eining.



For 2011 er følgjande utviklingsområde jobba med:

Mål-formulering	Teikn på god praksis	Grad av mål-oppnåing
Alle vaksne er samkøyrd i handheving av reglar og konsekvensar	Elevane, dei føresette og dei tilsette kjenner reglane og konsekvensane Elevane godtek og følg reglane, og lyder når dei får tilrettevising Alle vaksne handhevar reglane og konsekvensane likt Konsekvensane kjem straks Føresette er lojale mot reglane og konsekvensane Klassereglane vert følgde av alle som er inne i klasserommet Parallellklassane har like klassereglar Brot på reglane vert handheva på lavast moglege plan Dei vaksne er <u>tydelege og venlege</u> (Obs! Gløymde du deg no?)	M H-M M H M H-M Stryk denne H-M H-M
Vekeplanen er reiskap for læring (sosialt og fagleg)	Eit eksemplar av vekeplan ligg alltid tilgjengeleg i eigen veggkasset til bruk for vikarar I tillegg eit eksemplar av vekeplan til 1.-4.trinn i eiga hylle til bruk for leksehjelparar Leksehjelparane veit kva dei skal hjelpa elevane med og korleis Elevane frå 1.-4.trinn får mest lekse til dei dagane dei har leksetid Elevane forstår kva dei skal gjera Elevane gjer leksene til avtalt tid Lærarane formulerer tydelege faglege og sosiale læringsmål Elevane får tilbakemelding på om læringsmåla er nådd Lærarane brukar elevane si eigenvurdering aktivt Faglærarane skriv inn/ leverer lekser til kontaktlærer til avtalt tid Vekeplanen har eit eige område for kommunikasjon Dei føresette forstår kva elevane skal gjera Dei føresette hjelper eleven heime Dei føresette ser til at lekser er skikkeleg gjort og til rett tid	M Nei, hengja i kl. M H H-M H-M H-H/L? M/H Lite brukt-H/M H-M M-H H/M-blank H-blank M
Dei føresette er samarbeids-partnarar	Dei føresette får møta skulen tidleg på hausten Lærarane har låg terskel for å ta kontakt med heimen Dei føresette har låg terskel for å ta kontakt med skulen Elevane veit at heimen og skulen har god dialog Kontaktlærer passar på at <u>alle</u> føresette får informasjon Dei føresette veit at det er dei som har hovudansvaret for opplæringa Dei føresette formidlar at skule er viktig og snakkar fint om skulen Elevane kjem førebudd på skulen (lekser, søvn, mat, klede, bøker og utstyr) Dei føresette tek del på foreldremøter, samtalar og arrangement	H H-M M,stor variasjon H-M H M H-M M M, H på foreldresamt
Elevane kjenner seg trygge på skulen	Alle kjenner reglane Skuledagen er forutseieleg Dei vaksne er lett synlege i friminutta. Alle vaksne brukar vestar. Dei vaksne er tydelege og venlege Dei vaksne har ein god tone i alvor og moro Alle har nokon å vera med Elevane vågar å henvenda seg til alle medelevar og vaksne i klassen Elevane opplever at det er ok å trengja hjelp Elevane opplever at det er ok å vera flink Alle opplever å verta sette Alle seier hei til kvarandre	H H H-M H-H/M H H-M/H H-M H-M H-M/H H-M H-M

Evaluert haust 2011 av lærarar og assistentar: Svart=alle Blått=1.-4.klasseteam Raudt=5.-7.kl.
H= høg grad av måloppnåing. M= middels grad av måloppnåing. L= lav grad av måloppnåing

Elles jobbar me med “Fokus dette skuleåret”

Alle seier – hei!

Alle snakkar venleg til kvarandre!

Alle får oppleve å få til noko bra!

I tillegg lærer heile skulen “Årets song” som handlar om det å vera saman. I år er det “Så det gode”

Me vil etterspørja dei gode eksempla, ha fokus på noko som er positivt og som skapar vi-kjensle. Me meiner me er på god veg her.

Intern trivselsundersøking

hausten 2011:

Trivselsundersøkinga for 4.-7.klasse viste nok ein gong svært positive resultat. Heile 97,6% av elevane svarte at dei trives bra, eller betre enn bra, på skulen. Undersøkinga har også hjelpt oss til å ta tak i det som er av utfordringar.

Nasjonale elevundersøking

våren 2011:

Elevundersøkinga våren 2011 vart gjennomført for 5.-7.kl. Undersøkinga viser stort samsvar med eiga

trivselsundersøking. Trivselen blant elevane er svært høg. Ut frå svara i undersøkinga, er det svært lite mobbing.

Undersøkinga viser også at me kan forbetra oss innan områda fagleg tilbakemelding og for nokre arbeidsro.

Nasjonale prøvar hausten 2011:

5.klasse ved Samnanger Barneskule vart hausten 2011 beste (klasse) kommune i Hordaland i lesing, og førte Samnanger kommune på 12.plass av 429 kommunar i landet. Dette set me i samband med målretta satsing på lesing ved skulen. I matematikk kom me noko under landsgjennomsnittet. Nasjonale prøvar i engelsk vart grunna tekniske problem nasjonalt, ikkje gjennomført.

Opplæring av tilsette:

Vidareutdanning:

Skolebibliotekkunnskap. Ein lærar held på med dette studiet.

Master i Offentleg administrasjon og leiing. Ein har teke denne utdanninga.

Kurs:

Kurs i naturfag. To personar ein dag.


Musikk-kurs; Kor Arti. To personar ein dag.

Norsk for framandspråklege. To personar ein dag.

Barn med spesielle behov / gode rutinar. Assistentane ein dag.

HMT:

Det er ein god atmosfære blant dei tilsette ved skulen. Alle strekkjer seg og støttar kvarandre for å få dagane til å gli best mogeleg. Verneombodet har tatt initiativ til trening i gymsalen kvar tysdag etter skuletid. Her tek fleire del, og det vert opplevd svært positivt av dei som er med. Sjukefråveret er på 5,1%. Det er noko høgare enn det skulane hadde kvar for seg – i



underkant av 3%. Noko av forklaringa kan liggja i stort arbeidspress over lang tid i samband med nedlegging, flytting og arbeid med ny organisasjon.

Sfo:

Alle søkjarar har fått plass, også dei som har søkt om enkeltdagar. Sfo- vedtekter og Sfo-årsplan ligg tilgjengeleg på It's learning. Påmeldingsskjema og sfo-vedtektene ligg dessutan på kommunen si heimeside.

Foreldre gjev positive tilbakemeldingar om at barna likar seg på sfo og utviklar vennskap på tvers av klassane.

Ressursbruk

Eininga har halde seg innan ramma. P.g.a. sjukerefusjonar, har skulen kunna kjøpt inn fleire datamaskiner til elevane, smart-boardar m/videokanoner og pultar og stolar til klasserom i nybygget. Dette står lagra til nybygg er ferdig.

Viktige hendingar

Omorganisering av leiing:

Kommunen og Utdanningsforbundet har gått med på ei prøveordning med å omorganisera leiinga.

Skulen er markant større og oppgåvene meir omfattande. Det er viktig å leita etter og finna gode løysingar som fungerer i kvardagen. Det er laga stillingsomtalar til alle stillingane. Ordninga skal evaluerast i samband med nybygg 2013.



Ny trafikkplan:

Skulen fekk prosjektmidlar til å få utarbeida ein trafikkplan. Denne er no laga, og ansvarleg for planen, Tor Jellestad, føl opp planen. Skulen deltok i 2011 i fylkesfinalen i sykling.

Handlingsplan for lesing i Samnanger 2011-2020

Prosjektmidlar er sett av til å utarbeida plan for lesing frå barnehage til ungdomsskule. Hilde Aarvik er ansvarleg for planen. Ho er også bibliotikar og leseombod ved skulen og jobbar med å setja planen ut i live. Me ser allereie gode resultat av dette viktige arbeidet.

Nybygg:

Dei tilsette og elevane er i full gang med å uttala seg om nybygget. Me har allereie hatt fleire møte der me har sett på teikningane. Det vert spennande å sjå om me får dei løysingane me ynskjer.

Ikt-avdelinga lova utskifting av lærarane sine datamaskiner. Det har ikkje vorte gjennomført. Skulen har prioritert berbare datamaskiner til 5. og 6. klasse slik at alle elevane på mellomtrinnet no har eigne datamaskiner. Skulen har også kjøpt skulelisens på dei pedagogiske programma Aski Raski og GM-Unik.

Den kulturelle skulesekken (DKS):

Statlege løyvingar gjer at me kvart år kan gjennomføra lærerike utflukter eller få profesjonelle utøvarar til skulen. Med utgangspunkt i mål frå Kunnskapsløftet, har me laga ein årsplan for ulike kulturuttrykk. Slik sikrar me at alle klassar får med seg minst ei spesiell oppleving.

Gjennom skuleløpet vil då alle ha fått med seg alt.

Aktivitetar i 2011 (inkludert skulen sine eigne ekskursjonspengar):

Skipshelleren-Vaksdal, Mostraspelet-Bømlo, Fornminne-Totland, Folkebiblioteket-Tysse, Lucia-Samnangerheimen, Kyrkjebesøk-Samnanger kyrkje, Julevandring-Samnanger kyrkje,

Naturhistorisk museum-Bergen, Vilvite-senteret-Bergen, Baroniet-Rosendal, Forfatterbesøk-Samnanger, Skiinstruksjon-Eikedalen, Skulekonsertar med fylkeskonsertane, Teaterbesøk frå Hordaland teater, Vårsleppet-Nordbygda

Utfordringar vidare

Drift av skule i omstilling:

Det er arbeidskrevjande og utfordrande å leia ein organisasjon som er under oppbygging - som skal skapa sin eigen kultur og som samstundes er i ein byggjeprosess.

Trygg skuleveg:

Det første skuleåret fekk alle skuleskyss for å gje ei sikker løysing, medan det vart arbeidd med å avklara ei permanent løysing. Ein del ting har vorte utbetra, men enno er der stader på skulevegen som gjev dårlege løysingar for elevar. FAU ynsjer å få nedsett fartsgrense ved rundkøringa ved skulebusshaldeplassen.



Avslutningar ved skulen:

Me ynskjer at både tilsette, elevar og foreldre skal få vera med å finna gode løysingar for korleis me skal gjennomføra t.d. juleavslutning, sommaravslutning og avslutning for 7.klasse. Her er me er ikkje i mål.

Nybygg:

Det vert viktig å få til gode prosessar i brukargruppene. Mange har ynskje om mange ting, men me får ikkje alt. Målet er at me skal finna dei beste løysingane utifrå det me har til disposisjon.



*Kjersti Mellingen Bruvik
Einingsleiar Samnanger barneskule*

SAMNANGER UNGDOMSSKULE



Samnanger ungdomsskule er ei eiga eining der Solvor Aadland er rektor.

101 elevar og 5 klassar både vår og haust.

13 og 14 lærarar - 12 årsverk + 1 årsverk til adm.og leiing.

Vernepleiar - 80 % stilling. 4 assistentar - 1,6 årsverk (våren) 5 - 3 årsverk(hausten)

3 reinhaldarar - 1,7 årsverk og sekretær i 0,5 stilling.

Måloppnåing.

Elevane skal i alle fag nå kompetansemål i gjeldande læreplan, på ulike nivå, og måloppnåinga viser att i undervegsvurderinga på åttande, niande og tiande trinnet. For tiande er det i tillegg standpunktarakterar og karakterar til skriftleg og munnleg eksamen. I munnleg vart det sist vår faga engelsk, matematikk, samfunnsfag og for første gong spansk. Elevane kom opp i norsk eller matematikk skriftleg. Det var sjølvsagt karakterar av ulike slag, men mange fekk gode karakterar både i standpunkt og til eksamen.

Dei nasjonale prøvane var for andre året også på niandetrinnet i tillegg til åttande, som før var det vanlege. Desse prøvane er tidleg i skuleåret. I lesing i niande var det framgang frå 3,0 i åttande til 3,2, framleis under snittet for denne gruppa. I rekning låg gruppa vår på landsgjennomsnittet. Åttande låg også under snittet i lesing, men over i engelsk og rekning. Med ei elevgruppe på så få elevar som me har, vert det lett svingingar. Me har vore både over og under landsgjennomsnittet. Det er likevel tydeleg at det er rett med auka fokus på leseopplæringa på barnetrinnet. Det vedtekne *Leseløftet* gjeld også for ungdomsskulen. Elevundersøkinga for 10.trinnet på slutten av skuleåret, vitna om god trivsel blant elevane

både ute med kameratane og med lærarane. Snitt 3,9 mot 3,7 i landet. Same talet for elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen. Både innan fagleg rettleiing og fagleg utfordring får skulen høg verdi. I Tilstandsrapporten som mellom anna byggjer på Elevundersøkinga, uttrykkjer pedagogisk konsulent at ungdomsskulen har fagleg fokus med læringstrykk og god trivsel. Mobbing er så å seia fråverande, diskriminering heilt borte. Fysisk læringsmiljø skorar høgt på det meste, toalett og garderober langt over landsgjennomsnittet, medan lærebøker og utstyr er under. Det gjeld også biblioteket.



Elevane sitt skulemiljø Opplæringslova §9-a: *Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, miljø og læring.* Me har tidlegare i samarbeid med elevrådet laga ein handlingsplan for sosial kompetanse ved skulen vår. Definisjonen på sosial kompetanse er ” *Dei kunnskapar, dugleikar, haldningar og den motivasjonen menneske treng for å meistra dei miljøa dei oppheld seg i, eller truleg kjem til å ta kontakt med, samstundes som dei trivst og kan oppretthalda eit positivt sjølvbilet.*” Det er sett opp kompetanseområde med kjenneteikn og tiltak. Like eins førebyggjande arbeid mot uønskt åtferd og reaksjonar og tiltak ved slik åtferd. Punkt frå denne planen er med som læringsmål på arbeidsplanane. Både leiing, lærarar og elevar har i fleire år arbeidd mykje for å få til eit godt klasse- og skulemiljø. Me ser no frukter av dette arbeidet, men det må og seiast at me for tida har svært greie elevar. Kva som er kva er sjølvsagt vanskeleg å vita, det viktige er at me no har ein uvanleg fin ungdomsflokk på ungdomsskulen.

Elevane på åttandedettrinnet får tilbod om å vera med i ei samtalegruppe fire-fem gonger saman med helsesøster og sosiallærar. Alle niandeklassingar har eigne samtalar med helsesøster, og dei på tiande trinnet kan oppsøkje helsesøster den dagen ho er på skulen. *Alle har ei psykisk helse.* Dette er eit tema me arbeider med i klassane.

Kampen mot mobbing vert ført heile tida. Elevsamtalar og utviklingsamtalar, arbeid for eit godt klassemiljø, den sosiale planen vår, trivselsundersøkingar, god inspeksjon inne og ute og utestenging/mobbing som fast tema på fellesmøta, er viktige for å førebyggja og avdekka mobbing. God kontakt med heimane er grunnleggjande. Det er lite mobbing, noko elev- og trivselsundersøkingane også slår fast. Med nulltoleranse for mobbing er eitt tilfelle for mykje.

Fysisk miljø. Skulebygningane har gjennom mange år vore noko opp-pussa og er heldigvis i bra stand. Det fine bassenget vårt er mykje i bruk både på dag- og kveldstid.

Me har hatt kombinert musikkrom, filmrom og bibliotek. Det er det først og fremst biblioteket som har lidd under. I haust rusta me opp biblioteket, hovudsakleg med nye hyller. Med små midlar har me fått eit romslegare og trivelegare bibliotek. Verdfullt samarbeid med den kommunale bibliotekaren.

Stor, fin hall med ny eigenprodusert utsmykking og romsleg kantine med mat og drikke er trivselsfremjande. I tillegg har tiandeklassingar og foreldre fornya eit heilt klasserom. Flott tiltak!

IKT-utstyr. Me har no projektor i nesten alle klasserom slik at me ikkje er avhengige av eitt framsyningsrom. Skulen har mange fleire datamaskiner enn tidleg i 2011. Det treng me for å avvikla skrivedagar, tentamen og eksamen i tillegg til den vanlege kvardagsbruken. I 2011 vart eksamen i norsk og engelsk avvikla berre på data, også eksamenssvara vart leverte på data.



Utviklingsmål - strategiplan.

Hausten 2010 godkjende Oppvekst og omsorg ein ny strategiplan for skulane i Samnanger. Planen inneheld nasjonale og lokale satsingsområde for å gjennomføra Kunnskapsløftet. Ungdomsskulen fekk i oppdrag å laga det som galdt denne skulen spesielt. Utviklingsmåla våre og mykje anna er no kome inn i denne planen som gjeld fram til 2013. Me har særleg fokus på klasseleing og godt skulemiljø.

Måloppnåing

Tilsette og elevar gjer sitt for å nå dei oppsette måla, og mykje vert oppnådd, både fagleg og sosialt. Under punktet trivselstiltak i friminuttar nemner eg: Bokkafe, bruk av ballbinge, gymsal, bandrom og biljardspel, alt på tvers av klassane. Ei lita økt med gym og frukt tidleg på dag er godt for både dei som ikkje har ete eller har ete frukost. Kantina med mat og meieriprodukt, ein viktig trivselsfaktor der elevane lagar mat, et og hjelper til med å selja. Gjennom elevrådet kjem elevane med ynskje om aktivitetar og anna. Alle tilsette var på eit dagkurs om å motivera elevane, Historien om læraren som berre hadde motiverte elevar, arrangert i Øystese saman med Fusa og Tysnes. Eit viktig trivselstiltak, ein annan måte å læra på og ei god utnytting av timane til utdanningsval fann stad i haust då lærarar og elevar på niande trinnet arbeidde med elevbedrifter som munna ut i ei salsmesse i gymsalen. Eigenvurdering er også eit utviklingsmål. Det gjeld i vanlege fag og i det relativt nye faget utdanningsval. Gjennom praktisk opplæring, her kjem arbeidsveka inn, og teoretisk opplæring skal ein læra å kjenna eigne sterke sider og såleis stå betre rusta til å velja rett utdanning

vidare. I tillegg er det hospitering på vidaregåande skular, yrkesmesse og yrkeskveld saman med foreldra.

Trivselstiltak for å fremja læring er eit viktig utviklingsmål for skulen vår, og der noterer me altså høg måloppnåing.

Sykkeltur til Ådland med tur til husmannsplassen Ospekleiva oppfylde både meir fysisk aktivitet og historielæring på ein annan måte enn gjennom læreboka. Lokalhistorie og nasjonalhistorie på ein levande måte. Det gjeld også det flotte opplegget til kaptein Per Storli ved Fossen Bratte i samband med gjennomgåing av 2. verdskrigen. Elevane sykla i ruskever heilt til Dyrhovden der dei fekk vita mykje om småkraftverk av Sigmund Dyrhovden. Elles hadde åttande sykkelstur til Totland og Langeland for å sjå jettegryter.

Utviklingsmåla har eit punkt om fag – og kollegasamarbeid. Me arbeider i team for kvart klassetrinn, har stundom klassemøte og fagmøte og drøftar mål, høvelege arbeidsmåtar og vurderingskriterier. Dessutan er både rektor og nokre faglærarar frå norsk, engelsk og matematikk med i eit nettverk med ungdomsskulane i Fusa, i Samnanger på Tysnes og vidaregåande i Fusa.

Sjukefråværet for lærarar og assistentar var i 2011 berre 3,2%. (2010 – 3,1 2009- 4,7%) Reinholdarane har oppgang frå 8,6% til 14%. Med tre reinholdarar med til saman 1,7 stilling, gjer ein person i 50% sjukemelding over ei tid stort utslag. Totalt for skulen 4,3%.

Økonomi Me heldt oss innanfor dei økonomiske rammene skulen hadde fått tildelt.

Viktige hendingar.

Forutan det som er nemnt under utviklingsmål og måloppnåing, har me takka vera Den kulturelle skulesekken vore med på mange fine opplevingar: Konsertar innan fleire sjangrar, dans, biletkunst og filmkunnskap.

Ei storhending også dette året var restaurantdrifta som mat- og helse- klassane stod for, godt hjalp av lærar og ein del foreldre. Skikkeleg entreprenørskap med planlegging, jobbsøking, gjennomføring, rydding og etterarbeid. Ei god inntektskjelde for skuleturen i tiande som gjekk til Evje. Stor oppslutnad frå bygdefolket på Troll kafe. Dette er noko mange ser fram til! Vidare var elevrådet med hjelp frå elevrådskontakt og klassekontaktar arrangør av det populære nyttårsballet. Elevrådet avgjorde også at me skulle halda fram med ”Jul for andre”, ein arbeidsdag heime eller hjå naboar eller slektningar. Dette året ville elevane gje ei hjelp gjennom Redd barna til dei som svelt i Afrika.

Aktivitetar: Trefjellstur, turar i eige fjell-landskap, også overnattingsturar, skidag, aktivitetsdag i Sætervika i tillegg til vanlege gymtimar og klasseromsgymnastikk.

10. klassingane laga også dette året til ein flott avslutningsfest der dei verkeleg viste at dei kunne mykje innan førebuing og framføring; først og fremst munnleg, men også skriftleg og digitalt.

Dei ulike klassetrinna laga til adventsamling for alle i gymsalen. Nest siste dagen var det julegudsteneste i Hagakyrkja, og nokon var att på skulen og hadde om høgtidsfeiring i andre religionar. Hausthalvåret vart avslutta med risengrynsgraut, juletregang og kos i klassane. Det er god kommunikasjon mellom skulen og heimane. Klasseforeldremøte for alle klassane om hausten og elles etter ønskje frå lærarar eller foreldre Utviklingssamtalar der elevar og foreldre møter kontaktlæraren

haust og vår, klasseforeldremøte og jamlege brev frå kontaktlærarane om klassen og utviklinga til den einskilde eleven. Klassekontaktane deltek i FAU som er foreldra sitt organ og er med på nyttårsballet m.m.. Foreldra har sine fire representantar i skulemiljøutvalet/samarbeidsutvalet som er høgste organet på skulen og har oppe alle viktige saker. Foreldra og elevane har fleirtal i dette rådet der også kommunen og dei tilsette er representerte.

Dette året vart det ikkje rusførebyggjande dag for elevane med stort foreldremøte om kvelden. Den kjem på vårparten i 2012.

Utfordringar i året som er gått.

Stor klasse - delingstimar.

Det store klasserommet i Nybygget er stort nok etter krava for areal og volum. Den lange fasongen er derimot dårleg for å kunna gje god nok undervisning. Elevane sit altfor tett saman for å kunna følgja med på tavla eller ved bruk av projektoren. Har delt klassen berre i nokre få vanlege timar.

Gymnastikksalen er i minste laget for 28 store elevar. Med store klassar vert det mykje stillesitting og venting kvar time når me ikkje har nok delingstimar. Deling i desse timane ville gjeve høve til større aktivitet for elevane. Det er også større sjanse for knuffing i eit trangt miljø. Me måtte ei tid setja inn ekstra vakt. Tidlegare har me hatt fleire timar, såkalla delingstimar, der ein kunne dela klassen i relativt mange timar når det var slike store klassar.

Elevar som treng mykje ekstra oppfølging og/eller ekstra rom.

Me har ein stor og romsleg skule, men med mange elevar som treng ekstra oppfølging og eit eige rom alltid eller av og til, er bygningane svært godt utnytta. Somme dagar har me hatt problem med å finna eit møterom. I tillegg krevst det ekstra kompetanse for å hjelpa nokre elevar. Vanta ei tid nok folk til dette. Er glad for at vernepleiar- ressursen kjem på plass. Krev også mykje møteverksemd og vikarhjelp..

Færre lærarar

Sjølv om me har fleire elevar enn på lenge, er det færre lærarar enn på lenge. Færre delingstimar og større stillingar på dei lærarane som er ved skulen, er grunnen til dette. Det fører med seg auka tid til inspeksjon for lærarane i ein elles travel skuledag. Samstundes er det verre å greia skaffa kvalifiserte vikarar når stillingane er fulle. Dyrare vert det også.

Vanskeleg å få tak i vikar.

Som nemnt ovanfor har det vorte mykje vikararbeid for lærarane. Det er eit gode for elevane som får utdanna lærarar, men over tid fører det til ekstra slitasje. Rektor laut t.d. vera fast vikar i meir enn ein månad for å sikra kvalifisert undervisning for ein klasse. Det var kjekt, men gjekk sjølvstakt ut over anna arbeid.

For få timar til leiing og pedagogisk utvikling.

I delar av året hadde inspektøren redusert stilling. Rektor og inspektør har 100% på deling, no 70-30, for drift av skulen, økonomisk og det daglege, personal-leiing og pedagogisk utviklingsarbeid. Nye krav om dokumentasjon kjem heile tida. Både rektor og inspektør har altfor lange dagar. Inspektøren må få avspasera mykje overtid som såleis gjer situasjonen for rektor endå verre.

Alle skal meistra.

Det er ei stor utfordring å klara å gje kvar einskild elev meistringskjensle i ein altfor teoretisk skule. Me har ein svært flott ungdomsflokk med mange gode evner av ulike slag, ikkje berre teoretiske. Me ser dei, kanskje det aller viktigaste. Så er det karakterane,då. Greier me gje dei tru på seg sjølve, trass i at karakterane ikkje er så gode?

Solvor Aadland

Einingsleiar Samnanger ungdomsskule

KULTUREININGA

Kulturaktivitetar, kulturbasert næring, kulturskule og folkebibliotek. I 2011 var Marit Brendbekken leiar av eininga. Ho slutta i til februar 2012. Årsmeldinga frå eininga vert derfor lagt fram med rapport frå biblioteket og kulturskulen som hovuddokument.

Måloppnåing

Kultureininga sin strategi har vore å kunna arbeida inn i alle område av kulturplanen ved følgjande strategiar:

1. Utvikla prosjekt og søkja midlar for å auka opp ressursane
2. Samordna kulturplanen i tydelegare satsingsområde og gjennomføra prosjekt i tråd med dette
3. Utvikla nye samarbeid - med andre kommunar, på tvers av einingane, og med friviljuge lag og organisasjonar gjennom prosjektorganisering og gjennom partnerskapsavtaler.

Nedanfor følgjer ei oversikt over aktivitetar som har resultert i prosjektmidlar;

Bibliotekprosjekt - "me vil òg vera med", Fritt ord

Folkehelse – partnerskap, folkehelseprosjekt for eldre, folkehelseprosjekt for flyktningar og folkehelseprosjekt for psykisk utviklingshemma.

Ungdomsprosjekt - Aktiv Ungdom, skaterampe, videokamera for ungdom

Bygdeutvikling – Bulyst, Reiselivsprosjekt RUP-midlar ,

Stiprosjekt - merkte stiar HFK,

Kulturelle spaserstokken

Kulturskulemidlar

Kulturminneregistrering Riksantikvaren

Midlar til fleirkulturell satsing HFK

Nye søknader som er sendt til fylkeskommunen;

Rehabilitering Hagabotnane

Friluftsanlegg Gjerdsvika (BOF)

Kulturskulen

I lov av 19.juni 1997 vedtok Stortinget at alle kommunar i Noreg har plikt til å gje eit musikk- og kulturskuletilbod.

Mål i kulturskulen

å gje den enkelte elev best mogeleg høve til å utvikla sine musikalske og kunstnariske evner og anlegg.

å gje ei allmenn og praktisk opplæring i ulike musikk – og kulturuttrykk

å leggja grunnlaget for eit rikt kulturliv i kommunen;

ta vare på gamle lokale musikk / kulturtradisjonar og utvikle nye å hjelpa til å gje bygda eit positivt ungdomsmiljø, ved å skapa grobotn for verdfulle og varige aktivitetar innan musikk og andre kulturuttrykk.

Samnanger kulturskule gjev eit grunnkurs for alle 4. klassingane i



kommunen. Dette er eit samarbeid med grunnskulen der musikktilbodet på skulen blir styrkt med ressurs frå kulturskulen. Rektor er inne med 1 time pr veke.

Kulturskulen sitt hovudansvarsområde er instrumentopplæring for elevar i 3.-10. klasse. Me har nokre søkjarar frå vidaregåande skule. Dei får plass dersom det er timar til det.

Søkjarane kan velja mellom alle typar korpsinstrument, tangentinstrument, strykeinstrument, gitar, trekkspel/toradar og song. Av andre kulturtilbod har me foto/video/multimedia, drama/teater og keramikk. Me set ingen krav til søkjarane ved opptak. Tilbodet gjeld også for dei som treng tilpassa undervisning. Samnanger skulemusikklag organiserer samspelopplæringa for dei som spelar korpsinstrument.

Delmål/måloppnåing

1. Samnanger kulturskule skal vera i utvikling

**utvikla Samnanger skulemusikklag til å bli ein integrert del av Samnanger kulturskule*

Samnanger skulemusikklag er den viktigaste samarbeidsparten vår. Korpset er kulturskulen sitt samspeltilbod for alle som vil spela blåseinstrument og slagverk. Kulturskulen har ansvar for all instrumentopplæring og frå 2010 også for dirigenten. Styret for laget har ansvar for semesterplanlegging, seminar, konsertar, sosial aktivitet og innkjøp og vedlikehald av instrument. Korpset ønskjer å dela elevgruppa i to; ei aspirantgruppe og eit hovudkorps.

**Samnanger kulturskule "hand i hand" med Samnanger barneskule*

Frå hausten 2010 fekk me ein barneskule i Samnanger. Kulturskulen held fram me å bidra til musikkundervisninga, no til alle klassane. Me har fleire kor (det største har over 80 elevar) Kulturskuleelevar spelar i orkesteret. Fellessamlingar er også flott arenaer for elevane. Samnanger barneskule er no vår hovudbase for undervisninga. Før skulen er fullt utbygd, vil det vera svært trangt om plassen.

Prosjektet "Hoppe sa gåsa- danse sa reven" – ballet i vatn, er eit samarbeidsprosjekt med SFO. (Kulturskulen fekk kr 75 000 i utviklingsmidlar) Prosjektperioden er skuleåret 2011/2012. Me vonar å halda fram anten ved å få nye prosjektmidlar eller evt. nytta timar frå tildelt ressurs.

**Samarbeida med grunnskulen om Den kulturelle skulesekken DKS*

DKS er eit statleg satsingsområde med midlar som grunnskulane får (ca 45 000 pr år). Tanken er at alle barn i grunnskulen (og i barnehagen) skal få med seg ulike kulturelle opplevingar den tida dei er på skulen (og i barnehagen). Kulturskulen er ein viktig samarbeidspart i denne satsinga i lag med kulturkontoret som skal samkøyra planane. Utfordringa med DKS vidare er å få til fleire tiltak der elevane sjølve er meir aktive. Kulturskulen søkte og fekk kr 200 000 til prosjektet Oppdrag Kreativ skuleåret 2011/2012. Der ønskjer me å prøva ut modellar for å få kunstnarar inn undervisninga; "Teaching artists".

**Samnanger kulturskule "hand i hand" med andre samarbeidspartar*

Kulturskuleelevene er aktive til å bidra på Samnangerheimen, Dagsenteret og pensjonistlaget. Dette er viktige arenaer for elevframsyningar i trygge omgivingar. (Sjå Viktige hendingar)

Tutti-Frutti-Bandet (kulturskulen sitt Dissimilis-band) øver på Dagsenteret på Samnangerheimen kvar onsdag. To unge bebuarar og to pleiarar er nesten alltid med på øvingane.

2. Kulturplan for Samnanger kommune 2009-2013: Kulturskule for alle?

Auke i ressursane til kulturskulen er blant dei tiltaka som er prioritert. Alt i budsjettet for 2010 fekk me godkjenning for at dirigenten til Samnanger skulemusikklag skal lønast av

kulturskulen. Dette har gjeve korpset eit løft og borna strøymer til Me har eit mål om å gje den yngste gruppa ein timeressurs på 2 timar til eigen dirigent.

“Kulturskule for alle” krev ei opptrapping av timetalet. I første steg ønskjer me timar til dei elevane som går på vidaregåande skule. No er det veldig tilfeldig om dei får plass eller ikkje. Erfaringa tilseier at 5-6 elevar i den aldersgruppa ønskjer å gå vidare. Dette er som regel svært flinke elevar. No må dei velja mellom å halda fram privat eller å slutta.

Ressursbruk

Kulturskulen gjev tilbod til born i alderen 8-16 (17) år. Søkjartalet ligg på 70-80 elevar kvart år. Alle søkjarane fekk plass.

	1.-4.klasse	5.-7.klasse	8.-10.klasse	Vidaregåande/ PU	Totalt
Gutar	7	15	8	2/2	34
Jenter	14	14	10	0/2	40
Totalt	21	29	18	6	74

Nesten alle våre lærarar er utdanna musikkpedagogar. Godt utdanna lærarar er ein føresetnad for å gje den enkelte elev best mogeleg høve til å utvikla sine musikalske og kunstnariske evner og anlegg. Prosenten for frávær blant lærarane er på under 2 %.

Viktige hendingar

Ungdommens Kulturmønstring (UKM); er det største arrangementet me skipar til. UKM blir no arrangert første laurdagen i februar kvart år.

Av ulike andre arrangement kan me nemna:

5 huskonsertar og andre arrangement på Samnangerheimen/ Dagsenteret

Tutti-Frutti-band øver kvar veke på Dagsenteret

Tutti-Frutti-band spelte på PU-klubben i Fusa og Mangfoldfestivalen i Bergen

2 pensjonisttreff/festar på heradshuset

3 familiegudstenester /konsert i kyrkja på Haga, kyrkja på Ådland

1 større prosjekt i samarbeid med Samnanger barneskule og fleire små prosjekt/felles-samlingar på barneskulen

”mini”-konsert på biblioteket i barnebokveka

eigen konsert før sommaren og før jul

deltaking på barneskulen sine avslutningar før sommarferien og før juleferien

eltaking på Barnas Festspilldag i Bergen.

Produserte tenester

	2008	2009	2010	2011
Elevtal	81	73	82	74
Timar til musikk/instrum. underv.	26,5	25,5	27	27,5
Timar til andre kulturuttrykk	3	3,5	2	3,5*
Timar til grunnkurs (4.trinn)	1	1	1	1
Sal timar til lag (korps og pensj.l)	4,5	8,5	9,7	6,5
Sal timar til grunnskulen	5,5	5,5	4,0	4,0
Sal timar til barnehagen	2,0	2,0	2,0	2,0
Totalt timetal inkl sal	42,5	46	45,7	44,5
Maks. elevkontingent	1982	2081	1900	1976

* ”Ballett i vatn” har ein timeressurs på 2 veketimar

Vår kulturskule har eit mål om ope opptak, dvs at alle som søker skal få plass. Staten gjev ingen føringar for kven som skal få tilbod om kulturskuleplass eller kva kommunane skal

krevja i elevpengar. Frå 2010 la me om satsane for elevpengar for å få eit enklare system. (Difor variasjonen i elevpengar). Staten rår til eit tak på max kr 2 000 pr år pr elev.

Utfordring vidare

(henta frå Kulturplan for Samnanger kommune 2009-2013)

å gje eit heilskapleg/samordna tilbod som gjeld for samningar frå dei er fødde til vaksen alder/ alderdom.

Kommentar: Rammetimetalet (til undervisning) må aukast til 40-45 timar pr veke.

å samarbeida med grunnskulen om å gje kulturskuleelevane undervisning i skuletida,

Kommentar: Dette vil kunne sikra at dyktige kulturskulelærarar vil undervisa i vår kulturskule og bli verande lenge.

kommunen/politikarane bør frysa elevkontingenten på max kr 2 000 pr år.

Me har eit ønskje om å starta arbeidet med å kjøpa ein ”musikkbinge”- eit ferdig øvingslokale på 25 m². Staten gjev tilskot til halvparten av kjøpesummen. Det går også an å få tilskot til utstyr. Dette vil me arbeida vidare med saman me kulturkontoret når ny kultursjef er på plass.

Eit undervisningstimal på 34 timar pr veke, set mange grenser for kva tilbod vi kan gå ut med og kva aldersgrupper som kan ta del. Me kan ikkje laga fine målsetjingar om utvida tilbod dersom me ikkje kan få midlar til fleire timar. Det høgste målet må vera at Samnanger kulturskule kan gjelda for alle innbyggjarane, utan omsyn til bakgrunn og alder.



Trommesirkel med Lars Kolstad

Samnanger folkebibliotek

Biblioteket har som oppgåve å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom informasjonsformidling og ved å ha bøker og anna eigna materiell gratis til disposisjon. Biblioteket skal vera ein sosial arena for alle i kommunen. Biblioteket samarbeidar med skule, barnehage, helsestasjon, bufellesskap, dagsenter med fleire. Samnanger er med i eit biblioteksamarbeid med Fusa og Vaksdal.

Mål

Yte gode bibliotektenester. Nå flest mogleg av innbyggjarane i kommunen. Gjennomføra prosjektet ”Me vil òg vera med! saman med biblioteka i Fusa og Vaksdal. Gjennomføra

prosjektet ”Lyrikk for ung og gammal” Gjennomføra tiltak i Leseløftet - leseplan for Samnanger.

Måloppnåing

I 2011 hadde biblioteket 15 arrangement med til saman 515 deltakarar/tilskodarar. Det var eventyrstunder, forfattarbesøk, Årets nye bøker – bokutstilling/bokprat på barne- og ungdomsskulen og ei rekkje arrangement i prosjektet Me vil òg vera med! – formidling for utviklingshemma. www.mevilogveramed.no

”Me vil òg vera med! fekk 150.000.- frå Nasjonalbiblioteket og 56.000.- frå Fylkesbiblioteket i Hordaland. Gjennom prosjektet har utviklingshemma i kommunen fått delteke og opplevd fleire ulike kulturarrangement. Me har hatt det veldig kjekt saman! Sidan biblioteket i Samnanger ikkje er universelt utforma, har me skipa ein fast møteplass med fritidsklubb ein gong i månaden på Fusa folkebibliotek. Fusa og Samnanger har felles fritidsklubb for utviklingshemma.


Samnanger folkebibliotek har fått 50.000 frå Fritt ord til Lyrikkformidling. Vårt prosjekt ”Lyrikk for ung og gammal” byrja hausten 2011 og varer til desember 2012. Hausten 2011 vitja forfattaren Per Olav Kaldestad og musikkaren Annelaug Børsheim.

Biblioteklokala gjer at det er vanskeleg å vera eit bibliotek for alle innbyggjarane i kommunen. For å kompensera dette har me depot rundt om kring i kommunen. I 2011 utvida med tilbodet med å la born og foreldre låna med seg heim bøker frå dei kommunale barnehagane.

Leseløftet – leseplan for Samnanger handlar om fokus på lesing frå fødselen av. Biblioteket jobbar generelt med å formidla litteratur og gjera litteratur tilgjengeleg. Nytt i 2011 var eit samarbeid med Helsestasjonen der bibliotekaren deltar på 1-årssamling og fortel om bøker og lesing. Frå før deler helsestasjonen ut ein boksjekk når born er på 4-årskontroll. Borna kan løysa boksjekken inn i ei bok på biblioteket.

Statistisk resultat

Ved årsskiftet var 1758 bøker, lydbøker, filmar etc. utlånt av samlinga vår på 17769 bøker og andre media. I alt i 2011 hadde me 11424 utlån og 4484 fornyingar. I alt 15908 lån. Det er 12% fleire utlån enn i 2010.




330 personar og 46 institusjonar lånte noko i fjor. Utlånet fordelt på innbyggjartal gjer eit snitt på 6,6 lån per innbyggjar. I 2010 lånte kvar innbyggjar 5,89 bøker og andre media. Berre 6 av

kommunane i Hordaland lånte meir i fjor. Når ein berre ser på utlånet til vaksne, var det berre i 5 kommunar der det blei lånt ut meir.



Både born og vaksne lånte mest skjønnlitteratur. Me låner ut like mykje film som me låner ut faglitteratur. Ettersom me berre har 44 PC-spel, så er det godt gjort at dei står for 2 % av utlånet.

	Faglitteratur	Skjønnlitteratur	Lydbøker	Musikk	Film	Tidsskrift/Magasin	PC-spel	Sum
Barn	531	3168	481	119	1051	0	171	5521
Vaksne	1323	2627	471	83	806	584	9	5903
	1854	5795	952	202	1857	584	180	11424

Opningstid og lokalitet innbyr ikkje til kjempebesøk samanlikna med besøkstala til andre bibliotek. I 2010 hadde me i snitt 1,4 besøk per innbyggjar. Det var berre 4 kommunar i Hordaland som hadde likt eller mindre tal for besøk i 2010. For 2011 har besøket auka frå 3350 til 4197 brukarar av bibliotektenestene. Dette gjer eit snitt på 1,7 per innbyggjar. Gjennomsnittet for Hordaland var 5,12 og for Norge 4,4 i 2010.



Vedlegg



Kommunestyret 2011

Saksnr	Sakstittel
001/11	Faste saker
002/11	Vedta Planprogram for områderegeringsplan med konsekvensutgreiing. Utarbeide prinsipp for arbeidet med reguleringsplan for Bjørkheimsområdet
003/11	Skuleskyss grunnskulen i Samnanger
004/11	Etterbruk av Nordbygda skule - mandat til vidare arbeid med framtidig bruk av skulen
005/11	Framtidig løysing for administrasjonsbygg - mandat for vidare arbeid med saka.
006/11	Evaluering av Samnanger - Os legevakt
007/11	Skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune - alternative løysingar
008/11	Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2008 - 2011
009/11	Overordna samhandlingsavtale barnevern mellom nokre kommunar i Hordaland og Bufetat Region Vest
010/11	Oppretting av stilling i teknisk eining
011/11	Ny samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av sentralidrettsanlegget på Hagabotnane - mellombels løysing for 2011
012/11	Søknad om løyve til sal av øl frå Laga SA
013/11	Faste saker
014/11	Kommunerekneskap 2010
015/11	Årsmelding 2010
016/11	Årsmelding kontrollutvalet 2009-10
017/11	Budsjett 2011 - evt. endring av budsjettet
018/11	Akseptkriterium for overordna ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse)
019/11	Faste saker
020/11	Utbygging ved Samnangerheimen
021/11	Økonomirapportering 2011
022/11	Vurdering av betalingssatsar til støtte-/fritidskontaktar og personar med omsorgsløn
023/11	Endringar på budsjett 2011
024/11	Økonomiplan 2012 - 2015
025/11	Søknad til Hordaland fylkeskommune om oppstart av formell planprosess for Hardangertunnelen
026/11	Eigedomsskatt kraftverk - makstakst
027/11	Sima -Samnanger -forslag til fordeling av kompensasjonsmidlar
028/11	Ny utbygging i Samnangervassdraget - konsesjonssøknad
029/11	Faste saker
030/11	Fastsetjing av planprogram - Kommunedelplan for små vasskraftverk
031/11	Utvida salsareal for alkoholhaldig drikk inntil 4.7 % alkoholvolum for Kiwi Bjørkheim
032/11	Revisjon av kapittel 2 i personalvedtektene - etiske prinsipp

Saksnr	Sakstittel
033/11	Revisjon av personalvedtekter for Samnanger kommune
034/11	Nordisk areal Invest A/S - eideomsfond
035/11	Eigedomsskatt kraftverk - uttale frå Samnanger kommune om fjerning av makstakst på store kraftanlegg
036/11	Samnanger - Os legevakt; evaluering med særleg fokus på økonomi
037/11	Økonomirapportering 2011 pr utgangen av 2. tertial.
038/11	Faste saker
039/11	Kommunestyrevalet og fylkestingvalet 2011 - Godkjenning av valoppgjeret
040/11	Endring i vedtekter for politiske utval - namn på utval og tal medlemmer i utvala.
041/11	Val av Personal- og økonomiutval / Formannskap 2011-2015 (inkl. Administrasjonsutval)
042/11	Val av ordførar 2011 - 2015
043/11	Val av varaordførar 2011-2015
044/11	Val av utsending til Kommunenes sentralforbund
045/11	Val av arbeidsgjevarrepresentantar til arbeidsmiljøutvalet
046/11	Val av kontrollutval for 2011 - 2015 og val av leiar og nestleiar for kontrolutvalet
047/11	Val av utval for oppvekst og omsorg 2011 - 2015. Val av leiar og nestleiar.
048/11	Val av utval for natur 2011 - 2015 og val av leiar og nestleiar i utvalet
049/11	Nedsetjing av arbeidsutval for val av ymse nemnder, råd og utval for kommunestyreperioden 2011-2015
050/11	Faste saker
051/11	KVU E39 Aksdal-Bergen - uttale frå Samnanger
052/11	Evaluering av tenesta med førstehjelpsbil i Samnanger kommune
053/11	Nytt likestraumssamband mellom Norge og Storbritannia - merknader til konsekvensutgreiingsprogram
054/11	Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne.
055/11	Val av overformynderi 2011 - 2015
056/11	Val av eldreråd 2011 - 2015
057/11	Val av nemnder råd og utval 2011-2015
058/11	Sima - Samnanger - retningslinjer for bruk av kompensasjonsmidlar
050/11	Faste saker
051/11	KVU E39 Aksdal-Bergen - uttale frå Samnanger
052/11	Evaluering av tenesta med førstehjelpsbil i Samnanger kommune
053/11	Nytt likestraumssamband mellom Norge og Storbritannia - merknader til konsekvensutgreiingsprogram
054/11	Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne.
055/11	Val av overformynderi 2011 - 2015
056/11	Val av eldreråd 2011 - 2015

Saksnr	Sakstittel
057/11	Val av nemnder råd og utval 2011-2015
058/11	Sima - Samnanger - retningslinjer for bruk av kompensasjonsmidlar
59/11	Faste saker
060/11	Kommunale avgifter 2012 - oppmåling, byggjesak, deling m.m.
061/11	Kommunale avgifter 2012
062/11	KOMMUNALE AVGIFTER 2012 - husleige kommunale bygg
063/11	Kommunale avgifter 2012 - vass- , kloakk- og slamavgift
064/11	KOMMUNALE AVGIFTER 2012 - for tenester innan pleie- og omsorg, barnehage, SFO, kultur, kyrkja
065/11	KOMMUNALE AVGIFTER 2012 - fastsetjing av gebyr for feiing og tilsyn
066/11	Renovasjonsavgift 2012
067/11	Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2012
068/11	Budsjett 2012
069/11	Økonomiplan 2012 - 2015 - justeringar
070/11	Kommunedelplan for Kystsona i Samnanger
071/11	Administrasjonsutvalet - auke i talet på medlemmer
072/11	Val av nemnder råd og utval 2011-2015 - utpeiking av råd for personar med nedsett funksjonsevne
073/11	Suppleringsval overformynderiet - 2011 - 2015
074/11	Spelemidlar - Samnanger kommune sine prioriteringar for 2012
075/11	Prioritering av overskotsmassar
076/11	Forlenging av frist etter Matrikkelforskrifta § 66

Personal- og økonomiutvalet

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Faste saker
002/11	Skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune - alternative løysingar
003/11	Finansiering av meirforbruk i prosjekt i investeringsrekneskapen 2010
004/11	Etterbruk av Nordbygda skule - mandat til vidare arbeid med framtidig bruk av skulen
005/11	Framtidig løysing for administrasjonsbygg - mandat for vidare arbeid med saka.
006/11	Overordna samhandlingsavtale barnevern mellom nokre kommunar i Hordaland og Bufetat Region Vest
007/11	Søknad om tilskot frå næringsfondet i samband med oppstart av ny verksemd
008/11	Klage på sakshandsamingsgebyr - bygging av veg gnr. 31 bnr 52
009/11	Tilleggsløyving 2011 - kjøp av utstyr til vintervedlikehald
010/11	Tilknytning til kommunalt vatn for gnr 18 bnr 148 og 149 Reistad – søknad om redusert avgift
011/11	Faste saker
012/11	Tilleggsløyving pleie- og omsorgstenestene
013/11	Kommunerekneskap 2010
014/11	Årsmelding 2010
015/11	Tilknytning til kommunalt vatn for gnr 18, bnr 148 og 149 Reistad - fritak for betaling av avgift - klage på vedtak
016/11	Verdibrev til bustadetablering - søknad om innløyasing av verdibrev etter fyllte 35 år
017/11	Tilskot frå Næringsfondet - Jan Gunnar Vaage
018/11	Tilskot frå Næringsfondet - Rolvsvågen Auto AS
019/11	Tilskot frå Næringsfondet - Webstyle Paul Torvund
020/11	Tilskot frå Næringsfondet - Miriam H Haga
021/11	Søknad frå Aldal friluftsløysing v/ Annette Hovland om kommunalt tilskot (subsidiert) av friluftsløysinga 2011
022/11	Ytre Tysse - realisering av reguleringplan og miljøgateprosjektet.
023/11	Tilskot frå Næringsfondet til Samnanger Næringsforum - rekneskapskurs
024/11	Faste saker
025/11	Økonomirapportering 2011
026/11	Endringar på budsjett 2011
027/11	Vurdering av betalingssatsar til støtte-/fritidskontaktar og personar med omsorgsløn
028/11	Økonomiplan 2012 - 2015
029/11	Konsesjonssøknad for ny utbygging i Samnangervassdraget og Aldalselva
030/11	Søknad til Hordaland fylkeskommune om oppstart av formell planprosess for Hardangertunnelen
031/11	Faste saker

Sak nr.	Sakstittel
032/11	Tileigning av tilleggsareal i samband med utbygging Samnangerheimen
033/11	Faste saker
034/11	Tileigning av tilleggsareal i samband med utbygging Samnangerheimen
035/11	Nordisk areal Invest A/S - egedomsfond
036/11	Samnanger - Os legevakt evaluering med særleg fokus på økonomi
037/11	Faste saker
038/11	Økonomirapportering 2011 pr utgangen av 2. tertial.

Formannskapet

Sak nr.	Sakstittel
039/11	Faste saker
040/11	Innføring av digitale løysingar for folkevalde i Samnanger
041/11	KVU E39 Akسدal-Bergen - uttale frå Samnanger
042/11	Ansvars- og oppgåvefordeling mellom kyrkja og kommunen
043/11	Evaluering av tenesta med førstehjelpsbil i Samnanger kommune
044/11	Faste saker
045/11	Vassforsyning Totland / Frøland
046/11	Kommunale avgifter 2012 - oppmåling, byggjesak, deling m.m.
047/11	Budsjett 2012
048/11	Økonomiplan 2012 - 2015 - justeringar
049/11	Likeverdig handsaming av kommunale og ikkje kommunale barnehagar - tilskot
050/11	KOMMUNALE AVGIFTER 2012 - husleige kommunale bygg
051/11	Kommunale avgifter 2012 - vass- , kloakk- og slamavgift
052/11	KOMMUNALE AVGIFTER 2012 - for tenester innan pleie- og omsorg, barnehage, SFO, kultur, kyrkja
053/11	KOMMUNALE AVGIFTER 2012 - fastsetjing av gebyr for feing og tilsyn
054/11	Renovasjonsavgift 2012
055/11	Lønnsfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann 2011
056/11	Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2012
057/11	Faste saker
058/11	Tilskot frå næringsfondet - Ines Hudpleieklinikk
059/11	Tilkomsten til Economusee Fjordtønna på Tysse
060/11	Prioritering av overskotsmassar
061/11	Kommunale avgifter 2012

Naturutvalet

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Kommunedelplan - Kystsonoplan - Høringsutkast
002/11	Faste saker
003/11	Vedta Planprogram for områdereguleringsplan med konsekvensutgreiing. Utarbeide prinsipp for arbeidet med reguleringsplan for Bjørkheimsområdet
004/11	Kommunedelplan for kystsona - Saksframlegg - Høyring
005/11	Kommuneplan for små vasskraftanlegg - avklaring av omfang og organisering
006/11	Søknad om løyve til tiltak, rammeavtale gnr.18, bnr.196 KIWI Bjørkheim
007/11	Byggjesak - naust og utviding av veranda m/takoverbygg gnr 25, bnr 157
008/11	Byggjesak tilbygg/forlenging av fritidsbustad samt tilrettelegging av p-plass gnr 34, bnr 40 Eikedal
009/11	Byggjesak - veg, snuplass gnr 27, bnr 6 Indre Tysse
010/11	Byggjesak parkeringsplass gnr 19, bnr 1
011/11	Pir/molo på gnr.25 bnr.11 Steinsland
012/11	Flytebryggje gnr 25, bnr 148 Molo i Steinsland - ny handsaming etter reguleringsplan
013/11	Tilknytning til kommunalt vatn for gnr 18, bnr 148 og 149 Reistad
014/11	Oppstart av planprogram for kommunedelplan for fysisk aktivitet idrett og friluftsliv i Samnanger
015/11	Faste saker
016/11	Akseptkriterium for overordna ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse)
017/11	Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2011-2020 - melding om oppstart og utlegging til offentleg ettersyn
018/11	Byggjesak g.nr. 34, bnr. 268
019/11	Byggesak veg gbnr 5/ 43 Trengereidfjorden
020/11	Byggesak, fritidsbolig Gnr.4 bnr.17
021/11	Delingssak Gnr 48 bnr 1 Utskot
022/11	Delingssak gnr 31, bnr 6 P-plass Grønsdal
023/11	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 28, bnr 4
024/11	Flytebryggje gnr 25, bnr 148 Steinsland
025/11	Pir/molo på gnr.25 bnr.11 Steinsland
026/11	Faste saker
027/11	Plan for småkraftutbygging i Samnanger - godkjenning av planprogram
028/11	Kommunedelplan for kystsona - Handsaming av høyringsuttalar
029/11	Standard for vintervedlikehald på kommunale vegar
030/11	Vedtak Planprogram for Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
031/11	Konsesjon landbruk, gnr. 34, br.nr. 7, 191, 193 Eikedal

Sak nr.	Sakstittel
032/11	Delingssak Gnr 48 bnr 1 Utskot
033/11	Avklaring av vedtak - naust Gnr 23, br.nr 43
034/11	Dispensasjonssak: Naust. Gbnr.3/20
035/11	Dispensasjonssak: Flytebrygge gnr 23, bnr 42
036/11	Dispensasjonssak: Tilbygg til eksisterande bustad. Gbnr.43/128 Ytre Tysse
037/11	Dispensasjonssak: Nybygg Gbnr. 43/68 Ytre Tysse
038/11	Dispensasjonssak: Bruksendring. Gbnr.21/25 frå fritidsbustad til fast bustad.
039/11	Delingssak g.nr. 37, br. 3 Haug
040/11	Delingssak gnr 29, bnr 1
041/11	Delingssak, gnr 43, bnr 68 Ytre Tysse
042/11	Samnanger kommune som miljøfyrtårnkommune
043/11	Faste saker
044/11	Delingssak gnr 29, bnr 1
045/11	Standard for vintervedlikehald på kommunale vegar
046/11	Kommuneplan - Strand / Kystsoneplan
047/11	Byggjesak veg, snuplass gnr 27, bnr 6
048/11	Forsøpling - varsel om bøtlegging
049/11	Faste saker
050/11	Delingssak gnr. 24 bnr 95
051/11	Delingssak gnr 31, bnr 6 - klage på vedtak om deling til parkeringsareal
052/11	Delingssøknad - GNR 18 BNR 171
053/11	Delingssak gnr 24 bnr 145
054/11	Bygging av veg med parkeringsplass Gnr.34, Bnr.7
055/11	Dispensasjonssak. Bustadhus gnr 24, brnr 294 - Lønnebakken
056/11	Dispensasjonssak. Hytte Gnr 5/56. Samnanger kommune.
057/11	Tilbygg til naust Gnr 3 bnr 61. Samnanger kommune
058/11	Presisering av vedtak knytt til bruk av naust gnr 44, bnr. 67
059/11	Opprydding av masser etter kraftutbygging gbnr 34/5
060/11	Fastsetjing av planprogram - Kommunedelplan for små vasskraftverk
061/11	Kystsoneplan - Resultat av mekling med Fylkesmannen og NVE
062/11	Faste saker
063/11	Kystsoneplan - Resultat av mekling med fylkesmannen og NVE - Utlegging til andre gongs høyring
064/11	Faste saker
065/11	Søknad om bruksendring av naust
Sak nr.	Sakstittel

Sak nr.	Sakstittel
066/11	Nytt likestraumssamband mellom Norge og Storbritannia - merknader til konsekvensutgreiingsprogram
067/11	Oppstart av detaljreguleringsplan for bustad Gnr.9 Bnr. 2
068/11	Detaljreguleringsplan for bustader ovanfor Bjørkheim Gnr 18 Bnr 33
069/11	Dispensasjonssak tilbygg til naust med samla areal på 96m2. Gbnr.3/ 61
070/11	Klagesak: dispensasjon for oppføring av naust på gbnr. 3/20. Samnanger kommune.
071/11	Dispensasjonssak. Installasjon av vassklosett i fritidsbustad Gbnr. 35/46
072/11	Dispensasjonssak. Påbygg terrasse Gbnr. 26/84
073/11	Delingssak gbnr 24/39 - Gjerde
074/11	Faste saker
075/11	Utlekking - 1. gang offentleg ettersyn - Områdeplan for Bjørkheimsområdet
076/11	Kommunedelplan for Kystsona i Samnanger
077/11	Igongsetting av Kommunedelplan for Eikedalen
078/11	Avvising av klage. Ballbinge. Gjerde. Gbnr. 24/190
079/11	Delingssak Gbnr 32 /3 - Kvitingen
080/11	Delingssak - hytte Norsk Turistforr. - gnr 32, bnr 1
081/11	Arealoverføring til offentleg veggrunn, fv 134

Administrasjonsutvalet

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Faste saker
002/11	Forslag om endring av lønsmål i lønspolitisk plan
003/11	Revisjon av personalvedtekter
004/11	Påskjøning og heidersgåver - fastsetjing av tenestetid
005/11	Faste saker
006/11	Revisjon av kapittel 2 i personalvedtektene - etiske prinsipp
007/11	Revisjon av personalvedtekter for Samnanger kommune
008/11	Revisjon av lønsmål i pkt. 7.3.3 i lønspolitisk plan
009/11	Faste saker
010/11	Administrasjonsutvalet – ansvarsområde og oppgåver

Utval for Oppvekst og omsorg

Sak nr.	Sakstittel
001/11	Faste saker
002/11	Skuleskyss grunnskulen i Samnanger
003/11	Mellombels sjukeheim i utbyggingsperioden - mandat til gjennomføring
004/11	Etablering av prosjekt for førebyggjande folkehelsearbeid i Samnanger
005/11	Ny samarbeidsavtale om drift og vedlikehald av sentralidrettsanlegget på Hagabotnane - mellombels løysing for 2011
006/11	Søknad om løyve til sal av øl frå Laga SA
007/11	Faste saker
008/11	Kulturmidlar og kulturstipend 2011
009/11	Faste saker
010/11	Klage på vedtak i pleie og omsorg
011/11	Utbygging ved Samnangerheimen
012/11	Samhandlingsreform - organisering av arbeidet med gjennomføring i Samnanger kommune
013/11	Tenestetilbodet i pleie og omsorg
014/11	Tilstandsrapport for opplæringa i grunnskulen
015/11	Strategi for skulane i Samnanger 2010-2013
016/11	Leseløftet - leseplan for Samnanger
017/11	Manifest mot mobbig 2011-2014
018/11	Kulturprisen 2010/2011
019/11	Tv-aksjonen 2011
020/11	Faste saker
021/11	Namnesak i Samnanger kommune
022/11	Utvida salsareal for alkoholhaldig drykk inntil 4.7 % alkoholvolum for Kiwi Bjørkheim
023/11	Faste saker
024/11	Faste saker
025/11	Plan for folkehelsearbeid i Samnanger kommune
026/11	Handlingsplan mot mobbing